

Kvinneleg entreprenørskap i Ålesund i perioden 1865 til 1920.

Ein studie av kvinnelege næringsdrivande si stilling i næringslivet og samfunnet elles, med Ålesund som utgangspunkt.

STINE STENNES HOVDENAKK

RETTLEIAR

Knut Dørum

Universitetet i Agder, 2020

Fakultet for humaniora og pedagogikk

Institutt for religion, filosofi og historie





UiA Universitetet
i Agder



Føreord

Då eg skulle velje ut kva eg ville at dette masterprosjektet skulle dreie seg rundt, var eg raskt klar på at kjønns historie både var eit felt som eg engasjerte meg sterkt for og eit felt som trong meir dekning i historiografien. Å velje Ålesund var òg nokså naturleg som fødd stolt Sunnmøring. Men det var eit brennande behov for å synleggjere ei heil gruppe av innbyggjarar som sjeldan til aldri har kome fram i tidlegare skriving om Ålesund som tok avgjerda for meg.

Fyrst av alt må eg få takke min høgt vyrda rettleiar gjennom heile denne uuthaldeleg spanande tida, Knut Dørum. Utan dine svært gode råd, både i tide og utide, hadde ikkje denne oppgåva vore her i dag. Tusen takk for at du hadde trua nok for meg då eg trong det som mest. Eg vil òg nytte høve til å takke for all hjelp eg fekk frå «Gunnar på arkivet» ved Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal, som viste veg då eg i startfasen av dette prosjektet stod utan noko kart i det heile. I tillegg vil eg takke Gunnar Ellingsen som kom med nokre viktige innspel i midtdelen av prosjektet. Dei var til stor hjelp då eg plutselig var den fyrste i området som har valt å undersøkje denne typen aktivitet i Ålesund.

Til mi kjære familie og vener:

Ingen kunne ha gjeve meg betre støtte, oppmuntring, gode ord og store mengder med humor enn de saman har gjeve meg i løpet av dette rare året. Håpet er at det er ein litt klokare og mindre travelt opptatt person som kjem ut av hiet sitt mot slutten av denne svært spesielle våren. Og til slutt: Dette arbeidet hadde aldri starta, eksistert eller vorte ferdigstilt utan deg, min kjæraste Endre.

Til slutt vil eg takke alle dei som hjelpte meg med korrektur i slutfasen av prosjektet. Alle eventuelle feil er mine egne.

Ørsta, mai 2020

Stine Stennes Hovdenakk

Innhold

Føreord	3
Innleiing.....	6
<i>Innleiing.....</i>	6
<i>Problemstilling.....</i>	7
<i>Avgrensing.....</i>	7
<i>Teoretiske omgrep.....</i>	9
<i>Forskingssituasjon.....</i>	12
<i>Kjelder og metode.....</i>	13
<i>Oppgåva si oppbygging.....</i>	23
Kapittel 1: Generelle forhold for kvinnelege entreprenørskap i Ålesund 1865 til 1920	24
<i>Innleiing.....</i>	24
<i>Forholdet mellom «entreprenør» og «sjølvstendig næringsdrivande».....</i>	24
<i>Talforhold mannleg - kvinneleg deltaking i næringslivet i Ålesund.....</i>	30
<i>Type verksemd dei kvinnelege entreprenørane deltok i næringslivet med.....</i>	33
Kapittel 2: Sivilstatus som faktor for kvinneleg entreprenørskap	37
<i>Innleiing.....</i>	37
<i>Bakgrunn.....</i>	37
<i>Endringar i familiestrukturane som årsak.....</i>	39
<i>Sivilstatus og arbeid utanfor heimen generelt.....</i>	41
<i>Kvinnelege entreprenørar i Ålesund fordelt etter sivilstand.....</i>	44
Kapittel 3: Geografisk og sosioøkonomisk bakgrunn som faktor for kvinneleg entreprenørskap	48
<i>Innleiing.....</i>	48
<i>Bakgrunn.....</i>	48
<i>Geografisk opphav som faktor.....</i>	51
<i>Sosioøkonomisk bakgrunn som faktor.....</i>	55
Kapittel 4: Årsaksforhold rundt kvinneleg entreprenørskap i Ålesund	61
<i>Innleiing.....</i>	61
<i>Endringar i lovgjeving som årsak – og symptom?.....</i>	61
<i>Endringar i næringsstilhøva som årsak.....</i>	64
<i>Demografiske endringar som årsak.....</i>	71
<i>Kjønnsrollemønster som årsak.....</i>	73
Kapittel 5: Verknadar av kvinneleg entreprenørskap i Ålesund.....	77
<i>Innleiing.....</i>	77
<i>Endring i lovgjeving som verknad.....</i>	77
<i>Haldningar til kvinner i avisene.....</i>	79
<i>Verknadar på kjønnsrollemønsteret.....</i>	87

Konklusjon	95
<i>Innleiing</i>	95
<i>Utviklingstrekk for kvinneleg entreprenørskap i Ålesund 1865 til 1920</i>	95
<i>Kvinneleg entreprenørskap – endring eller kontinuitet for kjønnsroller?</i>	98
Vedlegg	100
<i>Mindre diagram og tabellar</i>	100
<i>Hovudtabell med alle kvinnelege entreprenørar i Ålesund perioden 1865 til 1920</i>	103
Kjelde- og litteraturliste	138
<i>Kjelder</i>	138
<i>Sekundærlitteratur</i>	144

Innleiing

Innleiing

Tal frå vår eiga samtid viser at kvinner generelt er underrepresenterte innanfor næringslivet, særleg når det kjem til deltaking i næringsliv som inneber ein viss grad av risiko, slik som entreprenørskap.¹ I kommersielle og ideelle samanhengar er kvinneleg entreprenørskap nytta som eit verkemiddel og framheva i dagens norske samfunn. DNB sin kampanje «#huninvesterer» frå 2019 og 2020 byggjer særleg på denne kjønnsforskjellen i norsk næringsliv.² Innovasjon Noreg har igjennom mange år hatt konkurransen «Årets gründerkvinne»³ gåande for å oppmuntre til at kvinner kan endre denne statistikken.

Dette temaet er særleg interessant i forhold til vår eiga fortid sin statistikk over tal på entreprenørar fordelt etter kjønn. For trass i at kvinner i følgje Eirinn Larsen utgjorde éin fjerdedel av sjølvstendig næringsdrivande, samt éin tredjedel av eigarane av norsk detaljhandel i dei norske byane i år 1900, har historiografien rundt næringslivet i Noreg i perioden 1865 til 1920 i påfallande grad hatt mangelfull dekning av kvinneleg entreprenørskap.⁴ Då Odd Vollan skreiv boka *Aalesunds Handelsforening 1847-1947* i 1949, var det svært få spor av kvinnelege sjølvstendig næringsdrivande.⁵

Dette står i kontrast til det faktum at det i folketeljningane frå Ålesund i dette tidsrommet totalt er registrert mellom 98 og 316 kvinner som fell under denne kategorien som deltakarar i næringslivet.⁶ Etter at handelslovene og -løyva gjennomgjekk ei gradvis opning frå 1840 og utover mot år 1900 for kvinneleg forretningsdrift, ser ein eit drastisk oppsving i talet på kvinner som fekk handelsløyva. Eirinn Larsen har vist til at kvinner i åra rundt 1890 til år 1900 stod for meir enn 50 % av dei nye handelsløyva som vart gitt i perioden.⁷ Dermed er det viktig å få tetta desse hola, sidan dei utgjer ein så stor del av vår moglegheit til å forstå kjønnsrollemønster og -endring, samt kvinneemansipasjonen i byrjinga av 1900-talet.

Vidare har òg Synnøve Finden nytta kvinneleg entreprenørskap som verkemiddel og som ein del av si marknadsføring i 2020, der dei hevdar at «gründerdrøm var motstrøms for kvinner på den tiden» då Synnøve Finden sjølv ville etablere seg som meierske.⁸ Denne påstanden er det verdt å problematisere, noko denne oppgåva vil kome med eit bidrag til. For

¹ Etablere i næringslivet, 2019.

² DNB, u.å.

³ Innovasjon Norge, 2014.

⁴ Statistisk Sentralbyrå, 1900, s. 151-152.

⁵ Vollan, 1949.

⁶ Statistisk Sentralbyrå, 1876, s. 275; 1891, s. 310-319; 1900, s. 270; 1920, s. 194-195.

⁷ Larsen, 2014.

⁸ Synnøve Finden : 0:06.

sjølv om situasjonen i vår eiga samtid ikkje vil få plass innanfor rammene for denne oppgåva, er det likevel interessant å sjå på seint 1800- og tidleg 1900-talet sin statistikk over kjønna si deltaking i næringslivet som eit perspektiv å sjå vår tid si samfunnsutvikling.

Problemstilling

I denne oppgåva vil eg med vår eiga samtid som bakgrunn ta føre meg kvinneleg entreprenørskap i Ålesund by i perioden 1865 til 1920, med fokus på korleis kjønnsrollene i samfunnet har vorte påverka av og i seg sjølv har påverka denne forma for kvinneleg deltaking i næringslivet. Mi problemstilling vil difor vere å sjå på kva desse kvinnene gjorde som kan karakteriserast som entreprenørskap, kor desse kvinnene kom frå (geografisk, økonomisk og sosialt), korleis samfunnet såg på dei, korleis kvinneleg entreprenørskap endra kvinnene sine roller i yrkeslivet, samfunnet og det offentlege livet generelt.

Om Der kjeldene gjer det mogleg vil eg forsøkje å svare på det meir overordna spørsmålet korleis kjønnsrollene i samfunnet har vorte påverka, og i seg sjølv har påverka, denne forma for kvinneleg deltaking i næringslivet. Eg vil med denne vinklinga kome med eit bidrag til å dekkje nokre av hola som har vore etterletne av historikarar før meg, både ved å studere situasjonen i eit anna geografisk område enn det tidlegare har vore gjort, samt å setje meg føre ei problemstilling som fokuserer på korleis kjønnsrollene vart prega av den kvinnelege entreprenørskapen i perioden.

Eg vil søkje å sjå på samfunnet, kvinnes og mennenes syn på dei kvinnelege entreprenørane. Dette ser ein særleg i form kva som vart skrive i avisene om desse kvinnene, og ikkje minst kva som ikkje vart skrive om dei og bedriftene deira i avisene. Eit viktig spørsmål å stille seg for å få ei nyansering av problemstillinga er om desse verksemdene i realiteten berre utgjorde ei forlenging av husmorrolla til offentlegheita, eller om desse entreprenørane var sjølvgjorde og sjølvbevisste kvinner. Var hindringane færre og lågare for kvinner som ville drive sjølvstendige bedrifter med typiske «husmor-geskjeftar», enn for dei som gjekk inn i mannsdominerte arbeidsområder? Korleis vart dette framstilt i media?

Avgrensing

I all hovudsak vil denne oppgåva undersøkje, analysere og drøfte utviklinga for kvinnelege entreprenørskap i byen Ålesund i perioden 1865 til 1920. Kvinneleg entreprenørskap og -entreprenørar vil vere hovudfokus, men vil ved nokre høve verte sett i samheng med den større yrkeskategorien «sjølvstendig næringsdrivande» for å kunne sjå entreprenørskap i eit

breiare perspektiv. Difor vil historisk statistikk over sjølvstendig næringsdrivande verte nytta for å kunne seie noko i forhold til kva plass kvinnelege entreprenørar hadde i næringslivet. Kvinnene som utgjer grunnlaget for denne oppgåva sin statistikk vil vere entreprenørar etter den nedanfor fastsette definisjonen av dette omgrepet, og dermed ikkje innebere dei som utelukkande fell innanfor kategorien kvinnelege sjølvstendig næringsdrivande.

Avgrønsinga til byen Ålesund på Sunnmøre som fokusområde for eit slikt punktstudie er gjort på bakgrunn av Ålesund sine kvalitetar som relativ ung og liten by i byrjinga av perioden, med varierende sosial og geografisk bakgrunn frå den store innvandringa til byen igjennom perioden. Den store variasjonen i sosial, økonomisk og geografisk bakgrunn for befolkninga i Ålesund gjer det særleg interessant i forhold til å sjå på korleis variasjonar innanfor desse tre faktorane verkar inn på kvinneleg entreprenørskap som felt.

I tillegg hadde Ålesund i denne perioden fleire likskapstrekk med Bodø by, slik som fiske som næringsgrunnlag, sosioøkonomiske forhold, topografi og til dels demografi i starten av perioden.⁹ Denne relative likskapen er svært fordelaktig sidan det finnast tidlegare forskning på kvinneleg entreprenørskap i Bodø. Dermed kan ein nytte ein komparativ metode for å trekkje ut kva som er spesielt med Ålesund og Bodø sine situasjonar, og kva som kan ha vore universelle trekk og mekanismar som verka inn på kvinneleg entreprenørskap i det norske samfunnet generelt.

Perioden 1865 til 1920 er valt då det i løpet av desse 55 år kom til fleire store endringar, både i form av ei urbanisering i og rundt Ålesund, og i rettslege forhold for kvinner. Året 1865 utgjer ein god tidsmessig avstand frå danninga av byen i 1848, slik at ein kan sjå ei utvikling som ikkje er prega av å kome heilt nede frå startgropa. I tillegg fekk ugifte kvinner over 25 år, samt enker og skilde kvinner, myndigheit to år før dette året, og kvinner fekk utvida handverksrett eitt år etter 1865. Dermed markerer dette korte tidsrommet eit startskot og opning av dører der både ugifte, enker eller skilde kvinner fekk rettsleg moglegheit til å drive handel og handverk profesjonelt, med fleire opningar og endringar i lovgjevinga framover i løpet av perioden.

Ved å setje året 1920 som siste år som vert undersøkt og analysert får ein sett ein effekt av desse endringane i både samfunnsstruktur og lovgjeving, slik som eit nærmast mykje meir marknadsstyrt næringsliv, innføringa av allmenn stemmerett og utviding av økonomiske rettar for ein større del av befolkninga. Samstundes unngår ein å stogge undersøkinga midt i eit

⁹ Aas, 2015.

tidsrom prega av særleg unntakstilstand eller ei kriserammas tid, slik som under fyrste verdskrigen eller under dei økonomiske kriseåra på 1920- og 1930-talet.

Teoretiske omgrep

«Entreprenørskap» og «entreprenør» som omgrep

Ei klar og samhörig tyding bak omgrepet «entreprenør» er og har vore komplisert og omstridt. Dette gjeld særleg i motsetnad til tydinga bak omgrepet «sjølvstendig næringsdrivande», som ved ordlyden viser til personar som driv sjølvstendig innanfor næringslivet, og som med dette står i motsetnad til nokon som får løn frå andre.¹⁰ 1800-talsøkonomane Jean-Baptiste Say og Richard Cantillon nytta seg tidleg, og byrja å definere, «entreprenør» som omgrep. Deira måte å nytte og sjå dette omgrepet på vil dermed vere svært relevante for å komme nærmare det 19. hundreåret sin definisjon av desse omgrepa, sidan dei definerte omgrepet utifrå si eiga samtid.¹¹ For både Say og Cantillon er «entreprenøren» ein enkeltaktør som står for kapitalen ved danninga av ei verksemd, og dermed den personen som står for størst risiko. Dermed ligg deira definisjon nærmast det tyske omgrepet «gründer», som kom til under oppbyggingstida av det tyske riket på 1800-talet.¹²

I vår eiga samtid er kjønnsfordeling innanfor etableringar i næringslivet ved fleire anledningar sett i samheng med nettopp risiko. Blant andre Renate Schubert, med støtte i eit fleirtal av anna forskning på kjønn og risiko, fann gjennom sitt studie at kvinner i dagens samfunn var meir pessimistiske rundt økonomisk vinning og tok val som var mindre prega av høg risiko enn menn.¹³ Spørsmålet er vidare om denne same tendensen for kvinner og menn kan overførast som like gjeldande frå 2000-talet si samfunnsordning til eit samfunn som ligg over hundre år bak dette i tid? Eirinn Larsen og økonomihistorikar Lars Fredrik Øksendal refererer i sin artikkel «De glemte kvinnevalgene» til korleis kvinner sitt forhold til risiko vart sett i lovgjevarane sine auger. Dei oppmoda verken andre handelsborgarar eller bankar til å føle på ei forplikting til å hjelpe kvinnelege entreprenørar, då kvinner ifølgje dei var meir redde for risiko enn mannlege entreprenørar. Her er det vanskeleg å seie om dette inntrykket faktisk hadde rot i verkelegheita og dei kvinnelege entreprenørane faktisk var mindre ivrige etter å danne verksemdar som var prega av stor grad av risiko, eller om dette inntrykket berre var ei feiltolkning av situasjonen.

¹⁰ «Næringsdrivande», u.å.

¹¹ Cantillon, 1755/2015; Say, 1821/2000.

¹² Jansen, 2011.

¹³ Schubert, 2006.

Tidleg 1900-tals-økonomen Joseph A. Schumpeter ser ein entreprenør som ein individuell person som skapar noko nytt, i form av til dømes nye kombinasjonar som omdannar eldre idear, produkt eller system, eller utviklar heilt nye idear, produkt eller system.¹⁴ Dermed legg han seg på ei lik linje som Say og Cantillon gjorde før han, men vektlegginga av innovasjon har ein annan styrke hjå Schumpeter enn hans føregangsmenn. Ved sitt arbeide nytta han ein mykje smalare definisjon enn Say og Cantillon, som ikkje la vekt på entreprenøren som innovatør. På sitt aller strengaste og smalaste meinte Schumpeter at ein person berre var ein «entreprenør» i eit avgrensa tidsrom der han/ho danna noko heilt nytt, for så å opphøyra som entreprenør. Han såg desse aktørane avgjerande for økonomisk vekst og endring for samfunnsøkonomien, noko blant andre Cantillon òg peika på innanfor samfunnsutviklinga i hans eiga samtid.

Schumpeter sitt syn på entreprenørar vert derimot ein for snever definisjon, då det å evaluere om noko var «heilt nytt» er ei nærmast umogleg oppgåve med for mykje rom for tolkning. Dette både fordi kva som er «nytt» inneber altfor store variasjonar og slingringsmonn, i tillegg til at kjeldetilhøva for å kunne sjå om kvar enkelt verksemd var ulike for alle andre ikkje er gode nok til å nyttast. Men Say, Cantillon og til dels Schumpeter sitt trykk på entreprenøren som ein risiko- og initiativtakar er i samband med denne oppgåva sine rammer heilt avgjerande. På denne måten kan ein skilje desse personane som individ som tek sjansar og viser eit pågangsmot, då det å sjølv danne ei verksemd inneber eit eventuelt økonomisk og sosialt nederlag for entreprenøren.

Då historikar Alison C. Kay skreiv *The Foundation of Female Entrepreneurship* i 2009 kom ho med eit innblikk til korleis «entreprenørskap» og «entreprenør» kunne nyttast i arbeid med avgrensa studie som omhandla 1800-talet sin samfunnsøkonomi.¹⁵ Kay valde å undersøkje «kvinneleg entreprenørskap» i London i perioden 1800 til 1870, der ho utifrå drøftinga ovanfor nytta ein definisjon av omgrepet «entreprenør» utifrå Say og Cantillon sine syn. Kay stilte seg òg sterkt kritisk til Schumpeter sine kriterium. Ifølgje Schumpeter sin definisjon kunne ikkje dei kvinnene Kay studerte sjåast som entreprenørar, då dei ikkje påverkar økonomien i stor nok grad. Kay var kanskje særleg oppteken av det problematiske i å nytte Schumpeter sin definisjon når det kjem til nydanning av verksemder, då ho såg desse kvinnene som entreprenørske i seg sjølve ved at dei bryt med normene som kvinnelege deltakarar i eit elles mannsdominert næringsliv i London på det aktuelle tidspunktet.

¹⁴ Schumpeter, 1983, 74-75.

¹⁵ Kay, 2009, 125.

Men her vert det òg hol ved bruk av Kay sin valde definisjon av «entreprenør» som kategoriserings- og sorteringsverktøy. Med Say og Cantillon sin svært avgrensa definisjon i verste fall utelet dei som danna verksemd, men ikkje kunne betale eller stå som kausjonist for dei sjølve grunna manglande kapital. Med Kay sin definisjon står ein derimot i fare for å ikkje kunne setje klare grenser for kven som kan reknast som entreprenør utifrå Kay sin svært opne definisjon. Ein kan argumentere for at Kay sin definisjon og studie grensar til å vere for politisert og idealistisk lada, der ho til tider fokuserer meir på å formidle viktigeita av «kvinnelege entreprenørar», enn faktisk å vise til avgrensing, empirisk og talfesta materiale med klare kriterier for kven desse kvinnene var.

Denne oppgåva vil med dette teke i betraktning gå utifrå ein definisjon av «entreprenør» som søker å finne knivseggen mellom å vere for snever, slik som Schumpeter til tider såg den, eller for open, slik Kay tolka omgrepet. Dette vil vere mest hensiktsmessig etter forholda i Ålesund i perioden 1865 til 1920 utifrå kva kjeldetilhøva tilseier, særleg i eit kvinneperspektiv. Slik eg ser det, på bakgrunn av alle dei ovanfor nemnde definisjonane, er «entreprenør» nærmast knytt til omgrepet «gründer», i tydinga nokon som startar opp ei verksemd. Dette strid som vi har sett med den svært vide definisjonen til Kay, då den òg innlemmar dei som har arva eller teke over ei allereie oppsett verksemd, til dømes frå ein avdød ektemann eller son. «Entreprenør» vil difor verte nytta i tydinga «gründer», i form av nokon som startar ei økonomisk verksemd frå starten av, som igjen innebar initiativ og ein stor økonomisk, og kanskje òg sosial, sjanse.

Kay sin breie definisjon kan sjåast som meir nærliggjande den meir allment nytta yrkestittelen «sjølvstendig næringsdrivande». Definisjonen og bruken av dette omgrepet og yrkestittelen vil verte vidare drøfta i det fyrstkomande kapitlet, særleg i høve bruken innan folketeljingane. I denne samanheng er det viktig å få fram forholdet mellom «sjølvstendig næringsdrivande» og «entreprenør», der ein kan seie at det finnast entreprenørske sjølvstendig næringsdrivande, som då vert definert av dei som startar eiga verksemd. Men det er ikkje alle sjølvstendig næringsdrivande er eller har vore entreprenørar: Ein sjølvstendig næringsdrivande kan ha teke over ei verksemd, men denne oppgåva sin definisjon av «entreprenør» eliminerer denne typen sjølvstendig næringsdrivande som entreprenørar.

«Kjønnsrollemønster» som omgrep

«Kvinnerolle», «kjønnsrolle» og «-mønster» er mykje nytta omgrep, i faglitteratur om både samtida og fortida sine samfunn. I denne oppgåva vil bruken og forståinga av desse omgrepa

ha sine røter i kjønnsystemteorien til Yvonne Hirdmann, men med vekt på Gro Hagemann si nyansering.¹⁶ Kjønnsystemteorien tek utgangspunkt i ei deling mellom kulturelt og biologisk kjønn som to delar av omgrepet «kjønn», der det kulturelle kjønn er mindre statisk enn biologisk kjønn, då det vert påverka av og fastsett etter sosiale strukturar slik som normer og liknande i kvart enkelt samfunn.¹⁷

Utifrå det fleire norske og internasjonale kjønns historikarar har peika på kan ein òg tale om ulike kjønnsrollemønster innafor ulike lag av same samfunn innan same periode, særleg i eit så mangfaldig samfunn som det norske var på 1800- til starten av 1900-talet.¹⁸ Dermed kan ein sjå føre seg at det i Ålesund i perioden 1865 til 1920 eksisterte fleire lag av kjønnsrollemønster tilhøyrande dei ulike sosioøkonomiske laga i samfunnet. I tillegg kom det òg kjønnsrollemønster som fylgde med frå dei samfunna tilflyttarane kom ifrå, slik som frå bygdene rundt Ålesund.

«Kjønnsrollemønster» vil dermed som omgrep vere forstått som noko som vert påverka av, og påverkar, det aktuelle samfunnet det er snakk om. Kvinnehistorikar Ida Blom støttar seg på Gro Hagemann ved å definere «kjønnsystem» ved at «enhver kultur, ethvert samfunn, bruker kjønn for å ordne arbeidsdeling og ansvarsdeling mellom samfunnets medlemmer».¹⁹ Denne fordelinga vil vere bestemt av samfunnet på ulike måtar, enten igjennom uskrivne normsystem eller i lovgjevinga i samfunnet. Det er denne definisjonen av «kjønnsrollemønster» denne oppgåva vil ta utgangspunkt i, då den legg til grunn eit gjensidig forhold av påverknad mellom kjønnsrollemønster og samfunnsendringar.

Forskingssituasjon

Dei undersøkingane som er gjorde på nasjonalt, regionalt og lokalt plan i Noreg er nokså få i tal og omfang, og nye og fleire er under stadig etterspurnad. Særleg Eirinn Larsen som nemnt ovanfor har stått for store delar av det arbeidet som er gjort rundt dette temaet, og har gjeve eit godt grunnlag for vidare studiar og undersøkingar. Hennar undersøkingar var avgrensa til ein kvantitativ studie av korleis innvilga av handelsbrev i Kristiania enda seg i eit gjeve tidsrom. Denne gav likevel ikkje eit bilete av området som gjekk djupt nok inn i kven desse kvinnene var til å nytte resultata hennar i direkte samanlikning med dei resultata denne undersøkinga vil kome fram til. Dette kjem av at ho ikkje såg på andre bakanforliggjande

¹⁶ Hirdmann, 2003.

¹⁷ Blom, 1994, 42.

¹⁸ Blom, 1994, 45-46.

¹⁹ Blom, 1994, 43.

faktorar for kven desse kvinnene var og kvifor dei vart entreprenørar, som er tema som vil stå sentralt for denne oppgåva.

Ovanfor nemnde Ida Blom og Gro Hagemann har saman med andre kjønns- og kvinnehistorikarar gjort fleire funn rundt kvinner i norsk næringsliv i arbeidet med boka «Med kjønnspektiv på norsk historie».²⁰ Hagemann etterlyser i sitt kapittel meir analyse på nettopp næringslovgjevinga i 1860-åra for å kunne svare på kva effekt endringar for kvinner innanfor næringslivet hadde i samfunnet. Hagemann påpeiker likeleis at dette er eit viktig hol i historiografien å få tetta for å forstå kvifor og korleis dei ulike kjønna har kome til uttrykk i det offentlege rom og liv i denne perioden.

Som nemnt ovanfor utgjer Steinar Aas sitt arbeid med Bodø by sin førekomst av kvinner i næringslivet eit godt grunnlag for bruk av komparativ metode i studiar av kvinneleg entreprenørskap i andre norske byar i same periode.²¹ Men store delar av dette temaet er framleis udekt, og dei ovanfor nemnde historikarane har i dette perspektivet berre skrapa på overflata av kva som kan undersøkjast. Knut Dørum har i sitt arbeid sett desse funna inn i eit perspektiv der han ser på kor mykje denne kvinnelege deltakinga i norsk næringsliv har hatt å seie for kvinnesyn og -frigjerung.²² Dette arbeidet gjev god inspirasjon til korleis dette teamet kan sjåast i ein større samanheng *à longue durée*, og i eit meir nasjonalhistorisk perspektiv.

Det internasjonale forskingsfeltet er derimot større i form og omfang, og er særleg konsentrert rundt byar i USA, Storbritannia og Frankrike. Dei fleste studia av kvinneleg entreprenørskap på internasjonalt plan omhandlar derimot perioden før 1865, noko som ikkje er eit like aktuelt tidsrom i norske studiar ettersom dei ovanfor nemnde norske handelslovene som ikkje opna for kvinneleg forretningsdrift før etter midten av 1800-talet. Blant fleire sentrale historikarar innanfor dette fagfeltet står Alison C. Kay som ein av dei som har arbeidd mest med kvinneleg entreprenørskap.²³ Dette kjem fram gjennom eit systematisk kvantitativt arbeide med registrering av kvinner som kan kallast entreprenørar i London, medan ho samstundes er med på leggje ein definisjon av kvinnelege entreprenørar.

Kjelder og metode

Når eg no vil ta føre meg arbeidet med å granske kvinneleg entreprenørskap i Ålesund i perioden 1865 til 1920 som mitt masterprosjekt, er det fleire ulike spørsmål eg vil forsøkje å svare på rundt dette temaet. Dette gjeld spørsmål som til dømes kven desse kvinnene var, kva

²⁰ Blom, 2010.

²¹ Aas, 2015.

²² Dørum, 2016.

²³ Kay, 2009.

og kvar dei kom ifrå, og ikkje minst kva dei gjorde som kan gje dei tilnamnet entreprenør i ettertida sine handsamingar av deira arbeide. I tillegg er det interessant å sjå på korleis desse kvinnene vart oppfatta av samtida, i form av kva haldningar dei sjølve og andre i samfunnet rundt dei hadde til denne typen yrkesaktivitet. Slik sett vil oppgåva innehalde ei todeling, mellom eit studium med mål om å få oversikt over dei faktiske forholda i Ålesund, i form av å fyrst talfeste og kartleggje kvinner som kan karakteriserast som entreprenørar, for så å gå nærmare inn på faktorar i samfunnet som har påverka og har vorte påverka av kvinneleg entreprenørskap.

Den faktiske arbeidsmetoden som er nytta i leitinga etter moglege kvinnelege entreprenøra i Ålesund i perioden 1865 til 1920 har teke utgangspunkt i magistratprotokollane frå 1865 til 1908 og handelsregistera frå 1891 til 1920. Desse har utgjort kjernen for den eigendanna statistikken som ligg ved i denne oppgåva i tabellform. Då magistratprotokollane er einaste brukande kjelde til dei påkravde handelsbrev og -rettane som ein trong for å danne og drive verksemd i denne perioden, utgjorde dette eit naturleg grunnlag for å leite etter kvinner som danna verksemd. Sidan det etter 1908 ikkje lenger var krav på handelsbrev og/eller -rett utgjer handelsregistera eit betre utgangspunkt i den etterfølgjande perioden.

Andre kjelder har deretter vorte nytta for å kunne verifisere om dei kvinnene som har vorte noterte som moglege entreprenørar i dette arbeidet faktisk danna verksemdene sine, eller om dei berre overtok ei som allereie var etablert. Her har den digitale søkjemotoren til Digitalarkivet vore til stor hjelp, då ein med enkelheit kan søkje opp dei namna ein ynskjer for å få meir inngående informasjon frå eit tusentals kjelder. Kjeldene som faktisk har vorte nytta er for det meste ministerialbøker og folketeljingar frå ulike stadar i Noreg, samt nokre emigrasjonsprotokollar. Dei spesifikke kjeldetilvisingane har deretter vorte ført opp saman med den gjeldande kvinna i den vedlagte tabellen over kvinnelege entreprenørar.

Gjennom dette arbeidet vil eg forsøkje å kome nærmare eit svar på korleis forholdet mellom kjønnsroller i samfunnet har styrt desse kvinnene sin posisjon i det offentlege livet, i form av deltaking næringslivet i ein by. Ved å stille akkurat desse spørsmåla er håpet at ein kan dekkje dette tematiske feltet så breitt som mogleg, men for at dette skal kunne gje resultat må ein òg gå breitt ut når det gjeld kjeldemateriell. På grunn av todelinga i fokus, og dermed problemstillingane for oppgåva, vil det òg vere føremålstenleg å dele kjeldearbeidet inn i to. Difor vil eg nytte både folketeljingane, handelsregisteret, magistratprotokollane frå Ålesund by og adressebøker frå Romsdals amt frå perioden for å avdekkje detaljar om desse entreprenørske kvinnene og deira verksemd, samt aviser sine artiklar, notisar og annonser for å få eit innblikk i korleis desse kvinnene vart møtte av si eiga samtid og samfunnsand.

Ved å nytte både kvantitativ og kvalitativ metode på dei tre fyrstnemnde kjeldetypane vil ein både kunne få eit relativt nøyaktig og oversiktleg bilete av tal og type verksemder med kvinner ståande bak, men ein vil òg kunne sjå på tida si haldning til desse kvinnene i form av korleis dei vert oppførte i desse registreringane ved å sjå nøyare på sjølvne tekstane. Dermed vil ein kunne nytte dei ulike typene kjelder til å svare på både den fyrstnemnde typen spørsmål om faktiske forhold, og på den sistnemnde om haldningar, ved å byte mellom kvalitativ og kvantitativ metodisk vinkling.

Mange av kjeldene som er nytta i dette prosjektet er digitaliserte, med nokre unntak. Dette har vore til stor hjelp, då eg har kunne nytta ordsøk for å finne igjen både frekvens av ord, namn på moglege kvinnelege entreprenørar og liknande. Magistratprotokollane og éi av lokalavisene som er nytta finst ikkje digitalt og har difor vorte gjennomgått manuelt. Folketeljningane, adressebøkene, handelsprotokollane har vorte gjennomgått ved hjelp av søking i digitale filer og i søkjemotor på nett, slik blant andre digitalarkivet.no har lagt til rette for. Slik har eg kunne teke føre meg grundig ei større mengde av ulike utgåver av kjelder enn om eg ikkje hadde hatt denne moglegheita.

Om folketeljningane

Formålet med folketeljningane er å gje ei oversikt over befolkninga, med eit demografisk tilsnitt. Dei skal kartleggje befolkninga med tanke på til dømes alder, kjønn og stilling, både i arbeidslivet og sivilstillinga til kvar enkelt, noko som er viktig av fleire ulike grunnar for samfunnet å ha oversikt over. Folketeljningane er i svært utbreidd bruk, nettopp fordi det gjev ei god realhistorisk ramme, med meir overordna perspektiv, for alle mindre tematiske studium. Dette gjeld òg for arbeidet med dette masterprosjektet. For å til dømes kunne seie noko om éin type yrkesaktivitet eller livsstilling, må ein ha eit oversyn over korleis denne stiller seg i omfang i forhold til resten av typene. Det er òg viktig å ta omsyn til om det er visse demografiske tilhøve som var spesielle for Ålesund, for å kunne seie noko i forhold til tilhøvet for kvinneleg entreprenørskap i denne byen samanlikna med andre byar.

Denne måten å nytte folketeljningane på vil stå sentralt for mitt prosjekt, men for å kome vidare frå eit utelukkande overordna og overflatisk syn befolkninga i prosjektet si periode, vil det òg verte nytta ei kvalitativ tolking av folketeljningane. Ved å ta føre seg bakgrunnen for folketeljningane gjennom å blant anna sjå på kva spørsmål som har vore stilt i utdelte teljingskjema, kan ein kome nærmare kva delar av det norske samfunnet staten har ynskja å halde oversikt over igjennom ei periode. Men kategoriane som har vorte nytta i teljningane er vel så interessante, då det viser korleis staten har sett føre seg samfunnet som utgangspunkt.

Er til dømes kategorien «husarbeide» sett opp med alternativet «sjølvstendig næringsdrivande», kan dette vere ein indikasjon på at denne kategorien kan sidestilla i samfunnsverdi med andre kategoriar som òg inneheld same alternativ. Slik kan også forma og innhaldet i rammene for folketeljningane seie mykje for korleis dei som laga folketeljningane har tolka samfunnet.

Målet med folketeljningane er som tidlegare nemnt å skaffe staten ei oversikt over samfunnet som heilheit, noko som gjer at ein ikkje har plass eller kapasitet til å danne ei djuptgåande oversikt. Folketeljningane er i stor grad meint som numeriske kjelder mynta på vidare kvantitative tolkingar og studium. Difor ligg det i folketeljningane sin natur å vere overflatisk i både spørsmål og svar. Eit fyrste problem for bruken av folketeljningane som kjelde for mine problemstillingar og tema finn ein i mangelen på kategoriar av typen «entreprenør» eller «gründer» i folketeljningane, då denne yrkeskategorien inneber store variasjonar i type arbeid, og heller vert definert på bakgrunn av blant anna kor ny-etablert, ny tenkande eller risikofylt verksemda til arbeidstakaren er. I utarbeiding av folketeljningane låg heller fokuserte på å kartleggje kor mange som arbeidar innanfor kva type næring eller i kva lag av samfunnet heller enn desse karakteristikkane.

Fordi folketeljningane er prega av å vere nettopp kvantitative, numeriske teljingar, misser ein samstundes menneska og personane bak tala. Som sagt vil mitt masterprosjekt forsøkje å kome forbi dette overflatiske blikket på næringslivet, der eg er ute etter å finne ut kven desse personane var, kvar dei kom ifrå, blant anna sosialt og geografisk. I teljingane finn eg riktig nok tal på kor utbreitt til dømes kvinner i yrkesliv utanfor heimen var, men desse fortel ikkje kven desse kvinnene var eller kva dei tok føre seg i sine yrkesliv. Sjølv ved å nytte ein kvalitativ metode på folketeljningane får ein ikkje svar på korleis kvinnelege entreprenørar vart sett i samfunnet, for det fyrste ved at denne kategorien ikkje vert nytta, og fordi denne typen deltaking i næringslivet ikkje er fokus for folketeljningane i samband med nokon av kjønna. Det vil dei tre neste kjeldene på ulike vis og med ulik tolking forhåpentlegvis kunne gje nærmare svar på.

Om handels- og handverksbrev

Heilt fram til år 2000 måtte ein ha fått innvilga handels- eller handverksrettar for å kunne drive ei verksemd i Noreg. I tidlegare tider, slik som på 1800-talet, vart dette løyst ved at ein person kunne søkje om handelsrettigheiter eller borgarbrev, som med godkjenning tilsa at ein kunne verte føretakshaldar. I Ålesund er desse skrivne inn i «Protokoll for Aalesunds Magistrat», som òg gjev oversikt over andre liknande registreringar av innvilga søknadar med

meir. Med denne samla oversikta i éin protokoll får ein lett ei oversikt over talet på dei to ulike typane borgarbrev, handels- og handverksbrev, i tillegg til mindre detaljar om ein går meir i djupna for kvart enkelt noterte borgarbrev eller innvilga handels- eller handverksrettar. Noteringane inneheld både namn, alder, og ofte sivilstatus til søkjarane. Etter omlag 1900 ser ein òg at det vert notert andre detaljar, som til dømes kvar søkaren kom ifrå.

Ved å nytte ei kvalitativ metode i arbeidet med denne kjelda kan ein òg sjå forbi noteringane i seg sjølve som tal på borgarbrev og handelsrettar, til å kunne seie noko om samfunnskonteksten desse vert innvilga og noterte i. Til dømes er noteringane sitt fokus på sivilstatus særleg interessant å ta nærmare føre seg. Her ser ein at sivilstatusen ved mannlege søkjarar ikkje vert tekne med, medan det oftast er tekne med hjå dei gongane borgarbrev eller handelsrettar vert gjevne til kvinner. Ein kan sjå ei klår endring i dette mønsteret, frå å tidleg i perioden setje sivilstatus før namnet, til at dette seinare i perioden vert sett i parentes omtrent midt i noteringa. Slik gjev det eit bilete av korleis desse kvinnene vart sett på av samfunnet, då sivilstatusen deira vert noterte, medan det ikkje vert det hjå mannlege borgarbrevsinnehavarar. I tillegg kan ei endring over tid seie noko om ei utvikling i samfunnet gjennom perioden generelt.

Eit fyrste problem ein finn ved å skulle nytte berre oversikt over kven som fekk handels- eller handverksrettar, er at ein på denne måten ikkje får sett på andre delar av yrkeslivet i byen, noko som òg kan ha moglegheiter for å innehalde gründerverksemd. I tillegg er informasjonen som vert gjeven i borgarbrev noko avgrensa til tid, stad, alder og liknande, som tidlegare nemnt med variasjonar gjennom perioden. Sjølv om desse noteringane er svært nøyaktige når det gjeld kvar og når eit borgarbrev eller ein handels- eller handverksrettar vart innvilga, i tillegg til når den eventuelt vart oppheva, seier ikkje denne kjelda noko om kva retten vart nytta til av kvar enkelt som fekk den innvilga. Dette vil verte eit viktig aspekt for dette masterprosjektet, då typen yrke eller del av næringslivet kvinnene tok del i er interessant i forhold til haldningane til kvinnelege entreprenørar. Difor er det behov for utfyllande informasjon frå andre typar kjelder, som vi skal ta føre oss nedanfor, som kan samanliknast med kven som fekk handels- eller handverksrettar eller borgarbrev.

Om handelsregistera

Før 1890-talet vart det ført rundt 100 ulike handelsregister for ulike stadar i landet.²⁴ Desse gav informasjon om når, kvar, og ikkje minst av kven ei verksemd hadde vorte etablert,

²⁴ «Handelsregister», 2017.

igjennom brev føretakshaldarane sende til sorenskrivarane. Ved somme noteringar vert det òg lagt til andre detaljar, slik som til dømes sivilstatusen eller bustadsadressa til føretakshaldaren, noko som vil vere direkte relevante opplysningar for denne masteroppgåva sine problemstillingar. Etter 1891 vart alle desse lokale handelsregistera førte som eit samla register på nasjonalt plan, noko som førte til eit mykje meir oversiktleg og samla system med mindre variasjonar på forma i noteringane.²⁵ I motsetnad til kva tilfellet er ved dei to føregåande nemnde kjeldene er breva eller føresegnene som er sende til sorenskrivaren skrivne av føretakshaldarane sjølve. Ved å sjå på denne kjelda i eit kvalitativt lys, saman med ei meir kvantitativ handsaming for å kunne få oversikt over omfanget, kan ein her seie noko om korleis kvinnene såg på seg sjølve i korleis dei skreiv desse føresegnene.

Den største skilnaden på handels- og handverksbrev i magistratprotokollen sine fordelar som kjelde i forhold til handelsregistera, og motsett, er at dei fyrstnemnde inneheldt informasjon som til dømes sivilstand og fullt namn. Handelsregistera inneheldt på det meste fullt namn, men dei fleste har berre vorte registrerte med førebokstav og etternamn. Derimot er handelsregisteret eit register over alle verksemdar som faktisk vart danna, noko som gjer dette til ei mykje meir nøyaktig kjelde å nytte for oppgåva sitt føremål. Som vist ovanfor gav magistratprotokollen sine handels- og handverksbrev i snever forståing berre ein indikasjon på kven som kunne danne verksemdar.

Det er samstundes nokre problem som vil stå til hinder for arbeidet med dette masterprosjektet. Det fyrste ser ein ved arbeidet med perioden før det nasjonale handelsregisteret kom til. Av ulike årsaker har delar av dei lokale handelsregistera sine årgangar gått tapt for ettertida. Difor er det berre dei nasjonale registera som er garantert fullkomne og brukbare for dette arbeidet. Vidare i prosjektet har eg forsøkt å finne dei fleste frå Ålesund, men mykje tydar på at bybrannen i 1904 tok også desse registera, slik det gjekk med blant anna skatteprotokollane frå Ålesund før 1904. I tillegg legg tittelen på kjelda avgrensingar for kor store delar av yrkeslivet i byen som vart omtala, då handelsregistera nødvendigvis berre omtala næringslivet sine nyetableringar.

Ein kjem òg til kort når det gjeld søken etter meir inngåande informasjon om drifting av verksemdene, sjølv om ein får meir informasjon om verksemda ved å sjå til handelsregistera, som fokuserte på verksemda, enn ved å nytte borgarbrev i magistratprotokollen, som berre tok føre seg personen bak handelsretten. Som tidlegare nemnt inneheldt handelsbrev ofte informasjon slik som om verksemdene vart starta av desse kvinnene, om kvinnene starta opp

²⁵ «Handelsregistre for Kongeriket Norge», 2017.

åleine eller saman med ei anna kvinne eller ein mann, eller om dei vart tekne over av kvinnene etter til dømes mannen, ein bror eller son. Men sjølv om handelsbrevane inneheldt meir informasjon enn borgarbrevane i magistratprotokollen, er det interessant å sjå utviklinga etter innvilga borgarbrev eller handels- eller handverksrettar til ei etablert verksemd eller liknande.

Sjølv om dei innsende brevane til handelsregistera var sett saman på liknande vis, ser ein likevel eit problem ved ein viktig detalj i brevane, i form av korleis føretakshaldaren skreiv inn namnet sitt. Personane vart vekselvis sett opp med enten førenamn eller berre førebokstav, noko som gjer det vanskeleg å sjå kven som er kvinner eller menn. Eit mønster ser ein i at det oftare er kvinner enn menn som skreiv heile førenamnet sitt. Dette kan vere eit interessant perspektiv for eit kvalitativt studium av handelsregistera, då dette kanskje kan seie noko om korleis kvinnene såg seg sjølve som ein del av det norske næringslivet, eller at det seier noko om dei som sette saman handelsregisteret sine haldningar.

Om adressebøkene over Romsdal

Adressebøker frå tidleg 1900-tal er ei unik kjelde med oversikt over næringslivet i eit område. Romsdals amt sine adressebøker gjev hovudsakleg oversikt over næringslivet i Ålesund frå 1900 til 1920, med fokus på blant anna inntekt og formue, samt typar næringsvegar. Her finn ein meir informasjon om kva dei ulike næringsdrivande dreiv med og korleis dei stod seg i samfunnsøkonomisk perspektiv, som til dømes formue- og inntektsnivå, enn kva handelsregistera gjev. I tillegg kjem det ofte fram av adressebøkene detaljar om kva type verksemd den enkelte hadde, som ikkje kjem like konsekvent fram av handelsregistera sine noteringar.

Med tilgang til ei slik oversikt over næringslivet generelt kan ein seie noko om korleis dei kvinnelege entreprenørane spesielt var stilte økonomisk i forhold til mannlege entreprenørar. I tillegg kan ein undersøkje korleis dei stilte seg økonomisk i forhold til andre skatteytarar i byen generelt. Slik kan adressebøkene dekkje mange av dei kunnskapshola som gjennomgangen av handelsregisteret etterlet seg. Dette vil vere ei unik moglegheit til å få innblikk i den økonomiske situasjonen til kvinnene, i form av inntektsnivå og personlege formuer, særleg då mykje av skatteregister og liknande gjekk tapt i bybrannen i 1904. Skatteprotokollar og liknande hadde sjølvsagt vore ei meir hensiktsmessig kjelde å nytte, men sidan adressebøkene òg tok med inntekts- og formuenivået til kvar enkelt, rekna utifrå skattelistene, er denne å reknast som ei av dei beste sekundære kjeldene.

Men adressebøkene etterlet seg òg nokre hol, og frekvensen for utgjevingane og spekteret av bevarte utgåver har mykje å seie for problema rundt bruken av dette materialet. Der handelsregistra tok føre seg situasjonen år for år, vart adressebøkene gjerne utgjevne med store gap på mellom to og opp til ni år. Dette kjem av at denne typen registrering ikkje vart sett i system for når og korleis dei skal førast og oppbevarast, slik som dei nasjonale handelsregistra fekk eit system for etter 1891. Av denne grunn har mange gått tapt i private eller kommunale arkiv i ettertid. Difor kunne enkelte verksemdar med kortare levetid ha vorte «gløymde» fordi dei bestod i eit tidsrom mellom to adressebøker. Dette gjer handelsregistra til ei betre kjelde for å få oversikt over den jamne progresjonen i utviklinga innanfor næringslivet, som grunna sine mykje hyppigare årlege utgjevingar kan ha fanga opp også verksemdene med kortare levetid.

På grunn av den mangelfulle bevaringa av adressebøkene frå før 1900-talet, støyter ein på det same problemet som ved arbeidet med handelsregistra, sjølv om adressebøkene vart nytta så tidleg som 1830-talet.²⁶ Dette gjeld for det fyrste at ein berre har bevarte adressebøker frå 1900 og fram til 1920, noko som vil seie at kjelda berre kan nyttast for denne avgrensa perioden i forhold til dette masterprosjektet sitt tidsperspektiv. Dermed manglar det ei god kjelde for detaljerte skildringar av dei ulike næringsdrivande og verksemdene deira frå fyrste del av den aktuelle perioden for oppgåva. Slik kan det verte vanskeleg å samanlikne endringar og kontinuitet i den situasjonen som adressebøkene omtalar, noko som står som ein viktig del av det denne oppgåva vil forsøkje å kartleggje.

Om avisene

Aviser, tidsskrift og andre liknande jamlege publikasjonar kan nyttast som kjelder på mange ulike måtar, til dømes som kjelde til faktiske hendingar, men òg til korleis desse vart oppfatta i samtida. Difor er det føremålstenleg å nytte aviser som kjelde til kva for ulike haldningar som samspele i eit avgrensa område og tidsrom, som i dette tilfellet dreiar seg om haldningane til kvinneleg entreprenørskap i Ålesund i perioden 1865 til 1920. I fyrste omgang er det dei faktiske haldningane som vil vere mest interessante å kome nærmare inn på og studere, i form av kven som omtala kven eller kva, og ikkje minst kva meiningar og haldningar som florerte? Ser ein i dette høvet noko endringar gjennom perioden?

Men aviser som kjelde må nyttast med omhug og med tydeleg forhold til blant anna kvifor, med kva formål og av og for kven innhaldet er skriva. Blant andre påpeikar historikar John Tosh

²⁶ Iversen, 2019.

viktigheita av eit bevisst forhold til denne problematikken i arbeidet med aviser som kjelder til folk i fortida sine haldningar.²⁷ Dette er særleg viktig når ein handsamar ei periode der avisene var få og små, slik tilfellet var i Ålesund i fyrste del av oppgåva si periode, noko som avgrensa kven og kva som kom til ordet. For å kome nærmast den breie haldninga og synet i samfunnet har det difor vorte naturleg å sjå til dei leiande avisene i kvar periode. Verdigrunnlag, ideologi, publiseringsområde og hovudtematikk dei ulike avisene har hatt i botnen har likevel vorte teke omsyn til ved handsaming av kvar enkelt artikkel.

Sidan aviser, særleg dei med avgrensa geografisk publikasjonsradius, gjerne er skrivne av personar som var ein del av eller stod nærme den hendinga som vart omtala, var desse forteljingane prega av det perspektivet som forfattaren eller journalisten av stykket skreiv i. Sidan desse ovanfor nemnde avisene hadde svært ulikt ideologisk og politisk utgangspunkt er det interessant å sjå på ulikskapar og likskapar i deira vinklingar av saker som omhandla kvinneleg entreprenørverksemdar.

I tillegg er det særleg tydeleg å skimte subjektive vinklingar i lesarbreve og spalter, der forfattaren har eit klårare personleg blikk på situasjonen han eller ho omtalte. Difor må denne typen kjelde nyttast med omsyn til at skildringane sin subjektive karakter. Men i vårt tilfelle, med fokus på haldningar og meiningar i tida, er den subjektive karakteren i denne typen kjelde ein kvalitet ein kan nytte seg av for å kome nærmare personane i tida, heller enn eit hinder for sanninga om ein faktisk situasjon.

På denne måten er det ikkje lenger like viktig å finne den mest korrekte skildringa av samtida i forhold til korleis situasjonen faktisk var, noko ein kan nytte dei tidlegare nemnde kjeldene til for ei meir objektiv og påliteleg skildring av Ålesund i perioden. Ved å nytte avisene som kjelde har ein moglegheita til heller å sjå på korleis situasjonen vart eller vert skildra, og bakgrunnen for valet av akkurat den vinklinga og synspunktet for forteljinga. Dette er ein typisk måte å sjå historia i eit mentalhistorisk lys, slik blant andre sosiolog og historikar Paul Thompson er oppteken av i sitt arbeid med munnleg historie.²⁸ Sjølv om aviser ikkje er ein type munnleg kjelde, kan det likevel vere mogleg å nytte denne metoden for å tolke denne kjelda som ein type talerøyr for tidlegare tider sine samfunnsmedlem.

Også innanfor norsk historiografi ser ein utbreiddt bruk av aviser som kjelde til haldningar i samfunnet. Då historikar Knut Dørum skreiv sin artikkel om endringar og kontinuitet for kvinnerolla i Noreg i perioden 1814 til 1920, valde han å trekkje fram fleire avisartiklar som

²⁷ Tosh, 2010, 75.

²⁸ Thompson, 2000.

viste til korleis kvinnerolla vart sett av ulike delar av samfunnet.²⁹ Dette har gjeve inspirasjon til også å nytte aviser som kjelde til akkurat same formål i denne oppgåva, der Dørum sin artikkel viser at delar av det norske samfunnet sine haldningar kan hentast ut av avisene sine haldningar kan hentast fram av avisene frå tida.

Her støyter ein samstundes på eit problem, i form av i kor stor grad ein har fått uttrykkje seg fritt når ein har hatt ynskje om å fremje meiningane sine gjennom å skrive i avisa. Ei avis har avgrensa plass, og behov for nokon som avgjorde kva som skal med og ikkje. Alt som skulle i avisa gjekk difor igjennom ein redaktør eller eit anna liknande filtrerande organ. På denne måten var det nok folk som har hatt ynskjer om å få formidle noko som ikkje fekk plass i avisa. Forma eller innhaldet i det som har vore skrive av ein person, kan òg ha vorte endra av ein annan før det vart trykt i avisa. Er det då mogleg å vite om alt har kome fram slik det var tenkt av den «originale» forfattaren, eller må ein ta omsyn til redaktøren for avisa eller tidsskriftet?

Dermed er det vanskeleg å vite kor representative dei meiningane og haldningane som kom fram i avisene var, også i forhold til haldningane i samfunnet på eit overordna plan. Eit relevant spørsmål her er om alle har fått tilgang eller moglegheit for å nytte seg av avisene som talerøyr i det heile? Kven som fekk taletid i avisene kan seie noko om korleis stoda var når det gjaldt haldningar til ulike kjønn, yrkesgrupper, sosial stilling og liknande. Om berre éi eller nokre frå samfunnsgrupper stadig kom til ordet, kan dette i seg sjølv seie noko om verdisetjinga i ulike typar menneske eller gruppe sine meiningar og rett til å få uttrykkje desse.

I denne oppgåva er det aktuelt å nytte både lokal, regional og nasjonale publikasjonar av denne typen. På denne måten får ein sett på både mindre aviser og tidsskrift, med mindre geografisk og tematisk nedslagsfelt slik som dei lokale utgjevingane, i tillegg til å kunne samanlikne desse med større og meir generelle avisene. Her vil det i all hovudsak vere lokale og regionale aviser som får størst fokus i gjennomgang. Men utifrå dei undersøkingane eg har gjort av Ålesund sine aviser har det òg vore nødvendig å rette blikket utover mot andre områder av Noreg og til meir nasjonale aviser for å finne gode representative artiklar for det eg har ynskja å undersøkje. Grunna si relative einsemd som avis for heile Romsdals Amt på fyrste halvdel av 1800-talet, utgjør Romsdals Budstikke (heretter omtala som RB) kjeldegrunnlaget for haldningar i perioden fram til 1876. Den noko borgarleg prega avisa RB vart gjeven ut i og omhandla store delar av Romsdals Amt, så plassen til spesifikt Ålesund-basert stoff vart difor naturleg mindre enn i seinare Ålesund-aviser.

²⁹ Dørum, 2016.

Den meir konservative Ålesund-spesifikke Aalesunds Handels- og Søfartstidende (heretter omtala som AaHS) som kom til i 1860-70-åra var ei smalare avis enn RB både i publikasjonsområde og tematikk. Begge desse to avisene er digitaliserte og er søkbare på ordnivå på Nasjonalbiblioteket sine nettsider. Dette har vore svært hjelpsam ved å kunne søkje på nøkkelord som «kvinde» og liknande for å sile ut dei artiklane som om nettopp kvinnespørsmål. AaHS var òg den einaste utgjevne i fyrste del av denne oppgåva si periode, noko som i tillegg sin tematikk gjer den gunstig å nytte som kjelde i staden for RB etter 1876. Etter at AaHS vart nedlagt som resultat av bybrannen 1904, er den meir venstreorienterte Ålesundsavisa Sunnmørsposten (heretter omtala som Smp) ei passande avis å leite etter kjeldematerial i for perioden 1904 til 1920. Dette særleg sidan Smp vart utgjeven regelmessig med stort opplag, i motsetnad til mindre aviser som var i stadig endring og pausar.

Når det gjeld gjennomgangen av Smp spesielt, som i motsetnad til RB og AaHS ikkje er digitaliserte, men berre er lagra på mikrofilm, treng årgangane mellom 1904 og 1920 særleg manuell gjennomgang. Då denne gjennomgangen av 16 år med daglege aviser er ein svært tidkrevjande prosess, noko denne oppgåva si tidsramme dessverre ikkje kan rette seg etter, har eg valt å nøye gjennomgå utvalde representative årgangar med jamne mellomrom mellom seg. Dette vil forhåpentlegvis kunne gje eit godt representativt bilete av korleis haldningane i nettopp denne typen avis endra seg igjennom perioden i forhold til tidlegare viste haldningar i dei andre avisene i føregåande periodar.

Oppgåva si oppbygging

Oppgåva vil vere fordelt på fem hovudkapittel. Dei tre fyrste kapitla vil ta føre seg ulike delar av kvinneleg entreprenørskap og faktorar som kan ha påverka denne forma for deltaking i næringslivet for kvinner. Kapittel 1 vil sjå på forma for kvinneleg entreprenørskap, i tillegg til utviklinga i talet på kvinnelege entreprenørar, som fann stad i Ålesund i perioden 1865 til 1920. Kapittel 2 vil ta føre seg korleis sivilstand har påverka kvinneleg entreprenørskap i denne perioden og området, medan kapittel 3 vil vere ei undersøking av kva geografisk og sosioøkonomisk bakgrunn dei kvinnelege entreprenørane hadde i løpet av perioden. Deretter vil det i kapittel 4 verte drøfta årsakene til utviklinga for kvinneleg entreprenørskap, og til slutt vil verknadane av kvinneleg entreprenørskap i Ålesund i 1865 til 1920 verte drøfta i kapittel 5. Igjennom heile oppgåva er det særskilt fokus på i kva form og grad kvinneleg entreprenørskap var prega av endring og/eller kontinuitet, der eg vil stille spørsmål ved både korleis og kvifor desse utviklingstrekk kom til.

Kapittel 1: Generelle forhold for kvinnelege entreprenørskap i Ålesund 1865 til 1920

Innleiing

For å kunne seie noko om kvinneleg entreprenørskap i Ålesund i perioden 1865 til 1920 må vi fyrst sjå på kor stor del av næringslivet desse kvinnene som kan kallast entreprenørar utgjorde. I tillegg må ein sjå på korleis utviklinga for typen verksemd dei danna artar seg igjennom perioden. «Kvinneleg entreprenørskap» som ein type deltaking i næringslivet må sjåast på i eit heilskapleg perspektiv. Ved å setje kvinneleg entreprenørskap inn i eit komparativt perspektiv med «mannleg entreprenørskap» kan ein sjå på kva som var unikt eller likt mellom kjønna i eit kjønnsnøytralt perspektiv på næringslivet i Ålesund generelt. Vidare i oppgåva vil det òg verte undersøkt mindre detaljerte delar av kven denne gruppa av kvinnelege entreprenørar for lettare å sjå akkurat kven desse kvinnene var, samt kva som gav dei tilhøva til å verte entreprenørar.

Med andre ord vil denne fyrste delen av oppgåva ta føre seg størrelseforholdet mellom kvinneleg og mannleg entreprenørskap som deltaking i næringslivet i Ålesund. Dette vil fyrst verte samanlikna med den større overordna kategorien «sjølvstendig næringsdrivande». I tillegg vil det verte sett på kva form for verksemd dei som kan definerast som entreprenørar, faktisk danna. Korleis endrar dei talmessige forholda seg igjennom perioden, og ser ein nokon endringar i type verksemd som vart danna av kvinnelege entreprenørar i Ålesund i perioden 1865-1920? Ser ein nokon særlege utviklingstrekk som er interessante å undersøkje årsakene bak? Seinare i oppgåva vil nettopp årsakene bak og verknadane av dei utviklingstrekkka ein kan sjå i dei ulike delane av undersøkinga av forholda i Ålesund i eit kjønnsperspektiv.

Forholdet mellom «entreprenør» og «sjølvstendig næringsdrivande»

Før eg tek til med det empiriske og analytiske arbeidet med dei faktiske forholda vi finn i Ålesund i perioden 1865 til 1920, vil det fyrst vere interessant å sjå på korleis omgrepa og uttrykk som «entreprenør» og «sjølvstendig næringsdrivande» har vorte nytta i nettopp denne perioden. Når ein ser på bruken av omgrepa «sjølvstendig næringsdrivande» og «entreprenørskap» i eit historisk perspektiv, ser ein raskt at det fyrstnemnde har hatt lang fartstid i norsk samanheng. Omgrepet «sjølvstendig næringsdrivande» har òg ei tyding som ligg nærare tilgjengeleg i orda i seg sjølve, enn det «entreprenør» har: Med «sjølvstendig næringsdrivande» meiner ein personar som driv sjølvstendig innanfor næringslivet, og som

med dette står i motsetnad til nokon som får løn frå andre.³⁰ «Sjølvstendig næringsdrivande» vart nytta som yrkeskategori i folketeljingane allereie i 1865, og var ein kategori som heldt stand heilt fram til slutten av denne oppgåva si aktuelle periode.³¹

Men yrkeskategorien «sjølvstendig næringsdrivande» gjennomgjekk store endringar i løpet av denne oppgåva si aktuelle periode på nærmare 60 år, både i vektlegging og innhald. Igjennom denne perioden har det blant anna ikkje vore nytta heilt like formuleringar av denne yrkeskategorien, der det i somme folketeljingar er sett opp «sjølvstendig næringsdrivande» som overordna kategori, som både omfatta dei som hadde eiga verksemd som dei registrerte, altså «sjølvstendig ervervande», og dei som arbeidde sjølvstendig utan nokon over seg, altså «sjølvstendig arbeidande». I andre folketeljingar vart desse derimot skilde frå kvarandre, noko som gjer det meir tydeleg kva stilling desse talde personane har hatt i forhold til om dei har eigd eller drive ei verksemd.

Skiftinga i vektlegging og innhald ser ein òg i korleis underkategorien «husleg arbeid» eller liknande har vorte sett inn i forhold til «sjølvstendig næringsdrivande». I nokre folketeljinga er «Husligt Arbeide» eller liknande ekskludert frå kategorien «sjølvstendig næringsdrivande», medan i andre folketeljingar vert «husleg arbeid» sett på som ei form for å drive for seg sjølv innanfor næringslivet.³² I den sistnemnde typen vert det likevel ikkje alltid delt mellom dei som er typiske «husmødrer», som tok seg av sine eigne born, familie, hus og heim, og dei som driv med det vi i dag ville kalla eit reinhaldsfirma eller liknande.³³ Her ser ein ei endring på ved folketeljinga av 1920, der det å vere «husmor» og det å drive med husarbeid for andre er åtskild. Dermed må ein ha eit bevisst forhold til at yrkeskategorien «sjølvstendig næringsdrivande» ikkje er den same igjennom heile perioden, særleg når det kjem til innhald og kven som vert innlemma og ikkje, særleg i forhold til klassifisering av typiske «kvinnesyklar», slik som «husleg arbeid» og likande.

Den inkonsekvente bruken av omgrepet «sjølvstendig næringsdrivande» i folketeljingane i løpet av perioden 1865 til 1920 gjer det vanskeleg å skulle dra heilt sikre slutningar om utviklinga for personar som vert definert under yrkeskategorien «sjølvstendig næringsdrivande». Dette viser blant anna historikarane Einar Lie og Hege Roll-Hansen sitt arbeid og resultat med historia rundt norsk statistikk generelt, samt Roll-Hansen sitt arbeid


³⁰ «Næringsdrivande», u.å.

³¹ Statistisk Sentralbyrå, 1865; 1876; 1891; 1900; 1910; 1920.

³² Sjå til dømes Statistisk Sentralbyrå, 1891, 176 for sistnemnde og Statistisk Sentralbyrå, 1910, 7-8 for sistnemnde.

³³ Statistisk Sentralbyrå, 1920, 2*; 50.

med husmorstatistikken spesielt.³⁴ Difor må ein utføre ein kvalitativ gjennomgang av rammene for kvar folketeljing, og luke ut underkategoriane som inneber «husligt arbeide» og «sjølvstendig arbeid» etter beste evne, sidan desse kategoriane inneheld mest variasjon i bruk av innanfor kategorien «sjølvstendig næringsdrivande». Då vert utviklinga for denne yrkeskategorien sjåande ut slik diagram 1a for Ålesund og 1b for norske byar generelt illustrerer, på bakgrunn av folketeljningane igjennom perioden³⁵:




Om ein ser på utviklinga for tala over sjølvstendige næringsdrivande i Ålesund i eit kjønnsperspektiv, ser ein at denne på mange måtar speglar utviklinga i dei generelle utviklingstrekk for dei befolkningsmessige tala, også i eit kjønnsperspektiv, slik ein kan sjå illustrert i diagram 2.³⁶ Når det kjem til kjønnsfordelinga hjå yrkeskategorien sjølvstendige næringsdrivande generelt er det igjennom heile perioden ein nokså stor overvekt av mannlege aktørar, noko som då ikkje samsvarar med det ein ser om kjønnsfordelinga innanfor folkemengda generelt. Kjønnfordelinga i befolkninga er typisk at det til ei kvar tid ein liten overvekt av kvinner, sett bort ifrå rundt 1900.

³⁴ Lie & Roll-Hansen, 2001; Roll-Hansen, 2012.

³⁵ Statistisk Sentralbyrå, 1865; 1876; 1891; 1900; 1910; 1920.

³⁶ Statistisk Sentralbyrå, 1865; 1876; 1891; 1900; 1910; 1920.



Ein kan sjå at både folketalet og talet på sjølvstendig næringsdrivande i Ålesund, med dei ovanfor nemnde svært ulike utgangspunkta, stig nær like jamt i starten av perioden, særleg fram til rundt 1890. Då gjekk talet på menn kraftig opp, og gjennomgjekk den kraftigast og bråaste veksten av dei to kjønna, både når det gjaldt talet på sjølvstendig næringsdrivande og folkemengda generelt. For kvinnene sin del gjekk talet på sjølvstendige næringsdrivande ned frå 1891 fram til 1900, der talet nesten nådde ned til nivået i 1876, medan talet på kvinner i Ålesund si befolkning generelt ikkje fekk nokon nedgang i det heile.

Men i perioden 1900 til 1920 byrja talet på menn å gå nedover litt nedover igjen, før veksten igjen vart jamnare stabil. Dette er òg eit utviklingstrekk som vert reflektert i talet på mannlege sjølvstendig næringsdrivande, som i dette tidsrommet nådde eit nivå som gjekk nedom talet for 1891. Talet på kvinner i Ålesund heldt derimot fram lineær slik som før, medan talet på kvinnelege sjølvstendige næringsdrivande fekk ein kraftig oppgang. I 1920 var tala på mannlege og kvinnelege sjølvstendig næringsdrivande på veg til å krysse kvarandre, med 369 menn og 316 kvinner.

Ein kan på mange punkt i løpet av denne utviklingslinja merke seg at den totale kjønnsmessige utviklinga for sjølvstendige næringsdrivande i Ålesund var noko atypisk for utviklinga i forhold til den overordna utviklinga for den same yrkeskategorien i alle norske byar samanlagt. Der talet på sjølvstendig næringsdrivande gjekk ned etter 1890 i norske byar generelt, heldt som sagt utviklinga frå Ålesund seg stabilt oppadgåande. Derimot var utviklinga for kvinnelege sjølvstendig næringsdrivande i Ålesund nokså lik den for kvinnelege sjølvstendig næringsdrivande i norske byar generelt igjennom heile perioden. Seinare i oppgåva vil denne særeigne utviklinga innanfor denne yrkeskategorien i Ålesund i

forhold til norske byar verte drøfta, og særleg kvifor denne særeigenheita i konjunkturane ikkje er å sjå for kvinnene.

Men desse til no presenterte utviklingstrekka har sine manglar, i form av visse hol i kjeldematerialet. Dette kjem i tillegg til den allereie nemnde problematiske inkonsekvente bruken av «sjølvstendig næringsdrivande» i folketeljingane. Folketeljinga for 1910 tok med seg enda eit problem for undersøkinga, då det manglar kjønnsdelte tal rundt sjølvstendig næringsdrivande i Ålesund, grunna variasjonar i ynskja innhald for kvar enkelt folketeljing.³⁷ Dermed har tal frå denne bolken vorte valt bort av dei som har danna spørjeskjema for denne folketeljinga til fordel for andre opplysningar, noko som gjer denne undersøkinga sine resultat noko unøyaktige rundt akkurat dette avgrensa tidsrommet.

«Entreprenør» har i motsetnad til «sjølvstendig næringsdrivande» ikkje vore nytta som yrkeskategori, noko som gjer arbeidet med kjeldene for å finne personar som kan karakteriserast som entreprenørar til eit meir omfattande kvalitativt arbeid enn med folketeljingane. For kven var dei som danna heilt nye verksemder i Ålesund i denne perioden? Som nemnt i innleiinga er det i hovudsak to kjelder som vil verte nytta i dette høvet. For perioden 1865 til 1908 er borgarbrevet ein finn i magistratprotokollane for Ålesund dei som er mest eigna for å finne personar som danna verksemder i dette tidsrommet. Etter 1908 gjev dei nasjonale handelsregistra eit meir korrekt bilete av kven som kan karakteriserast som entreprenørar.

Bakgrunnen for valet av skifte til ei ny hovudkjelde halvveis igjennom perioden kjem på grunn av lovendringar og endringar i forma for registrering av firma igjennom perioden. Før utgangen av 1907 var alle som ville danne og drive handelsverksemder pålagde å inneha handelsbrev eller -rett, samt på liknande måte for dei som ville drive med profesjonelt handverk.³⁸ Dermed kan ein undersøkje registra for desse borgarbrevet og -rettane for å sjå på kven som fekk innvilga, og med dette brevet eller retten kunne danne og drive handelsverksemder. Men ved innføringa av Lov om handelsnaering af 16de juli 1907 vart dette påbodet letta, slik at ein berre trong registrere verksemdene sine i Handelsregisteret for å kunne få danne nye verksemder.³⁹

Men når ein ser på alle som fekk ein eller annan form for borgarbrev og/eller -rett, er det fleire feilkjelder og problem ein må ta omsyn til. For det fyrste er det ikkje automatisk slik at dei som fekk rett til å drive med handel eller handverk profesjonelt, valde å starte verksemd

³⁷ Statistisk Sentralbyrå, 1910.

³⁸ Lov om handelsnaering, 1907.

³⁹ Lov om handelsnaering, 1907.

med ein gong. Samstundes var det svært kostbart å skulle halde på eit borgarbrev eller -rett utan å nytte den til økonomisk vinning, då det ved ein slik rett tilfall ein høgare personleg skattlegging om ein hadde ein slik rett.⁴⁰ Dette var òg grunnen til at ein ikkje held på desse rettane livet ut, men sa dei opp om ein ikkje trong dei til å danne eller drive verksemder. Med omsyn til denne oppgåva sine rammer vil det i tillegg vere for omfattande og mangelfullt å skulle utelukke alle desse personane som fekk borgarbrev fordi ein ikkje kan forsikre seg om at dei danna verksemd heilt åleine grunna manglande kjeldegrunnlag av typen som kjem til seinare i perioden.

Vidare vil det vere eit stort feiltrinn å sjå dei svært avgrensa og marginale tala på kvinner som fekk handverksbrev eller -rett som at ingen kvinner ynskja eller fekk rett til å drive med profesjonelt handverk. Det sistnemnde kan ikkje ha vore tilfelle av lova frå 1866, då ugifte eller skilde kvinner, i tillegg til enker, kunne få tildelt handverksbrev på lik linje med menn.⁴¹ Dermed gjaldt denne retten igjennom heile denne oppgåva si aktuelle periode, berre endra ved den ovanfor nemnde endringa av handelslova i 1907, i tillegg til at det etter 1888 også vart opna for gifte kvinner. Årsaken bak det forsvinnande låge talet på kvinner med handverksbrev eller -rett kjem av at ein ikkje trong desse rettane for å drive med typiske «kvinnehandverk». Dette var handverk som til dømes saum og liknande, noko som gjev potensielt store mørketal for kvinner som dreiv med profesjonelt handverk av denne typen.⁴² Difor vil det i denne oppgåva fram til 1909 vere handelsbrev og/eller -rettar som i hovudsak vert undersøkt.

Slik sett er Handelsregistra og firmaregister betre og meir nøyaktige å nytte for å finne akkurat nydanna verksemder med kvinner bak seg, enn det er å sjå på alle som får borgarbrev og/eller -rettar i perioden før dette. Handelsregisteret vart etter 1891 omgjort frå å vere mange lokale og regionale firmaregister, til eit overordna nasjonalt register. Slik sett kunne ein ha teke føre seg utviklinga heilt ifrå dette tidspunktet og utover. For å unngå feilkjelder ved den fyrste bølga av firma som tidlegare hadde vore registrerte lokalt og regionalt, og som innan dei fyrste åra måtte registrerast «på ny» i det nasjonale registeret, har 1909 vore sett som det året denne oppgåva går over til å nytte handelsregistra som kjelde. Dermed ser ein berre dei som dannar nye verksemder, og ikkje dei som måtte registrere allereie eksisterande på nytt.

Heller ikkje Handelsregistre for Kongeriket Norge er utan feil og problem når ein skal gjennomføre ein både kvantitativ og kvalitativ gjennomgang av alle utgjevingane frå 1909 til 1920. Eit av problema *omhandlar den inkonsekvante forma på registreringa av fornamn eller*

⁴⁰ Eliassen, 206, 166-167.

⁴¹ Blom & Tranberg, 1985, 152.

⁴² Blom & Tranberg, 1985, 147.

*ikkje. Fleire av dei som registrerar firma sine har berre vorte sett opp med førebokstav og etternamn, medan andre er sette opp med fullt namn.*⁴³ Dette krev ein meir nøye gjennomgang av desse registreringane for å kunne vere heilt sikker på kjønnet til vedkomande dannar av verksemda. *I tillegg kan ein ikkje utlukke at sjølv om det berre står eitt namn registrert som eigar og/eller drivar av verksemda, når det i realiteten ikkje er berre denne personen som driv åleine, slik Roll-Hansen òg påpeikar i sitt arbeid med folketeljingane.*⁴⁴ *Det kan til dømes vere både husmor og husfar som eigentleg eig og driv verksemda saman, men at av ulike grunnar, står berre mannen oppført som eigar eller drivar. Dette utgjer ei feilkjelde som vil bli teke omsyn til i arbeidet med handelsregistra gjennom perioden.*

Fleire dømmer på slike feil har kome til overflata i løpet av arbeidet med folketeljingane frå Ålesund. Dette gjeld blant andre gifte Antonette Karoline Vorren, som står om «Hustru» og ektemannen står oppført med «Garn & strikkeforretning» under kolonnen for yrke.⁴⁵ At det faktisk var Antonette som danna denne verksemda vert bevist av ei fråsegn i handelsregisteret frå 1902, der ho «under Firma A. Vorren agter at drive Handel i Aalesund».⁴⁶ Eit motsett tilfelle av dette, der ein husstand vart «korrekt» framstilt i forhold til røynda, ser ein ved noteringa av Anna Elise Disch si familie i folketeljinga frå 1910, der Anna Elise står som eigar av feitevareforretninga ho danna i 1907, medan både ektemannen og sonen står som «Betjent i fedevareforretning».⁴⁷

Talforhold mannleg - kvinneleg deltaking i næringslivet i Ålesund

Korleis artar utviklinga i talforholdet mellom mannlege og kvinnelege entreprenøra seg igjennom perioden? Det er her interessant å sjå på korleis talet på kvinnelege entreprenørar endrar seg både i tal og form igjennom perioden, særleg i forhold til talet på mannlege entreprenørar. Dette ser ein illustrert i tabell og diagram 3a for innvilga borgarbrev i perioden 1865 til 1908, og tabell og diagram 3b for dei som registrerte nye verksemder i Handelsregisteret i perioden 1909 til 1920, slik det vart sett føre ovanfor.

⁴³ Handelsregistre for Kongeriket Norge, 1891, 1-77.

⁴⁴ Roll-Hansen, 2019.

⁴⁵ RA, Folketelling 1910 for 1501 Ålesund kjøpstad, Tellingskrets 009, Bosted by 0043 Storgate 8, Leilighet 01.

⁴⁶ Handelsregistre for Kongeriket Norge, 1902, 783.

⁴⁷ RA, Folketelling 1910 for 1501 Ålesund kjøpstad, Tellingskrets 012, Bosted by: 0008 Kongsgaten 29, Leilighet 03.

Tabell 3a Entreprenører i Ålesund 1861-1908: Borgarbrev i magistrarprotokollane				
	Kvinner	Kvinner og menn totalt		
		Totalt	Handel	Handverk
1861-1885	35	675	380	295
1886-1903	100	797	444	353
1904-1908	75	643	295	348

Diagram 3a Handelsbrev utstedt i perioden 1865 til 1908

Period	Kvinner	Menn	Totalt
1861-1885	~50	~350	~400
1886-1903	~110	~350	~460
1904-1908	~90	~220	~310

Tabell 3b Entreprenører i Ålesund 1909-1920: Registrerte firma i handelsregistera		
	Kvinner	Totalt
1909	2	21
1910	7	27
1911	3	44
1912	5	28
1913	2	29
1914	5	23
1915	3	33
1916	5	31
1917	8	42
1918	2	45
1919	2	59
1920	3	41

Diagram 3b Registrerte nydanna firma i Ålesund 1909-1920

Year	Kvinner	Menn	Totalt
1909	2	19	21
1910	7	20	27
1911	3	41	44
1912	5	23	28
1913	2	27	29
1914	5	18	23
1915	3	30	33
1916	5	26	31
1917	8	34	42
1918	2	43	45
1919	2	57	59
1920	3	38	41

Overordna kan ein sjå eit klart høgare tal av mannlege entreprenørar i forhold til kvinnelege igjennom heile perioden. I motsetnad til utviklingstrekkka ein såg for sjølvstendig næringsdrivande, kom ikkje tala på mannlege og kvinnelege næringsdrivande på noko tidspunkt nær kvarandre i løpet av tidsrommet 1865 til 1920. Sett i forhold til tal frå vår eiga meir likestilte samtid er ikkje denne utviklinga heilt uventa, sidan menn i 2017 utgjorde 61% av alle som starta enkeltpersonsføretak i forhold til at kvinner stod for dei resterande 39% , noko som igjen var ei auke frå 2010 med 5% for kvinneleg etablering av enkeltpersonsføretak.⁴⁸

Men dette overordna trekket med lite krysningar i dei talmessige forholda må ikkje forvekslast med eit bilete av ei utvikling lite prega av endringar og korrelaterande svingingar i talet på mannleg og kvinnelege entreprenørar igjennom perioden. Når det gjeld utviklinga for kven som fekk innvilga borgarbrev eller -rett, såg ein i starten av perioden ein tidleg oppgang i talet på kvinner, medan talet på menn som fekk borgarbrev eller -rett låg stabilt fram til omlag 1900.

I reine tal og prosentforhold var det 35 av 380 kvinnelege entreprenørar i perioden 1861 til 1885, som utgjorde 9,2% av alle som fekk handelsbrev og/eller -rett. Den fyrste kvinna i denne perioden som fekk handelsbrev utan å ta over eit frå ektemannen, broren eller faren, var ugifte «Frøken Wilhelmine Helene Schjølberg» i 1865.⁴⁹ Ho var dotter av ein kaptein, og kom flyttande til Ålesund frå ein mindre kommune på Sunnmøre, Ørskog. Ho var òg den einaste kvinna som fekk handelsrett dette året, men året etter fekk tre nye òg handelsrett.

Talet på kvinnelege entreprenørar steig i perioden 1886 til 1903 til 100 av 444 kvinner med handelsbrev og/eller -rett. Kvinner utgjorde i 1903 dermed 22,5% av alle med handelsbrev og/eller -rett. Dette var meir enn ei dobling av prosentdelen for kvinner i forhold til prosentdelen i føregåande periode. I den etterfylgjande perioden 1904 til 1908 kan ein derimot sjå at denne bratte oppgangen av kvinner som fekk handelsbrev eller -rett ikkje heldt seg oppe på same nivå som i perioden før. Kvinner utgjorde i alt 75 av totalt 295, altså 25,4%, av dei som fekk handelsbrev eller -rett mellom 1904 og 1908.

Som diagram 3a viser gjekk også det totale talet på tildelte handelsbrev nokså bratt ned, og fall under nivået for den fyrste perioden som vert omtala her. Her var det nedgangen i talet på menn som fekk handelsbrev eller -rett som påverka nedgangen i det totale talet. Denne utviklinga er påfallande lik utviklinga for sjølvstendige næringsdrivande i Ålesund i same periode, som tidlegare vart sett i korrelasjon til den generelle nedgangen i talet på den

⁴⁸ Statistisk Sentralbyrå, 2019.

⁴⁹ Sjå den vedlagte tabellen over dei kvinnelege entreprenørane for kjeldetilvising.

mannlege delen av Ålesund si befolkning i same periode. Forholdet mellom talet på kvinner og den totale utviklinga for innvilga handelsbrev vil verte drøfta i kapittelet om årsakssamanhengar.

Som det vart nemnt ovanfor er det grunna kjeldetilhøva som skiftet mellom éi type kjelde med sine premiss til ei anna med andre premiss, ikkje mogleg å sjå utviklinga for heile perioden under eitt. Difor har tala før 1908 og etter 1909 vorte delt opp for seg, og dermed vorte undersøkte kvar for seg. Dermed er det ikkje mogleg å trekkje linjer rett frå 1908 til 1909, noko som er uheldig for undersøkinga, men som er eit godt substitutt når kjeldetilhøva gjennomgjekk dei endringane som dei gjorde ifrå det eine året til det andre.

Om ein ser på diagram 3b som illustrerer talet på registrerte nydanna firma i Ålesund i perioden 1909 til 1920, er det særleg to utviklingstrekk som står tydeleg fram: Talet på menn var igjennom heile perioden prega av store svingingar, medan talet på kvinner i mindre grad fekk slike store opp- og nedgangar. Med andre ord er det ikkje like store svingingar for kvinnene. Talet på kvinnelege entreprenørar var heller prega av ein taktfast opp- og nedgang vekselvis for annakvart år. Her utkrystaliserer det seg eit «tak» på rundt 5 til 7 stykkar per år med sterk oppgang, med botnar på omlag 2 til 3 i år med dei lågaste verdiane.

Til slutt i perioden kan ein sjå at talet på kvinner som registrerer nydanna verksemdar gjekk ned til eit stabilt lågt nivå på 2 til 3 per år. Talet på menn gjekk derimot drastisk oppover fram til 1919, før også dette talet fall dramatisk ned igjen mot dei same verdiane som rundt 3 år tilbake. Ein interessant observasjon er korleis tala på menn og tala på kvinner ser ut til å påverke kvarandre. I dei periodane der tala på menn gjekk kraftig opp, gjekk talet på kvinner noko ned, og vise versa. Altså er det interessant å sjå på korleis og ikkje minst kvifor desse tala er så tydeleg kopla saman og var avhengige av kvarandre i sine utviklingstrekk som diagram 3b viser. Her vert det blant anna aktuelt å ta føre seg dei allereie nemnde endringane i lovene som opna næringslivet opp for fleire grupper av kvinner, endringar i Ålesund sitt næringsliv generelt, og ikkje minst dei ovanfor nemnde demografiske endringane ein blant anna kan sjå frå folketeljingane.

Type verksemd dei kvinnelege entreprenørane deltok i næringslivet med

Når det til no i denne oppgåva har vorte sett på den talmessige utviklinga for kvinneleg entreprenørskap i løpet av den aktuelle perioden, er det like interessant å sjå på korleis desse handelsbrev og -rettane vart nytta, samt kva dei registrerte verksemdene bestod i. I handelsregistra vart det sjeldan skildra kva type verksemd som vart danna. Ein må difor leite

andre stadar etter kjelder som kan utfylle dette holet i informasjonen om kvinnene som kan definerast som entreprenørar. Her står blant anna adressebøkene for Romsdal frå perioden sentralt, samt digitalarkivet.no sin søkemotor som søker igjennom alle digitaliserte kjelder frå dette området etter personnamn, som svært nyttige kjelder for å kunne seie noko om kva type verksemd som vart danna.⁵⁰

Men som det vart skildra i innleiinga er kjeldetilhøvet og tolkinga av kjeldene rundt kvinner sine yrkesliv både mangelfull og problematisk. Blant andre har historikar Hege Roll-Hansen sett på problemet med under- og feilnoteringar av kvinner sin yrkestittel og levebrød.⁵¹ Fleire kvinner som bidrog med inntekter har i fleire av folketeljningane likevel vorte skrive ned som «husmor» eller «understøttes av husfar», noko som hindrar denne oppgåva sin søken etter kva dei kvinnelege entreprenørane faktisk dreiv som. Roll-Hansen knyt denne undernoteringa til det ho kallar «en kjønnet familielogikk», der husstandar i hovudsak vart sett opp etter hovud- og bipersonar, og der husfar automatisk vart sett på som hovudperson i dei fleste tilfella.

For denne oppgåva fører denne problematiske noteringa av kvinner sine yrker til fleire store høl i kartelegginga av kva type verksemd dei kvinnelege entreprenørane starta. Slik Roll-Hansen viser til er det flest gifte kvinner som ikkje har vorte noterte utifrå typen verksemd eller yrke dei hadde, då dei har vorte sette opp som «husmødrer» eller som biperson til sin ektemann. Det er likevel mogleg å sjå eit mønster for type verksemd utifrå dei kvinnene som faktisk har vorte noterte som yrkesaktive. Men ein må likevel ta atterhald om at nokre kvinner som ikkje har vorte noterte med type verksemd kan ha danna eit unntak frå dette mønsteret.

I all hovudsak og i grove trekk er typen verksemder som kvinner danna og deltok i næringslivet med, lite prega av variasjon og mangfald. Ein kan tydeleg sjå at kvinner som danna eiga verksemd heldt seg til næringar som tradisjonelt sett har høyrte til heimen, slik som handel innan huslege artiklar, kle og mat, i tillegg til drift av restaurantar, kafear, losjering og liknande. Det var særleg to ulike typar verksemder desse kvinnene danna; verksemder som likna «Modehandel» eller «Broderiforretning», og «Kolonialhandel» eller «Fruktforretning». Eit døme på fyrstnemnde type verksemd ser ein at blant andre ugifte Mina Steffenssen frå Ålesund danna i 1902.⁵²

⁵⁰ Adressebøkene for Romsdals Amt, 1900; 1907; 1909; 1911; 1920.

⁵¹ Roll-Hansen, 2012, 185.

⁵² SAT, Folketelling 1900 for 1501 Ålesund kjøpstad, 1900, s. 489

Ugifte Hanna Pedersen frå Eidså, Vanylven danna broderiforretning i 1890.⁵³ Hennar far var òg handelsmann i heimkommunen, noko som er ein interessant å ta med i drøftinga av årsakene til at akkurat desse kvinnene vart entreprenørar. I 1906 danna gifte Anna Sofie Katrine Ramstad frå Førde si eiga kolonialforretning.⁵⁴ Dette var eit langt steg utanfor den yrkesvegen foreldra hadde teke, som var gardbrukarar i tillegg til at faren var sersjant. Ein meir nøyaktig gjennomgang av desse sosioøkonomiske bakgrunnane vil denne oppgåva kome tilbake til seinare i kapittel 3.

Derimot ser ein nokre dømer på kvinner som ikkje dreiv innanfor denne avgrensa delen av næringslivet i Ålesund. Eit døme på ei kvinne som dette var gifte Ingeborg Schrøder frå Molde i 1898, som dreiv «Bødkerforretning», altså tilverking og sal av tønner.⁵⁵ Slik sett ser ein eigentleg ikkje noko særleg endringar i typen næring kvinner tok del i gjennom perioden. Nokre fleire kvinner skilde seg òg ut ved å danne blant anna «Urforretning», slik Debora Krudzkoff gjorde i år 1900, eller «Guldsmedforretning», slik gifte Karen Marie Hagen danna i 1907.⁵⁶ Dette var alle verksemder som var baserte på handverk som ikkje høyrde til det tradisjonelle husflidshandverket, og som før opninga i handverkslovgjevinga hadde ekskludert kvinner frå å drive verksemder rundt.⁵⁷

Men gjennom den tidvise auken i talet på kvinner som vart entreprenørar, ser ein likevel ei endring i form av at denne typen næring vart meir utbreitt og utgjorde ein større del av bybiletet enn tidlegare. Tidlegare hadde menn drive nærmast åleine også innanfor næringar som kost, losji, bekledding og liknande. Det var likevel ein mindre overgang for kvinner når dei starta innanfor næringar kontra andre næringar, då dette var ein naturleg del av deira utstrekke og utflytta rolle som husmor. Ein kan dermed sjå føre seg at ugifte Helga Petrine Ytrevik frå Skodje, som danna vaske- og strykeforretning i 1919, møtte mindre motstand enn ovanfor nemnde Ingeborg Schrøder, som danna bødkerforretning. Slik sett kan ein seie at menn òg har fylt inn etter behov for denne typen næring før kvinner fekk rett til å drive profesjonelt, sjølv om dette tradisjonelt sett har lege utanfor menn sine oppgåver i heimen.

Men også adressebøkene har nokså openbare og gapande hol, noko som raskt viser seg problematiske. Det fyrste og mest prekære er at denne kjelda ikkje kan nyttast om den fyrste delen av perioden, men berre omtalar perioden 1900 til 1920, med faktiske publikasjonar i

⁵³ SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 529/L0457: Ministerialbok nr. 529A07, 1894-1903, s. 145

⁵⁴ SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 529/L0456: Ministerialbok nr. 529A06, 1894-1906, s. 253

⁵⁵ SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 529/L0455: Ministerialbok nr. 529A05, 1885-1893, s. 257

⁵⁶ Romsdals amts adressebok 1907 s. 38

⁵⁷ Blom & Tranberg, 1985, 152.

1900, 1907, 1909, 1911 og 1920. Denne ujamne utgjevinga av bøkene, der det går fleire år mellom kvar publikasjon, er ein annan av dei store svakheitene ved å nytte desse kjeldene. Ein må dermed rekne med at nokre av verksemdene som ein ikkje har funne omtale av, kan ha vore av ein meir banebrytande karakter med tanke på typen verksemd. Men om ein tenkjer desse omtalane som «stikkprøver» for utviklinga igjennom perioden, ser ein likevel at majoriteten viser seg å vere av typiske «kvinne-syslar».

Her er nokre av hola forsøkt tetta ved å nytte avanserte søk på digitalarkivet.no for å sjå kva desse enkelte kvinnelege entreprenørane potensielle yrkestitlar har vore sett opp som i blant anna folketeljingane, kyrkjebøker eller liknande, med varierende hell i utfallet. Som nemnt ovanfor i dette kapitlet har blant andre Roll-Hansen påvist store underregistreringar av kvinner sine yrkestitlar, noko som òg gjer seg gjeldande i arbeidet med å finne fram til omtalar av yrket til dei aktuelle kvinnene som danna verksemdar, og kva verksemdene deira kunne omtalast som. Dette er òg eit aspekt som vil verte drøfta seinare i oppgåva rundt årsaker og verknadar av kvinnelege entreprenørskap. Er dette eit bevisst val eller ein ikkje bevisst feil frå dei som har notert og sett svara inn i folketeljingar, kyrkjebøker og liknande, og kva kan liggje bak desse utfalla?

Eit anna utviklingstrekk ser ein i korleis og med kva namn verksemdene til desse kvinnelege entreprenørane vart registrerte med i Handelsregistera og adressebøkene. Mot slutten av perioden er det ei overvekt av kvinner som valde å danne verksemdar utan sitt eige (føre)namn som verksemdsnamn. Verksemdar danna av kvinner skilde seg ikkje lenger ut ved å verte annonserte med kvinnene sine fulle namn, noko som gjorde dei likare verksemdar danna av menn. Når dette er sagt, var dette ein typisk trend i løpet av perioden for verksemdsdannarar å distansere seg sjølve frå verksemda sitt namn. Ein ser òg ein aukande grad av avertering i aviser, tidsskrift og adressebøker gjennom perioden for begge kjønn, men kvinnene gjorde seg òg meir gjeldande i denne typen promotering på lik linje med menn. Med andre ord vert det konkurranse mellom verksemdene, og det gjekk prestisje i å inneha den beste kvaliteten eller kvantiteten av produkta eller tenestene dei tilbød. Dette vil verte sett nærmare på i kapittel 5.

Kapittel 2: Sivilstatus som faktor for kvinneleg entreprenørskap

Innleiing

Når eg til no i oppgåva har teke føre meg korleis kvinneleg entreprenørskap i Ålesund i perioden 1865 til 1920 arta seg, i form og tal, vil eg no sjå nærmare på kven kvinnene i Ålesund som stod bak slike verksemdar faktisk var. Difor vil det i dette kapittelet vere fokus på korleis sivilstatus verka inn på grada av utbreiing for denne forma for kvinneleg deltaking i næringslivet. Blant anna er det interessant å sjå korleis ei gift kvinne var stilt i forhold til ei som var ugift, enke eller skild, både i form av kva haldningar ho vart møtt med ute i næringslivet, og om sivilstatusen hennar var til hindring eller til hjelp om ho skulle starte ei verksemd eller ikkje. Seinare i denne oppgåva skal vi òg ta føre oss kva deira sosioøkonomiske og geografiske utgangspunkt var, nettopp for å kunne sjå på kva type kvinner som utgjorde denne gruppa av næringsdrivande i samfunnet. Med dette unngår ein å feilaktig sjå på denne gruppa av kvinnelege næringsdrivande som éi homogen gruppe, noko som gjer det vanskelegare å sjå kvifor akkurat desse kvinnene valde og kunne velje å danne eigne verksemdar.

Vidare er det interessant å sjå grada av og typen påverknad sivilstatusen hadde for entreprenør-kvinner, i forhold til korleis sivilstanden påverka kvinner med arbeid utanfor heimen generelt. Er det stor eller liten skilnad mellom den mindre undergrupperinga «entreprenørske kvinner» og kvinner i arbeid utanfor heimen generelt når det kjem til forholdet mellom dei ulike typane sivilstand? Kva kan dette seie oss om korleis kvinner med ulike heimlege utgangspunkt stod i møte med næringslivet slik som kvinnelege gründerar gjorde? Ved å sjå på Ålesund i eit punktstudie, med fokus på korleis denne situasjonen endra seg over tid, kan ein samanlikne Ålesund sine forhold med samanliknbare tal frå norske byar generelt. Var Ålesund eit unntak, eller var det heller ein by som viser representative forhold samanlikna med norske byar generelt?

Bakgrunn

I motsetnad til kvinneleg entreprenørskap som tema er temaet kvinner og arbeid gjennom tidene eit relativt godt dekt tematisk felt. Kvinne- og kjønns historikarar som Sølvi Sogner, Bente Rosenbeck og Ida Blom har skriva om dette temaet ved fleire anledningar og med fleire ulike vinklingar. Sivilstatus og familieforhold har vore eit gjennomgåande aspekt i deira

framstillingar av kvinneliv frå middelalderen fram til vår eiga samtid her i Skandinavia.⁵⁸ På meir inter- og transnasjonalt plan står blant andre Alice Kessler-Harris sitt verk om lønna kvinner i USA sentralt som samanlikning med situasjonen i Noreg og dei skandinaviske nabolanda.⁵⁹

Tidlegare nemnde Eirinn Larsen har igjennom sitt studie blant anna sett på korleis sivilstand påverkar kvinneleg entreprenørskap.⁶⁰ Larsen fann at kvinneleg entreprenørskap ikkje på noko tidspunkt berre var «et peppemøfenomen», altså føreheldt for enker og ugifte. Derimot kan ein i følgje Larsen sjå eit aukande tal på gifte kvinnelege entreprenørar mot slutten av 1800-talet i Kristiania. Dette ser ho som typisk utviklingstrekk samanlikna med anna tidlegare forskning på dette feltet med andre geografiske utgangspunkt. Dermed er det interessant å sjå på korleis desse utviklingstrekka står samanlikna med utviklingstrekka for Ålesund i same periode, særleg sidan Larsen hevdar at dette er eit meir allmenngyldig trekk enn å berre vere gjeldande for Kristiania.

Randi Rønning Balsvik tok òg med kvinneleg deltaking i næringslivet då ho skreiv bygdebok for Vardø.⁶¹ Ho fann at «noen få kvinner drev egen handel. De var ofte ugifte og enker». Dette bokprosjektet hadde dessverre ikkje ein like systematisk og kvantitativt lada gjennomgang av fleire aspekt ved kvinneleg deltaking i næringslivet som denne oppgåva har forsøkt å halde på. Men desse avgrensa funn er likevel interessante å samanlikne med mine eigne funn frå Ålesund, då begge er kystnære byar med fiske som viktigaste primære næring i den same perioden.

Som vi har sett på tidlegare i det realhistoriske kapittelet er perioden 1865 til 1920 på grunn av den samtidige industrielle revolusjonen og den tilhøyrande urbaniseringsprosessen, ei av perioden i norsk historie med størst omvelting i forhold til samfunnsstruktur.⁶² Dette påverka òg familiestrukturane i samfunnet, slik blant andre Gro Hagemann og Kari Melby påpeikar.⁶³ Den gamle rurale samfunns- og familiestrukturen i det før-urbane samfunnet tilsa at jente til vanleg budde heime til ho var rundt 15 år, altså til ho var konfirmert, for så å flytte heimanfrå for å arbeide på ein annan gard på bygda eller på ein arbeidsplass i byane. Når ho etterkvart gifta seg, var det forventet at ho skulle arbeide på garden ho og mannen budde på med ei nokså jamn arbeidsfordeling, men med ulike oppgåver. Gardskona hadde i stor grad ansvar for omsorg og oppseding, medan mannen skulle vere ute og arbeide for å fø familie

⁵⁸ Blom, Rosenbeck og Sogner, 2005.

⁵⁹ Kessler-Harris, 1982.

⁶⁰ Larsen, 2014, 149-151.

⁶¹ Balsvik, 1989, 164-165.

⁶² Bergh, 1983; Myhre, 2015; Stugu, 2012.

⁶³ Hagemann, 1994. Hagemann, 2010, 161-163; Melby, 2010, 261.

med det han fekk inn av avlinga og animaliske produkt.⁶⁴ Slik var familieheimen samstundes den viktigaste arbeidsplassen for begge partar av ekteparet.

Den nye samfunnsstrukturen i det urbane samfunnet førte òg til ei differensiering i familiestrukturane.⁶⁵ Dei gamle familiestrukturane vart skipla i by-samfunnet, då mannen ikkje lenger delte arbeidsplassen sin med kona på ein gard dei begge budde og arbeidde, men hadde arbeidet sitt eksternt frå familien. Kona sin arbeidsplass heldt på den andre sida fram med å høyre til omsorg og liknande, som det framleis var behov for i familielivet. Den nye arbeidarklassen var likevel oftast avhengig av to inntekter, men idealet vart i aukande grad påverka av den tidlegare familiestrukturen frå bondesamfunnet, med ei kone som var heime med born og eldre. Dette vart endå sterkare idealisert på grunn av overklassen sitt nyare ideal med ei kone som ikkje trengte å arbeide, då mannen kunne tene nok til å fø heile familien på éi inntekt.⁶⁶ Difor er det òg interessant å sjå på korleis den sosioøkonomiske stillinga til kvinnene stiller seg som ein faktor for om dei vart entreprenørar eller ikkje, noko vi vil kome tilbake til. Familiekonstruksjonen påverka på denne måten gjensidig samfunnsstrukturen, då den bestemte kven som skulle arbeide og kva plass ulike familiemedlem hadde i forhold til arbeid.

Endringar i familiestrukturane som årsak

Korleis vart liva til kvinner påverka av endringane i samfunns- og familiestrukturane, utifrå deira eigen sivilstatus? Endå meir enn haldningane i samfunnet vart dette styrt av endringar i lovgjevinga og rettar, som slo ulikt ut for ulike typar ekteskapslege stillingar. Frå gammalt av har enker hatt ei særstilling i forhold til kvinner i eller utanfor ekteskap, som har gjeve dei meir rettsleg handleevne.⁶⁷ Fram til 1845 var det berre enker som hadde uavgrensa myndigheit, noko som òg påverka andre under-rettar, slik som retten til å drive handverksverksemdar etter 1839.⁶⁸

Enker hadde òg moglegheita til å ta over deira avdøydd ektemann sine bedrifter, noko magistratprotokollane frå Ålesund viser i mange noteringar om vidareføring av ektemannen sine handels- eller handverksbrev til enka hans.⁶⁹ På denne måten har enker hatt moglegheit for å ta del i næringslivet, og slik sett har enker i næringslivet vore sett på som relativ

⁶⁴ Sogner, 2015, 78-80.

⁶⁵ Melby, 2010, 262.

⁶⁶ Hagemann, 2010, 251-252.

⁶⁷ Blom (red.), 2010.

⁶⁸ Blom og Tranberg, 1985, 146-147; 150-151.

⁶⁹ Ålesund Magistrat Protokoll for forretninger 1848-1868; Ålesund Magistrat Protokoll for forretninger 1848-1868; Ålesund Magistrat Protokoll 1868-1908.

akseptert av samfunnet også før endringane i samfunnstukturen. Men som vidarefører av ektemannen sine verksemdar er dei ikkje entreprenørske etter definisjonen i denne oppgåva som nokon som startar ei eiga verksemd.

Når det gjeld ugifte kvinner sine moglegheiter til å ta del i det nye urbane næringslivet, var dei avhengig av vergen sin velvilje til å gje dei løyve.⁷⁰ I dei fleste tilfelle var dette far, bror eller ein annan mannleg person dei hadde ein relativt nær relasjon til. Men etter at handelslova av 1842 og handverkslova av 1866 opna for at einslege kvinner også kan få utstedt handelsbrev, vart vergeinstutisjonen sterkt svekka.⁷¹ Etter 1845 fekk ugifte kvinner utvida myndigheit, for dei over 25 år, men med ei innskrenking ved at ein «kurator» måtte styre «formuesforvaltninga» deira.⁷² Denne lovendringa gav dermed ugifte kvinner større råderett over eigne val, men der råderetten over deira eigen økonomiske situasjon framleis var avhengig av utanforståande personar sine personlege meiningar. Situasjonen for skilde kvinner var ein mellomting mellom ugifte og enker, då dei som oftast vart sett på som ugifte når dei ikkje lenger var i eit ekteskap, men kunne samstundes nytte seg av deira tidlegare mann sitt etternamn for å leve på hans eventuelle gode renommé.

Gifte kvinner fekk derimot ikkje noko nytte av denne nye lovgjevinga, då dei indirekte vart ekskluderte ved å ikkje verte nemnde. Dermed måtte gifte kvinner ha ein mann som kunne forsørge henne. Dette idealet kan ein sjå at gjor seg gjeldande i myndigheitene sitt syn på familiekonstruksjonane, til dømes gjennom folketeljingane frå denne perioden med tabellar som «Hustruer samt Familielemmer og Tjenere over 15 Aar klassificered efter Forsørgerens eller Husfaderens Livsstilling» i folketeljinga frå 1876.⁷³ I tillegg heldt enkelte bedriften fast ved å kunne gje gifte kvinner og gifte menn ulik løn for likt arbeid, ved å vise til at mannen skulle kunne brødfø heile sin familie med si løn, medan den gifte kvinna ville kunne leve på mannen si løn.⁷⁴

Her ser ein ei endring i folketeljinga frå 1891, der den tidlegare kategorien «Hustruer samt Familielemmer og Tjenere over 15 Aar klassificered efter Forsørgerens eller Husfaderens Livsstilling» til «Nærmere Oplysninger for Riget, Rigets Bygder og Byer samt særskilt for Kristiania vedrørende de til de forskjellige Livsstillingsklasser hørende forsørgede

⁷⁰ Blom og Tranberg, 1985, 150.

⁷¹ Blom og Tranberg, 1985, 147; 152.

⁷² Blom og Tranberg, 1985, 147.

⁷³ Folketællingen i Norge 1 Januar 1876. 2det Hefte.

⁷⁴ Kjøde & Måseidvåg, 1975, 48-50.

Familielemmer samt angaaende de til samme Husstand hen- hørende Familielemmer og Tjenere, der ikke er beskjæftigede ved husligt Arbeide». ⁷⁵

Samstundes var det framleis «Forsørgerens eller Husfaderens Livsstilling» som var sett opp som inndeling for «Livserhverv». Likevel ser ein at den nye kategorien «Hustruer med særskildt Erhverv» dukkar opp for fyrste gong i denne folketeljinga, noko som viser til ei opning for næringsfridom også for gifte kvinner på 1870-talet. Dette gjaldt samstundes berre «salg av frihandelsvarer, som fetevarer og andre landbruksvarer, hadde kafé, skole eller et overnattingssted», sidan desse ikkje kravde handelsløyve for å drive, og det ikkje vart opning for å gje handelsbrev til gifte kvinner før 1894. ⁷⁶ Dei verksemdene som var utelatt frå handelsløyve utgjorde typiske syslar som gifte kvinner allereie var vane med å drive i heimen som kokker, oppsedarar og omsorgsgivarar.

Dermed er det interessant å undersøkje om dei ulike typane verksemdar med kvinnelege entreprenørar bak seg førte med seg ulike haldningar og verdigrunnlag frå dei sjølve og samfunnet rundt. Eirinn Larsen undersøkte sjølv dette forholdet mellom sivilstand og andre bakgrunnstilhøve i sitt arbeid med kvinneleg entreprenørskap i Kristiania. Ho fann at gifte arbeidarklassekvinner tok til med sy- vaske- og strykearbeid, mindre fødevareforretningar og liknande, medan middelklassekvinner blant anna danna broderiforretningar, samt dreiv hotell eller pensjonat. Larsen såg samstundes at detaljhandel vart drive av kvinner med ulike sivilstandar og klassesilhøyrse. ⁷⁷ Slik det kom fram av kapittel 1 har ikkje arbeidet med kjeldematerialet for Ålesund vist seg å vere stort nok og representative nok for type verksemd kvinnene danna til at ein kan dra dei same linjene som Larsen gjorde for Kristiania. Dei avgrensa funna som har kome fram av kjeldematerialet viser at det ikkje var like tydelege skilnader i typen verksemd avhengig av kva ulike sivilstandar kvinnene i Ålesund kom frå. ⁷⁸

Sivilstatus og arbeid utanfor heimen generelt

For å ha eit godt samanlikningsgrunnlag i det norske samfunnet generelt, må det fyrst setjast føre kva det norske samfunnet sine haldningar til sivilstatus i forhold til arbeid utanfor heimen generelt kan ha vore. Sidan kategorien «entreprenør» berre er ein avgrensa og tversgåande del av norsk arbeidsliv, er det viktig å kunne sjå entreprenørskap i forhold til ein større samanheng. Folketeljingane frå 1875 til og med 1920 har òg vore opptekne av å kartleggje arbeidsliv i forhold til sivilstand, noko som òg dannar grunnlaget for vår samanlikning (sjå


⁷⁵ Folketellingen i Kongeriget Norge 1 Januar 1891.

⁷⁶ Larsen, 2015 (2019).

⁷⁷ Larsen, 2014, 150-151.

⁷⁸ Vedlegg 1 (tabell med detaljar om alle kvinnelege entreprenørar i Ålesund).

diagram 1). Tala frå folketeljningane viser ei todelt utvikling, der tidlegare gifte og gifte følgjer ei jamn og konstant utviklingslinje, medan talet på ugifte har ei meir dynamisk utvikling gjennom vår aktuelle periode. Der talet på tidlegare gifte og gifte ligg på eit stabilt lågt nivå gjennom heile perioden, følgjer tala på ugifte endringane som skjer for det totale talet på kvinner i arbeid utanfor heimen.



Kva ligg bak desse tala? Det jamne talet på tidlegare gifte kvinner, altså enten enker eller skilde, som er i arbeid utanfor heimen kan forklarast ved at både talet på enker og talet på skilde i det heile ikkje hadde noko enorm vekst gjennom perioden. Når det gjeld talet på enker var det ingen utanforliggjande grunnar for at talet på denne gruppa skulle auke i dette tidsromet, då den demografiske utviklinga i landet generelt var prega av nedgang i dødelegheit som følgje av blant anna betre kunnskap om hygiene, helse og medisin.⁷⁹ Fleire tiltak vart òg sette i verk gjennom perioden for å sikre enker (og enkemenn) økonomisk stabilitet etter ektefellen sin død, noko som gjorde at færre måtte ut i arbeid for å overleve.⁸⁰ Ein ser samstundes ei lita auke i talet på skilde kvinner, då lova av 20. august 1909 om Lov om adgang til oppløsning av ektepakt gjorde det lettare for kvinner og menn å skilje seg om dei

⁷⁹ Statistisk Sentralbyrå, 2019; Søbye, 2012.

⁸⁰ Blom og Tranberg, 1985, 150; 156.

ynskja det, noko som òg kan forklare den vesle oppgangen i talet på tidlegare gifte i arbeid utanfor heimen akkurat rundt 1910-talet.⁸¹

Når det gjeld utviklinga for tala på gifte og ugifte kvinner har blant andre Melby vist til to ulike tendensar i tida som kan ha vore medverkande årsaksfaktorar for denne utviklinga.⁸² Den fyrste viser til at det overordna talet på ugifte aukar i denne perioden, då byen sine arbeidsplassar kunne erstatte tenesteordninga på bygdene. Etter 1818 vart den lovpålagde forordninga av 1754 om å binde seg til årlege tenestepostar i bygda ein kom ifrå, slik at ein etter 1818 kunne flytte dit ein ville for å arbeide.⁸³ Hindringane for ugifte kvinner si deltaking i arbeidslivet vart stadig lågare på grunn av dei tidlegare nemnde nye liberale lovendringane som gav dei meir fridom enn dei tidlegare hadde hatt under strengare vergeinstitusjonar. Med mindre ein kurator sette seg i mot valet for yrkesveg, og på denne måten påverka «formuesforvaltninga» til kvinna, hadde utanforståande liten råderett etter 1845.⁸⁴

Den andre årsaksfaktoren ligg i det stadig aukande talet på husmødrer frå midtpunktet i perioden og utover, særleg grunna endringane i familie- og samfunnsstrukturane rundt dei. Overgangen frå gardskone til gift kvinne i byen, som ikkje automatisk delar arbeidsplass med ektemannen, førte òg med seg endringar i synet på kva ei kvinne skal gjere, samt hennar plass i privatøkonomien. Det viktorianske kvinneidealet som i realiteten høyrde til overklassen, der kona i huset vart sett på som «the angel of the house» med eit velstelt hushald, gjorde seg endå meir gjeldande for middelklassen gjennom fyrste halvdel av 1900-talet.⁸⁵

Kva kom denne endringa i kvinnesyn av? Overgangen frå ein familieøkonomi, som tok utgangspunkt i eit sjølvbergingssystem der både bondekona og -mannen har vitale og uunnverlege arbeidsoppgåver for at gardslivet skulle kunne gå rundt, til eit system med inntekter frå ein ekstern lønsgjevar, kan sjåast som ein overhengande årsaksfaktor her. Etter dette skiftet vart det viktigaste for familieøkonomien å gje ektemannen i familien ei sikker inntekt som hovudforsørgjar, då han ikkje lenger hadde inntekta si knytt til heimen. Men heimen, i form av ein bustad og familie, var framleis avhengig av å ha ein part som skjøtte det for at det skulle fungere, noko kona og kvinnene heldt fram med også etter dette familieøkonomiske skiftet. Likevel er det vanskeleg å sjå om desse ideala låg hjå kvinnene sjølve, eller om det var haldningar rundt dei som styrte dette. Difor skal vi seinare i denne

⁸¹ Blom og Tranberg, 1985, 161.

⁸² Melby, 2010, 261-267.

⁸³ Blom og Tranberg, 1985, 145.

⁸⁴ Blom og Tranberg, 1985, 150.

⁸⁵ Rosenbeck, 2005, 204

oppgåva gå endå nærmare inn på korleis desse haldningane kom til uttrykk i samfunnet, og frå kven.

Skiftet i hushaldsøkonomien, slik det tidlegare i denne oppgåva har vorte vist til, førte blant anna til at arbeidskategoriar som «husmor» vaks. Men i arbeidet med denne kategorien har det vore fleire ueinigheiter. Tidlegare nemnde Roll-Hansen og Lie har særleg poengtert denne problematiske delen av folketeljingane.⁸⁶ Dette førte med seg fleire ulike feilkjelder rundt korleis husmødrer har vorte talde frå folketeljinga til folketeljing, noko som er heilt avgjerande å ta omsyn til når ein skal ta føre seg kva statistikk folketeljingane kan gje oss om denne yrkeskategorien.⁸⁷ Vart til dømes gifte kvinner frå arbeidarklassen sett opp som husmødrer, i tillegg til det dei gjorde som lønstakar, eller var dette ein kategori som var reservert for middelklassen sine gifte kvinner, utan eksternt lønna arbeid? Difor finnast det fleire tilfelle av gifte kvinner, som i den eine folketeljinga vart sett som husmødrer utan geskjeft, men som i neste vart sett opp som husmor med eit annan type arbeid. Når eg no vil gå nærmare inn på korleis kvinneleg entreprenørskap i Ålesund vart påverka av ulike former for sivilstatus, er det difor viktig å hugse på desse tilkorkomingane som ligg i folketeljingane sine kategoriseringar.

Kvinnelege entreprenørar i Ålesund fordelt etter sivilstand

Som tidlegare nemnt er borgarbrev som vart noterte i magistratprotokollane frå Ålesund eit godt utgangspunkt for å ta føre seg kven som var entreprenørar og ikkje.⁸⁸ Alle måtte søkje og få innvilga eit handels- eller handverksbrev for å kunne starte ei verksemd, med risikoen i å måtte tene nok til å betale skatt for å halde på denne retten. Slik det kom fram av det føregåande kapittelet om entreprenørskap og sjølvstendig næringsdrivande sine definisjonar, er det etter denne oppgåva sitt syn viktig å skilje mellom entreprenørskap og sjølvstendig næringsdriving, men å likevel setje dei inn i ein større samanheng. Difor er det interessant å studere utviklingslinjene for dei faktiske tala frå Ålesund for dei som danna sin eigen arbeidsplass (entreprenørar med handels- eller handverksbrev, diagram 2), for deretter å kunne samanlikne desse tala med utviklinga for kvinner som arbeidde utanfor heimen generelt (diagram 1) slik det vart gjort greie føre ovanfor.

⁸⁶ Lie & Roll-Hansen, 2001.

⁸⁷ Folketellingen i Norge 1 Januar 1876. 3die Hefte; Folketellingen i Kongeriget Norge 1 Januar 1891. Fjærde Række; Folketellingen i Norge 1 December 1910. Sjette Hefte; Folketellingen i Norge 1 December 1920. Ellevte hefte; Folketellingen i Norge 1 December 1920. Tiende hefte.

⁸⁸ Ålesund Magistrat Protokoll for forretninger 1848-1868; Ålesund Magistrat Protokoll for forretninger 1848-1868; Ålesund Magistrat Protokoll 1868-1908.

Sjølve noteringa av borgarbreva held på ei nokså fastsett form gjennom heile denne oppgåva si aktuelle periode, men med enkelte variasjonar i korleis nettopp sivilstatusen til kvinnene vart noterte. I byrjinga vart ugifte kvinner skriva som til dømes «Jomfru Anne Fredrikke Rasmussen» i 1866, og enker som «Enkemadame Klaudine Fjelde f. Hincken» i 1873. Seinare finn ein variasjonar som «Pige» og «Enke», til at det i midten av perioden vart utelatt å nemne denne typen tittel, men går over til å verte presisert lenger ute i noteringa om dei er ugifte, gifte eller enker. Til samanlikning står ikkje sivilstatus nemnt i nokon av noteringane av kunnjort borgarbrev til menn. Her ser ein tydeleg at sivilstatus har vore eit viktig perspektiv òg for magistraten og samfunnet generelt, noko som kom naturleg av differensieringa i lovverket utgjevinga av desse rettane utifrå om ein var gifte eller ikkje før 1894.

Utifrå det relative fåtalet av borgarbrev som vart gjevne ut i Ålesund i perioden 1865 til 1908, utgjer kvinneleg entreprenørar ein svært liten del av det totale talet på kvinnene i Ålesund i arbeid utanfor heimen. Det same ser ein om ein tek føre seg talet på kvinner som registrerer firma i Ålesund i 1909 til 1920. Men der utviklinga for talet på kvinner i Ålesund i arbeid utanfor heimen går opp og ned igjennom perioden, går talet på kvinner med borgarbrev i Ålesund utelukkande oppover heilt fram til 1908. Lovendringar for registrering er den mest trulege årsaken til at dette talet gjekk ned.⁸⁹ Kvinnene hadde også i dette tilfellet vorte delt opp etter dei tre ulike sivilstandane «ugifte», «gifte» og «enker», og ein får då følgjande utviklingsmønster i diagram 2a og 2b⁹⁰.


Tala viser at i starten av perioden (1865 til 1879) var det flest ugifte og enker som fekk kunnjort borgarbrev og -rettar, med berre éi gift kvinne, Madame Marie Drage. På grunn av at lovgjevinga for desse rettane ikkje opna for gifte kvinner før 1894, må dette ha vore ei feilnotering i protokollen, der ho òg enten var ugift eller enke.⁹¹ Den typiske kvinnelege entreprenøren på denne tida var Jomfru Poulina Tobine Muggeberg frå Bergen, Frøken Olave Petrine Marie Viddal frå Ørskog, eller Enkemadame Klaudine Fjelde, fødd Hincken, frå Kristiansund.⁹²

⁸⁹ Lov om handelsnaering, 1907.

⁹⁰ Diagram 2a og 2b er danna utifrå vedlegg 1 (tabell med detaljar om alle kvinnelege entreprenørar i Ålesund).

⁹¹ Larsen, 2015 (2019).

⁹² Folketelling 1875 for 1301 Bergen kjøpstad SAB, Nykirken Sokneprestembete, H/Haa: Ministerialbok nr. D 2, 1861-1883, s. 169; SAT, Ministerialprotokoller, klokkebøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 522/L0313: Ministerialbok nr. 522A08, 1852-1862, s. 10; SAT, Folketelling 1885 for 1501 Ålesund kjøpstad, Tellingskrets: 000, Bosted by: 0429 Kirkegaden, Gårdens nr.: 71.



I tidsrommet 1880 til 1889 gjekk talet på gjevne borgarbrev og -rettar til enker ned, medan talet på ugifte kvinner som fekk kunngjort borgarbrev eller -rett heldt fram med å gå jamt oppover fram mot 1890-talet. I denne fyrste perioden med opning for næringsrett for gifte kvinner valde gifte Emilie Rogne frå Ålesund å danne handelsforretning i 1893 som fyrste gifte kvinne til å danne eiga verksemd i byen.⁹³ Vekstfarten for ugifte kvinner slaknar litt ned etter dette, og etter at lova av 1894 opna for at også gifte kvinner kunne få kunngjort borgarbrev eller -rett, vart talet på ugifte kvinner med borgarbrev drastisk forbigått av gifte kvinner i perioden 1900 til 1908. I 1908 var det klart flest gifte kvinner som fekk innvilga borgarbrev.

Slik diagram 2b viser var tala etter 1909 for kvinner som registrerer firma i perioden 1909 til 1920 av ein heilt annan art grunna denne oppgåva sitt heilt nødvendige skifte i kjeldegrunnlag etter 1908.⁹⁴ Dette krev òg at utviklinga for desse tala vert sett på for seg sjølve. Etter 1909 ser ein fyrst at det låge talet på enker og skilde kvinner heldt fram i forhold til tala frå diagram 2a. Dette kan blant anna kome av endringa i tilhøva for enker generelt etter lova om enkekasse kom i 1895, som sikra enker pensjon etter deira avdøde ektemenn i større grad enn tidlegare.⁹⁵ Ein annan årsak til dette låge talet kan kome av at kvinnene feilaktig har vorte registrerte som «ugift» i staden for «enke», noko som er uheldig for denne studien sitt mål om å kunne framstille sivilstanden til kvinnene nærmast mogleg realitetane i tidsrommet.

⁹³ SAT, Ministerialprotokoller, klokkebøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 529/L0454: Ministerialbok nr. 529A04, 1878-1885, s. 216

⁹⁴ Sjå kapittel 1 om generelle forhold for grunngeving.

⁹⁵ Blom og Tranberg, 1985, 156.

Vidare ser ein at talet på ugifte og gifte i motsetnad til kva utviklinga rundt 1908 tilsa er i større grad vekslende i forhold til kva gruppe som utgjer eit fleirtal og omvendt til ei kvar tid. Som nemnt ovanfor er det svært avgrensa talet på kvinner som registrerer verksemder etter 1909 problematisk for å kunne seie noko verkeleg sikkert representativt for situasjonen. Ein kan sjå at talet på gifte kvinner i større grad enn talet på ugifte kvinner fylgde utviklinga for kvinner som registrerer verksemder generelt. Her er det viktig å få fram at utviklinga for desse tala ikkje speglar kvarandre i kvar teljing, men at ein kan tenkje seg andre årsaker bak utviklinga for ugifte kvinner i forhold til utviklinga for kvinner generelt.

Om ein samanliknar utviklinga i tala for gifte kvinner med utstedt borgarbrev med endringane i tala på gifte kvinner i arbeid utanfor heime generelt i norske byar, ser ein at desse ikkje følgjer dei same utviklingslinene. Der talet på kvinner med handelsbrev i Ålesund gjekk opp, låg talet på gifte kvinner i arbeid utanfor heimen generelt på eit stabilt lågt nivå gjennom heile perioden. I motsetnad til dette følgjer talet på enker med borgarbrev ei nokså lik linje med utviklingane i tala på enker som er i arbeid utanfor heimen generelt. Talet på ugifte i arbeid utanfor heimen gjekk som vist tidlegare drastisk opp gjennom denne perioden. Det vart ikkje like gjeldande i arbeidskategorien «entreprenør», der veksten ikkje viste seg som like eksplosiv.

Men på grunn av Ålesund sine noko avgrensa forhold, både når det kjem til kvinnelege entreprenørar og kvinner i arbeid utanfor heimen generelt, er det interessant å kunne samanlikne desse forholda med andre norske enkeltbyar, for å kunne seie noko om forholda i Ålesund er eit representativt døme på norske forhold generelt, eller om det er eit unnatak. Slik det vart sagt i starten av dette kapittelet, såg Eirinn Larsen at talet på gifte kvinnelege entreprenørar gjekk opp på slutten av 1800-talet, noko som utgjer ein koherens mellom Ålesund og Kristiania sine tal. Det er likevel ynskeleg for framtida å kunne samanlikne utviklingstrekka frå Ålesund og Kristiania med eit endå større nett av liknande studiar frå andre norske byar.

Kapittel 3: Geografisk og sosioøkonomisk bakgrunn som faktor for kvinneleg entreprenørskap

Innleiing

Slik det kom fram av det føregåande kapittelet om sivilstand som faktor, har kvar familiær bakgrunn og personlege levekår hatt innverknad på moglegheitene for å verte entreprenør. Dette kapittelet vil difor stille spørsmålet om korleis den geografiske og sosioøkonomiske bakgrunnen til kvinnene har verka inn som faktor når det kjem til deira høve til å verte entreprenørar. Som det har vore nemnt tidlegare i denne oppgåva har ulike samfunnsstrukturar og -lagdelingar innehatt ulike kjønnsrollemønster. Desse gjennomgjekk i løpet av denne oppgåva si aktuelle periode store endringar, men i ulik form for ulike stadar og sosiale- og økonomiske lagdelingar i samfunnet.

Med dette kan ein forhåpentlegvis få svar på korleis desse kvinnene har vorte styrte av potensielle ulike typar kjønnsrollemønster som dei har «arva» frå sine geografiske, sosiale og økonomiske bakgrunnar. Er det til dømes berre kvinner som kjem frå ein sær eigen stad eller er fødte inn i eit visst sosialt lag av samfunnet som dannar eigne verksemdar? Om dette stemmer: Kvifor vart mønsteret slik det var? Og ser ein nokon endringar i dette forholdet gjennom perioden? I fyrste omgang vil denne undersøkinga dreie seg rundt ei kartlegging av kvar dei kvinnene som kan kategoriserast som entreprenørar kom ifrå geografiske og sosioøkonomisk i Ålesund mellom åra 1865 og 1920, med fokus på endringar i forholdet mellom dei ulike typane av bakgrunn. Deretter vil ein kunne sjå nærmare på kva desse tala seier om tilhøva for entreprenørskap i Ålesund, med mål om å kunne sjå korleis kjønnsrollemønster frå dei kvinnelege entreprenørane sin bakgrunn har vore med på å styre deira moglegheit til å danne eiga verksemd.

Bakgrunn

Personleg bakgrunn og utgangspunkt som delar av årsaksforklaring og -samanheng har stått sentralt for mange ulike studiar frå mange ulike fagfelt. Særleg innanfor felt som sosiologi, som tek føre seg sosiale system på mikronivå i forhold til samfunn på makronivå, mellom anna ved å studere korleis blant anna klasse, personleg økonomi og liknande utgangspunkt spelar inn på samfunnet som større eining.⁹⁶ Om eit studie er tente med å sjå på bakgrunn som medverkande faktor for det som vert undersøkt, vil ein oftast ty til å spørje om fødestad,

⁹⁶ Tjora & Kjølrsrød, 2019.

foreldre sine yrke eller inntekter i spørjeskjema eller liknande. Med dette kan ein enkelt sjå til ein grunnleggjande og allmenn faktor som alle spurde har til felles, gjennom at alle må kome frå ein stad. Spørsmålet er vidare kor mykje ein skal leggje vekt på desse bakgrunnane som årsaksfaktorar for det gjevne utfallet ein sjølv studerer.

Historiefaget har slik sett henta mykje inspirasjon frå sosiologien sine metodiske og teoretiske diskursar. Når det kjem til norsk historiografi med liknande fokus og tema som denne oppgåva har blant andre Jan Eivind Myhre sett på sosial og økonomisk bakgrunn som faktor for mellom anna norsk by- og statsutvikling.⁹⁷ Ved studiar av periodar som ligg lenger bak i tid enn det eit spørjeskjema eller liknande metodar kan nyttast for å kartleggje bakgrunnen til dei aktørane eller gruppene ein ynskjer å studere, er det heller andre kjelder som står sentrale. For denne oppgåva sitt studie vil det vere mest relevant å nytte folketeljningane frå Ålesund som utgangspunkt for å finne tilbake til kvar dei aktuelle kvinnene som vert studerte her kom ifrå geografisk ved å sjå på fødestad og kvar dei er utflyttarar frå. Deretter vert det kartlagt foreldra sine yrkesvegar og stand innanfor deira gjevne yrker for å kunne fastleggje kva sosioøkonomisk utgangspunkt kvinnene har teke med seg frå familien.

Her står Ålesund i ei særstilling som den einaste byen på Sunnmøre, med eit relativt stort omland med brei variasjon rundt kva yrkesvegar innbyggjarane har hatt.⁹⁸ Ålesund stod slik sett åleine om å tilby dei nye typane arbeid som urbaniseringa bestod av og førde med seg. Fiske, jordbruk og husdyrhald har vore dominerande levebrød for dei aller fleste av områda rundt byen, men forskning på sosial og økonomisk lagdeling i samfunnet på særleg Nordvestlandet viser til mindre forskjellar mellom ulike lagstillingane innanfor kvar yrkesveg, enn ein finn hjå andre områder av landet.⁹⁹ Gjennom perioden gjennomgår òg omlandet rundt Ålesund ein auke i handel- og handverksverksemd som yrkesveg, og hørde dermed ikkje berre til byen sine tilbod og syslar.¹⁰⁰ Dermed kunne òg personar frå typiske bygdeområder ha inngåande kunnskap om desse fagfelte, slik som handels- og handverksdrivande i byen hadde. Historiografi rundt denne perioden har òg lagt vekt på ein gryande auke i sosial mobilitet og yrkesmobilitet, som var svært avgrensa før midten av 1800-

⁹⁷ Sjå blant andre Myhre, 1978.

⁹⁸ Romsdals Amt: Amtmannsinnberetninger. 1866-70; 1871-75; 1876-80; 1881-85; 1886-90; 1891-95; 1896-1900; 1901-05; 1906-10.

⁹⁹ Try, 1995, 10-18.

¹⁰⁰ Amtmannsinnberetninger, Romsdals Amt, 1866-70; 1871-75; 1876-80; 1881-85; 1886-90; 1891-95; 1896-1900; 1901-05; 1906-10.

talet.¹⁰¹ Det er difor interessant å sjå korleis denne endringa viser seg i Ålesund, og korleis bakgrunnen til kvinnene vert prega av denne utviklinga.

Men trass i denne noko meir egalitære lagdelinga i form av status og liknande i dette området i samanlikning med andre, kan ein skilje mellom somme som hadde ei klårt høgare sosioøkonomisk stilling enn andre, utifrå kva stillingar dei har hatt i forhold til andre i same samfunn. Denne oppgåva vil difor ta utgangspunkt i tre ulike lag av sosioøkonomiske tilhøve: Eit høgareståande, eit mellomståande, og eit lågareståande. Inndelinga er her særleg inspirert av inndelingane frå folketeljningane gjennom perioden, der ein går utifrå blant anna at ein person innanfor høgareståande lag eig eller leier ein sentral del innanfor sitt arbeid, slik som ein sjølveigande gardbrukar eller ein handelsdrivande, medan ein som arbeider for andre eller på ein annan måte står under ein annan innafor sitt arbeide, vil verte kategorisert som sosioøkonomisk lågareståande. Skilja her er til tider noko flytande, og ved kartlegginga av yrkesretningane til foreldra kjem det òg fram eit behov for eit middelståande lagt, som blant anna husar dei som har typiske duale levebrød og står med ein fot i kvart sosioøkonomiske lag, ved å til dømes både vere husmann og landhandlar.

I tillegg er det ikkje berre dei ulike levemåtane og forholdet mellom dei ulike gruppene i samfunnet som skil bygd frå by, noko blant andre Sølvi Sogner trekkjer fram i sitt studie av endringar i norsk familiestruktur.¹⁰² Kjønsrollene og dei normene som følgjer med desse er i følge Sogner ulike for ulike lag av samfunnet, etter sosioøkonomisk bakgrunn innanfor desse to ulike typane samfunnsstrukturar. I familieøkonomiar avhengige av to inntekter, slik som i lågareståande lag i byar, eller ved familiar sysselsette med gardsarbeid utan andre folk til å forpakte bruket, var husmødrene og gardskonene viktige for at økonomien og drifta skulle gå rundt.¹⁰³ Utanom teneste var det svært avgrensa moglegheiter for å arbeid på bygda for ei kvinne som ikkje var knytt til ei familie, noko som førte til at fleire søkte til byen.

Flyttinga til byane, samt at kvinner frå lågare lag i byane allereie var i arbeid utanfor heimen, normaliserte både kvinner i arbeid utanfor heimen og at kvinner i lågare lag ikkje trengte å gifte seg for å overleve. Kvinnesynet frå lågareståande lag stod, slik Sogner viser til, i kontrast til kvinnesynet i høgareståande sosioøkonomiske lag av samfunnet. Slik vi såg i det føregåande kapittelet, kom det frå overklassen i byane eit kvinnesyn som, i motsetning til i lågareståande lag, tilsa at kona skulle kunne vere heime, sidan ektemannen skulle kunne

¹⁰¹ Modalsli, 2017.

¹⁰² Sogner, 1990, 34-38.

¹⁰³ Blom og Sogner, 2005, 178-180.

livnære heile familien med si inntekt åleine.¹⁰⁴ Utifrå historiografien rundt kjønns historie aukar dette idealet gjennom perioden, noko som òg smitter over på dei andre samfunnslaga, då dei òg ynskjer å vise seg som rike og vellukka. Utifrå tala frå Ålesund er det difor interessant å sjå korleis kvinnesynet rundt entreprenørane har vorte påverka av, og i seg sjølv har påverka kvar dei kvinnelege entreprenørane kom ifrå, både geografisk og sosioøkonomisk.

Geografisk opphav som faktor

Svært enkelt kan ein dele dei kvinnelege entreprenørane inn i fem hovudkategoriar for geografisk opphav etter om dei er fødde i Ålesund, ein annan by i Romsdals Amt, ein tettstad i Romsdals Amt, ein norsk by utanfor Romsdals Amt, eller ein norsk tettstad utanfor Romsdals Amt. Med desse ulike geografiske utgangspunkta er tesen at kvinnene òg har teke med seg ulike økonomiske og kulturelle utgangspunkt, ved ulike erfaringar og ulike vanar når det kjem til økonomistyring i ulik form. Oppgåva vil sjå på korleis det prosentvise forholdet av ulike geografiske opphav endrar seg igjennom perioden. Kan ein sjå nokon fordelar eller ulemper ved å som kvinne flytte til og starte verksemd i Ålesund? Og på den andre sida: Kva fordelar eller ulemper er kvinnene prega av ved å vere fødde inn i det veksande bylivet i Ålesund? Kva kjem denne utviklinga av, og har det noko å seie for desse kvinnene sine tilhøve?

Men før ein ser på dei faktiske tala frå Ålesund, er det i denne samanheng interessant å sjå det forholdet mellom fridom og risiko i både valet om å flytte frå heimstaden sin, og som ålesundar å skulle starte verksemd i Ålesund. Ein person som vil starte ei verksemd i Ålesund som ikkje er fødd der, må for det fyrste ta risikoen i å skulle flytte frå relativt trygge og kjende rammer som heimstaden har gjeve dei gjennom familien og kjennskap til lokalsamfunnet. Likevel vart nok dette aspektet for mange trumfa av at byen oftast førte til større fridom enn det til dømes heimbygda kunne gje dei.

For dei fleste kvinner i typiske nordvestlandske bygdesamfunnet var den einaste realistiske framtidsutsikta å skulle gifte seg med ein bonde, fiskar eller liknande, der ein enten arbeidde på garden ved sidan av husfar og resten av familien, eller dreiv ein gard som typisk «kystkone» av ein fiskar.¹⁰⁵ Om ein ikkje gifta seg var det eventuelt mogleg å leve av til dømes teneste, slik som ugift ungdom gjorde.¹⁰⁶ Utsiktene til å starte si eiga gardsverksemd


¹⁰⁴ Rosenbeck, 2005, 204.

¹⁰⁵ Elstad, 2007.

¹⁰⁶ Blom og Sogner, 2005, 171-172.

var derimot drastisk dårlegare enn for ein einsleg mann, då kvinner med avgrensa myndigheit stod svakare i kampen om ledig jord å drive på.¹⁰⁷ Slik sett gav byen dei moglegheit til å kunne verke på eiga hand innanfor eit område med noko større fagmessig variasjonar, særleg grunna dei særskilde lovene rundt handels- og handverksdrift, slik det vart omtala ovanfor i kapittelet om sivilstand.¹⁰⁸

Men kor kom dei kvinnelege entreprenørane i Ålesund eigentleg ifrå?¹⁰⁹ Som ein kan sjå av den tilhøyrande grafen var det i starten av perioden flest kvinnelege entreprenørane som var fødde i andre norske byar, dernest likt forhold mellom dei som var fødde i Ålesund og dei som var fødde i tettstadar og andre byar i Romsdals Amt. Færrast var fødde i andre norske tettstadar. Ein grunn til at dei fleste av entreprenørane kom ifrå andre norske byar i starten av perioden kan vere at det i deira byar var kvinnelege entreprenørar frå før av, og at dei berre vidareførte ein slik trend og skikk til Ålesund. Dette ser ein blant anna har vore tilfelle ved minst eitt høve, då ugifte Dagmar Waldorff frå Drammen hadde drive moteforretning i Bamble før ho flytta til Ålesund og starta opp på liknande vis der.¹¹⁰



Slik sett var dette lettare enn å skulle vere den fyrste kvinna frå eit tradisjonsrikt paternalistisk samfunn til å starte si eiga verksemd. Det høge talet i dei tre neste kategoriane kan kome av den samtidige generelle auka tilflytting til Ålesund, som ein del av urbaniseringa av samfunnet. Likevel er det interessant å merke seg det høge talet på kvinner fødde i andre

¹⁰⁷ Blom og Tranberg, 1985, 151-153.

¹⁰⁸ Tveite, 1975, 165-68.

¹⁰⁹ Folketellingane 1865-1920; Ministerialbøker i Noreg i perioden 1800-1920.

¹¹⁰ Folketelling 1891 for 0814 Bamble herred, 1891, s. 4472.

byar i Romsdals Amt. Tidlegare nemnde enke Klaudine Fjelde, fødd Hincken, og ugifte Anne Fredrikke Rasmussen, kom begge flyttande frå Kristiansund for å danne kvar sine verksemder i Ålesund. Kristiansund hadde sterke likskapstrekk med Ålesund som ein relativt ung kystby i ein urbaniseringsprosess. Dette kan ha gjeve dei nokre fordelar ved å kanskje ha teke med seg noko kunnskap frå ein likande by sitt næringsliv.¹¹¹ Det kan med dette tenkjast at Ålesund har stått som eit attraktivt alternativ også for kvinner med dette opphavet. Det svært avgrensa talet på kvinnelege entreprenørar som heldt til i Ålesund i perioden 1865 til 1875 gjer det samstundes problematisk å skulle trekkje konklusjonar ifrå. Dette er viktig å tenkje over når desse tala skal samanliknast med utviklinga igjennom perioden.

Utover i perioden ser ein at det prosentvise talet på kvinnelege entreprenørar fødte i tettstadar i Romsdals Amt får ein plutselig og brått oppsving i perioden 1876 til 1890, medan talet på kvinnelege entreprenørar fødte i andre norske byar og andre byar i Romsdals Amt høvesvis går ned til eit mykje lågare nivå enn tidlegare. Fleire kom frå Borgund, som på den tida var nabokommune med Ålesund, og desse kvinnene hadde nok ein viss kjennskap til Ålesund frå før av som dei drog nytte av. Både ugifte Olivia Hansine Berntine Kristensdatter, ugifte Kristine Jensine Molver og ugifte Regine Petrine Jørgensen kom alle frå Borgund til Ålesund og danna verksemder der i denne perioden.

Prosenten av kvinnelege entreprenørar i Ålesund som òg er fødte i Ålesund aukar jamt gjennom heile denne midtre delen av perioden, og erstattar tidleg kategorien «andre norske byar», samt etter kvart «tettstadar i Romsdals Amt» som fleirtalshaldar av fødestad for Ålesund sine kvinnelege entreprenørar. Det høge talet på entreprenørar fødte i Ålesund har dei nemnde fordelane ved å vere fødte inn i det systemet ein sjølv skal verke i, igjennom både kunnskap til næringa frå oppveksten av, og trygghet i å ha familie å falle tilbake på, særleg i familiar med høg sosioøkonomisk stilling. Ugifte Pauline Hansine Weibust, ugifte Joakime Elisabeth Gjørtz og gifte Anna Dorthea Andersen var alle fødte i Ålesund, og alle andre kvinnelege entreprenørar som var fødte i Ålesund hadde slik ein fordel ved å danne verksemder i heimbyen.

Ei anna mogleg forklaring til denne utviklinga kan ein sjå ved å samanlikne den med mekanismane rundt utvandringa til Amerika.¹¹² Tidleg i perioden ser ein at innflyttinga frå andre byar kan kome av ein type push-effekt, ved behov for å reise til ein annan stad for å kunne starte verksemd, for så å gå over til ein pull-effekt, ved å verke som ein attraktiv stad å

¹¹¹ SAT, Folketelling 1885 for 1501 Ålesund kjøpstad, Tellingskrets: 000, Bosted by: 0429 Kirkegaden, Gårdens nr.: 71

¹¹² Bilsborrow, 2002.

starte verksemd på gjennom erfaringane til dei tidlegare flytta kvinnene.¹¹³ Her ser ein likevel eit brot mellom det fyrstnemnde og det sistnemnde leddet, då talet på tilflyttande frå andre norske byar og andre byar i Romsdals utifrå diagrammet ovanfor går ned igjen etter fyrste periode. I dette tilfellet kan dette forklarast av andre norske byar si samtidige utvikling, som gjer dei like attraktive å starte verksemd i som Ålesund.

Systrene Synnøve og Ingeborg Larsdatter Holm er eit døme på korleis dette kan ha verka slik som ved utvandringa til Amerika. Dei var fødde i Veø i Romsdalen, og etter at Synnøve reiste til Ålesund for å danne verksemd der i 1886 tok det ikkje meir enn fire år før Ingeborg gjekk i systra sine fotspor og danna si eiga verksemd i 1890.¹¹⁴ Dette mønsteret med at ei fyrste syster går føre som eit godt døme ser ein òg hjå dei ugifte systrene Joakime Elisabeth og Petra Nikoline Gjørtz.¹¹⁵ Dei var fødde inn i ei den store handelsfamilien Gjørtz, der faren var restaurantør, noko mora til Joakime og Petra førte vidare etter faren sin bortgang.

Dette er særleg grunna fordelane ved å halde fram med å bu i og å starte verksemd i deira heimstadar. Det gav eit større sannsyn for å lukkast når ein kjenner bysamfunnet godt frå oppvekst og oppsedinga, heller enn å skulle få innpass som utanforståande. Dermed kan denne utviklinga forklarast ved at dei som tidlegare hadde kome frå andre byar, etterlet dei eit «hol» i næringa, som kunne dekkjast av kvinner fødde i tettstadar i Romsdals Amt, som ikkje var fødde inn i eit slikt miljø.

Mot slutten ser ein at det prosentvise forholdet mellom dei ulike geografiske opphava vert noko stabiliserte, særleg når det gjeld kvinner fødde i Ålesund og i tettstadar i Romsdals Amt. Grafen viser at dei fleste kvinnelege entreprenørane er fødde i Ålesund, dernest kjem talet på kvinner fødde i tettstadar i Romsdals Amt. Talet på kvinnelege entreprenørar i Ålesund som enten er fødde i andre byar i Romsdals Amt, eller i andre norske byar og tettstadar er noko meir vekslende, men litt jamt lågare enn dei to førenemnde kategoriane. Dette støttar tesen vidare om at dei som er fødde i Ålesund til ei kvar tid vil ha ein fordel over dei som ikkje har fått den same integreringa frå oppveksten av. Risikoen ved å skulle flytte bort frå trygge rammer og erfaringar frå området verka i favør av akkurat denne gruppa i forhold til andre grupper.

I tillegg ser det ut til at Ålesund ikkje stiller seg som eit like attraktivt mål å starte verksemd for utanforståande som i starten av perioden. Dette stemmer overeins med det Odd

¹¹³ Blom og Sogner, 2005, 168-171.

¹¹⁴ RA, Folketelling 1865 for 1541P Veøy prestegjeld, 1865, s. 41

¹¹⁵ Ministerialbok for Ålesund prestegjeld 1864-1871 (1501P); RA, Folketelling 1865 for 1501P Ålesund prestegjeld, 1865, s. 226

Thorson skriv i si bok om forflyttingmønsteret frå og til Ålesund i perioden.¹¹⁶ Etter den største bølga av tilflytting og etablering av verksemder i Ålesund ser ein òg teikn til at fleire som hadde budd og drive i Ålesund, flytta seg utover i distriktet, grunna eit aukande behov for meir plass gjennom meir spesialisert industriell produksjon.¹¹⁷ Den auka kunnskapen rundt handel- og handverk som byutviklinga i Ålesund førte med seg, førte til at folk kunne ta del i desse formene for arbeid også i typiske bygdesamfunn. Difor er utviklinga i slutten av perioden med kvar dei kvinnelege entreprenørane kom ifrå naturleg på grunn av endringane i sjølve næringa.

Sosioøkonomisk bakgrunn som faktor

Som nemnt ovanfor er det òg interessant å sjå på den sosioøkonomiske bakgrunn, saman med den geografiske, for å kunne danne seg eit heilskapleg bilete av kven dei kvinnelege entreprenørane i Ålesund var. Slik som ved geografisk bakgrunn som faktor vil også sosioøkonomisk bakgrunn verte handsama ved fyrst å sjå på dei faktiske tala i Ålesund, for så å sjå på kva desse tala seier om utviklinga for kvinneleg entreprenørskap i dette området.

I denne oppgåva vil sosioøkonomisk bakgrunn vere delt opp i tre ulike lag, på bakgrunn av foreldra sine yrke og stilling innanfor sitt arbeide. Det fyrste laget vert her omtala som «arbeidarklasse», som inneheld dei som arbeidar for andre mot løn, og som heller ikkje eig sin eigen arbeidsplass eller heim. Det andre laget vert her omtala som «lågare middelklasse», som inneheld dei som eig sin eigen arbeidsplass, slik som sjølveigande bønder, eller dei som har høge inntekter i embetsliknande yrker, slik som skulelærarar og liknande. Det siste av dei tre laga i denne inndelinga er her omtala som «høgare middelklasse/overklasse», som gjaldt dei som hadde borgar- eller embetsstilling, og som med dette hadde både høg inntekt og særeigne privilegium i samfunnet.

Denne inndelinga er særleg inspirert av folketeljningane igjennom perioden sine eigne inndelingar, samt inndelinga i ulike klasser i samfunnet.¹¹⁸ Det er òg den inndelinga byhistorikar Odd Thorson nytta då han undersøkte Ålesund si befolkning i perioden 1848 til 1948.¹¹⁹ Dette vitnar om at dette er ei inndeling som passar inn etter Ålesund sine spesifikke samfunnsstrukturelle forhold. I tillegg er dette inndelingar som liknar kategoriar som i tidlegare historiografi har vorte nytta for å studere ulike sosioøkonomiske deler av det norske samfunnet i denne perioden.

¹¹⁶ Thorson, 1948, 213-214.

¹¹⁷ Kjøde, 1975.

¹¹⁸ Statistisk Sentralbyrå, 1866; 1876; 1891; 1900; 1910; 1920.

¹¹⁹ Thorson, 1952, 116.

Difor har klasseomgrepet vorte valt framfor standsomgrepet, då blant andre Jan Eivind Myhre igjennom sitt arbeid har påvist at klasseomgrepet er betre eigna for å omtale det norske samfunnet etter 1800-talet.¹²⁰ Ved klasseomgrepet kan ein på ein betre måte skildre den auka sosiale mobilitet som kom til i dette tidsrommet mellom ulike delar av samfunnet.

Standsomgrepet dreg i tillegg med seg eit bilete av eit samfunn med store skilnadar i rettar og plikter for dei ulike samfunnslaga, noko som ikkje var tilfelle i det norske bysamfunnet ved utgangen av denne oppgåva sin aktuelle periode.

Denne valde tredelinga har ein fordel i undersøkingane av utgangspunkta til dei kvinnelege entreprenørane, då ulike samfunnslag utifrå norsk kjønns historiografi fører med seg ulike haldningar så vel som økonomiske moglegheiter, slik som ved geografisk utgangspunkt.¹²¹ Ein går med dette utifrå at personar med ulike sosioøkonomiske bakgrunnar bevisst eller ikkje bevisst har teke med seg visse fordelar og ulemper, som i tillegg til reine økonomisk utgangspunkt også gjeld verdier, erfaringar og kunnskap.¹²² Sosioøkonomisk bakgrunn påverkar òg dei kvinnelege entreprenørane sitt utgangspunkt i forhold til risikoen i å starte eiga verksemd.

Dette gjeld både evna deira til å tåle eit eventuelt dårleg utfall for verksemda dei startar, og kor stor risiko det i utgangspunktet ligg i valet deira om å starte si eiga verksemd. Til dømes vil ei dotter av ein sjølveigande bonde, slik som handlande og pensjonateigar Anna Beate Rasmussen frå Herøy, ha med seg ein økonomisk stabilitet frå familien.¹²³ Men Anna Beate hadde nok med seg få kunnskapar om drift av urban handels- eller handverksverksemd, i motsetnad til kva Anne Elise Disch, dottera av ein handelsborgar, hadde.¹²⁴ Frøken Olave Petrine Marie Viddal, uekte dotter av ein dagarbeidar, vil slik sett utifrå denne tesen stå mykje svakare stilt.¹²⁵ Så kva mekanismar har verka inn om tala viser at også kvinner med denne sosioøkonomiske bakgrunnen viser seg å ha vorte entreprenørar?

For kva viser faktisk tala frå Ålesund, og kva for utviklingstrekk kan ein sjå i desse? I likskap med framstillinga av tala for geografisk bakgrunn har òg sosioøkonomisk bakgrunn vorte prosentvis framstilt, i både tabell og diagram, for å få fram utviklinga i forholdet

¹²⁰ Myhre, 2015.

¹²¹ Blom, 1994, 45-46.

¹²² Sogner, 1990, 37-39.

¹²³ SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 507/L0070: Ministerialbok nr. 507A05, 1842-1873, s. 97


¹²⁴ Folketelling 1910 for 1501 Ålesund kjøpstad

Tellingkrets 012, Bosted by: 0008 Kongsgaten 29, Leilighet 03. NB! Det kan sjå ut til at ektemannen Heinrich Disch, samt den eldste sonen Einar, arbeidar for Anna Elise i hennar verksemd.

¹²⁵ SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 522/L0313: Ministerialbok nr. 522A08, 1852-1862, s. 10

mellom dei ulike typene bakgrunn¹²⁶. Som ein kan sjå utifrå den tilhøyrande grafen er utviklinga i forholdet mellom ulike typar sosioøkonomisk bakgrunn i mindre grad prega av store dynamiske endringar. Men dei skiftingane ein kan sjå er interessante funn som kan fortelje mykje om korleis dei ulike kvinnene sine bakgrunnar har påverka deira tilhøve til å verte entreprenørar. Prosentforholdet mellom dei ulike sosioøkonomiske bakgrunnane ligg på stabile nivå gjennom heile perioden, men ved nokre tidspunkt ser ein visse brot.

Sosioøkonomisk bakgrunn							
	Arbeidarklasse		Lågare middelklasse		Høgare middelklasse/overklasse		Totalt
	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent	
1865-1875	3	27	6	55	2	18	11
1876-1890	12	37	13	41	7	22	32
1891-1900	16	29	31	56	8	15	55
1901-1910	19	23	50	60	15	17	84
1911-1920	9	28	19	59	4	13	32



Slik grafen viser, er det klart flest kvinnelege entreprenørar i Ålesund som er fødte i lågare middelklasse, som nesten gjennom heile perioden, sett vekk ifrå i perioden 1876 til 1890 der prosenten gjekk plutsleg ned, utgjør jamt over halvparten av alle dei kvinnelege entreprenørar. Dei fleste var altså som til dømes Margrethe Strøm, dotter av ein lærar, som Laura E. Ellingsen, dotter av ein landhandlar, eller som Olluffa Jacobie Rønneberg, dotter av

¹²⁶ Folketeljningane 1865-1920; Ministerialbøker i Noreg i perioden 1800-1920.

ein klokkar.¹²⁷ Dernest ser ein at prosenttalet av kvinnelege entreprenørar fødte inn i arbeidarklassen ligg på rundt 30 til 40 prosent igjennom heile perioden, med eit toppunkt i perioden 1876 til 1890. Dette gjaldt blant andre døtrer av dagarbeidarar, slik som ovanfor nemnde Olave Petrine Marie Viddal eller Oleanna Helene Larsen, eller døtrer av husmenn, slik som Marie Andrine Moa og Berit Anna Andersdatter Holm fødd Kjærsem.¹²⁸ Som grafen ovanfor illustrerer har noko ført til at prosenttalet for kvinner frå lågare middelklasse er jamt over mykje høgare enn hjå dei andre klassene. I tillegg er det interessant å sjå på kva dei få endringane som finnast kan ha kome av.

Men kva kan endringane rundt 1876 til 1890 eigentleg ha kome av? Mykje kan skuldast dei økonomiske tilhøva og situasjonen i næringslivet i Ålesund generelt i denne perioden. Odd Thorson påpeikar at desse femten åra, og særleg rundt 1876 til 1880, var nokså harde for handelen i Ålesund grunna økonomisk nedgangstid lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.¹²⁹ Arbeidslønningane gjekk òg ned, og mange måtte nok sjå til andre stadar for å kunne tene ei levedyktig løn, noko som kan ha motivert dei frå arbeidarklassen til å forsøkje seg som sin eigen arbeidsgivar i si eiga verksemd.

Slik det vart drøfta rundt ulike evner og ynskjer om å påføre seg sjølv risiko for ulike sivilstandar, har ulike sosioøkonomiske bakgrunnar spela ei liknande rolle forholdet deira til risiko. Dei som kunne leve av andre sine midlar valde nok å gjere dette i ei hard økonomisk tid, framfor å ta på seg ein større risiko ved å danne verksemd. Slik sett vart det naturleg færre kvinner frå lågare middelklasse og høgare middelklasse/overklasse i denne perioden, særleg sidan dei utifrå sitt tilhøyrande klassestyrte kvinnerollesyn ikkje var forventa å skulle ta arbeid utanfor heimen i det heile. Arbeidarklassekvinnene måtte likevel prøve grunna dei dårlegare tidene for løna dei kunne få frå ein ekstern arbeidsgivar.

Kvinner fødte inn i høgare middelklasse eller overklasse var i klart mindretal igjennom heile perioden, noko som kan ha store delar av si forklaring i at denne klassen generelt sett var svært avgrensa og liten i størrelse i seg sjølv. Men i tillegg kan det ha vore kjønnsrollemønsteret i denne klassen spesielt som har ført til at færre kvinner har valt å danne

¹²⁷ SATØ, Tana sokneprestkontor, H/Ha/L0002kirke: Ministerialbok nr. 2 /1, 1861-1877, s. 72; SAB, Eid Sokneprestembete, H/Haa: Ministerialbok nr. A 9, 1861-1868, s. 274-275; SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 529/L0454: Ministerialbok nr. 529A04, 1878-1885, s. 215

¹²⁸ SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 522/L0313: Ministerialbok nr. 522A08, 1852-1862, s. 10; SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 528/L0426: Klokkerbok nr. 528C07, 1844-1854, s. 87; SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 529/L0455: Ministerialbok nr. 529A05, 1885-1893, s. 261; SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 541/L0545: Ministerialbok nr. 541A02, 1872-1886, s. 67

¹²⁹ Thorson, 1948, 190-193.


eiga verksemd. Det har tidleg i denne oppgåva vorte trekt fram kvinnerolla som «the angel of the house», noko som særleg prega synet på gifte kvinner i høgare middelklasse og overklasse.¹³⁰ Kvinnene frå dette samfunnslaget stod difor ovanfor eit mykje større brot med sine omgangskretsar og oppseding om dei valde å arbeide utanfor heimen, og særleg danne sine eigne verksemdar.

Som sagt ovanfor var høgare middelklasse/overklassen ein klasse nærmast utelukkande samansett av handelsborgarar. Ein person frå høgare middelklasse eller overklassen med foreldre som dreiv handel hadde moglegheit for å drive ei allereie etablert verksemd vidare, noko som har vore enklare enn å ta risikoen ved å skulle starte opp med sitt eige føretak. Dermed er det ein heil del av det denne oppgåva definerer som høgare middelklasse og overklasse, som fell utanom denne statistikken, då dei ikkje startar si eiga verksemd. Dei som ikkje hadde noko verksemd å ta over som allereie er inntektsbringande ved overtaking var dermed nøyddde til å starte sjølve om dei ynskjer å ta del i næringslivet på denne måten. Dette kan forklare den mykje høgare prosentandelen av personar frå lågare middelklasse som dannar verksemdar, då dei ikkje hadde moglegheita eller råd til å ta sjansar i økonomisk usikre periodar.

Den prosentvise fordelinga i starten av perioden støttar opp om tesen som vart presentert ovanfor rundt fordelinga av geografisk bakgrunn i same tidsrom: Dei som var fødte inn i høgare middelklasse eller overklasse kom allereie frå familiar med gode moglegheiter for å vidareføre kunnskap og kapital til å starte eiga verksemd. Dei kvinnene som kom ifrå arbeidarklassen hadde ikkje denne moglegheita, slik skiljet var mellom dei som kom frå allereie godt etablerte urbane områder kontra dei som kom frå rurale distrikt. I dette skjæringspunktet finn ein lågare middelklasse, der foreldra ikkje hadde noko verksemd å ta over, men der dei hadde kunnskap og kanskje noko økonomisk springbrett å ta med seg frå heimen.

Men utifrå denne framstillinga av statistikken er tal frå by og bygd sette saman i lagvise homogene grupper. Difor er det interessant å til dømes sjå på forholdet mellom personar frå høgare lag i bygdesamfunn, noko som på Sunnmøre blant anna utgjer sjølveigande bønder, og frå høgare lag i bysamfunn, noko handelsdrivande med eiga verksemd kan representere. Ved å setje desse to gruppene opp mot kvarandre kan ein sjå på om utviklinga for prosentale på kvinnelege entreprenørar fødte inn i høgareståande lag vert påverka av endringar innanfor desse gruppene, eller om brotet kjem av eksterne endringar.

¹³⁰ Rosenbeck, 2005, 204



Diagrammet støttar igjen opp om tesen om at dei som har erfaring frå handelsverksemdar frå familien står sterkare i ei fase prega av etablering i eit relativt ungt bysamfunn.¹³¹ Men overraskande nok viser utviklinga i prosentforholdet mellom kvinner med familiær bakgrunn frå sjølveigande gardsbruk og dei med handelsdrivande foreldre at ingen av desse to gruppene legg seg på eit kontinuering høgare nivå enn det andre. Ein kan sjå at det igjennom heile perioden vekslar mellom å vere flest av dei med bondebakgrunn og dei med familie som driv handel. Dette kan vise til det dynamiske forholdet mellom fordelane i å kunne lære frå familien det ein treng for å drive handel og fordelane i å ha ein sikker økonomisk bakgrunn i familien, noko begge grupper kan gje.

Men skilnaden mellom desse to gruppene av høgareståande lag med ulik geografisk bakgrunn er derimot kva kjønnsrollemønster som låg til grunn. Ifrå det reine jordbruksbaserte samfunnet var kvinna ein meir likeverdig del av den forsørgjande funksjonen i familien, og kunne drive med handverk på sida for å gje familien ei ekstra inntekt.¹³² Slik sett var det dermed ikkje eit like stort brot med det forventta om ei kvinne valde å drive med dette profesjonelt, også om ho var gift. Var ho derimot ikkje gift var det å drive verksemd i ein by som nemnt eit relativt levedyktig alternativ til å verte forsørgja av ein mann.

¹³¹ Folketeljningane 1865-1920; Ministerialbøker i Noreg i perioden 1800-1920.

¹³² Blom & Tranberg, 1985, 147.

Kapittel 4: Årsaksforhold rundt kvinneleg entreprenørskap i Ålesund

Innleiing

Som eg har vist til i kapittel 1, 2 og 3 fann eg særleg to bølger der mange kvinner i Ålesund tok til å etablere egne bedrifter som særskilde entreprenørar, eller tok over andre sine verksemdar som sjølvstendige næringsdrivande på eit meir overordna plan. Etter 1866 valde mange ugifte kvinner å verte eigarar av verksemdar, og etter 1888, og enda meir etter 1894, skaut det fart i talet på gifte kvinner som rykka inn som bedriftseigarar. Rett før 1920 stod kvinner for like mange nye sjølvstendige næringsdrivande som menn gjorde. Kva forklarar desse mønsterane? I kva utstrekning følgde Ålesund eit mønster likt med andre byar, og på kva måte synest byen å bryte eit mønster? Særskild interessant er utviklinga dei siste åra før 1920 der eg fann oppsiktsvekkande høge tal for kvinnelege sjølvstendig næringsdrivande.

Her er det i all hovudsak tre ulike utviklingstrekk som vil stå i fokus for å finne årsaken bak dei: Auken av ugifte kvinnelege entreprenørar etter 1865, auken av gifte etter 1890-talet, og den store auken av kvinnelege sjølvstendige næringsdrivande rundt 1900. Utifrå funna i føregåande kapittel er det særleg tre typar årsakssamanhengar som kome fram som moglege bakgrunnar for desse utviklingstrekkane: Lovendringar som utløysande faktor, samt næringstilhøva i Ålesund og demografiske endringar både i samfunnet generelt og i Ålesund spesielt. Til slutt vil korleis risiko og kjønnsrollemønsteret har påverka kvinner med ulike livsbakgrunnar verte drøfta for å kome nærmare svaret bak statistikken for dei ulike gruppene av kvinner. Alle desse moglege årsakene har allereie sporadisk vorte drøfta og trekt fram ved drøfting av mindre årsakssamanhengar i dei føregåande kapitla, men for å sjå den verkelege påverknaden er det behov for å ta dei grundigare føre seg her i eit samla og heilskapleg perspektiv.

Endringar i lovgjeving som årsak – og symptom?

Til no i oppgåva har det vore sett på individuelle lovendringar som kom kvinner med ulike sivilstandar til gode på ulike tidspunkt. Men når ein skal ta føre seg lovendringar som årsak er det jamvel viktig å sjå på korleis samanhengen mellom lov og samfunn faktisk fungerer i eit rettsvitskapleg perspektiv. På den eine sida er ofte lovendringar i stor grad resultat av bevisste politiske føringar for å få gjennomført ønska politiske endringar. På den andre sida kan lovendringar vere eit resultat av endringar som samfunnet elles allereie har teke til som sedvane eller skikk, og som dermed kodifiserast som lov av retts tekniske omsyn. Slik sett kan lovendringar vere ei spegling av allereie påbyrja samfunnsendringar.

Lovendringane ser utifrå empirien i kapittel 2 ut til å ha vore ein heilt avgjerande årsak til at bølgiene for dei ulike sivilstandane i Ålesund var tett knytte til åra for dei tilhøyrande lovendringane relevant for sivilstandane. Då lovgjevinga av 1863 sa at ugifte kvinner over 25 år fekk full myndigheit, ser ein samtidig stor auke i talet på ugifte kvinner i Ålesund som vert entreprenørar.¹³³ Den same utviklinga ser ein etter at gifte kvinner får liknande myndigheit etter lova av 1888, der veksten kjem nærmast rett rundt dette året, med ein stor auke som resultat av ei større opning i lovgjevinga av 1894.¹³⁴

Her ser ein fyrst av alt korleis opninga innanfor lovverket var heilt avgjerande for at kvinner kunne danne og drive handel og handverk, då dette handla om ei opning av deira rett til å få handels- eller handverksrett, som igjen var lovpålagt å ha for å danne ei verksemd.¹³⁵ Dette har blant andre historikar Hilde Sandvik sett på som utløysande faktorar for kvinner si rettslege handleevne på 1600- og 1700-talet.¹³⁶ Desse lovendringane har samstundes ikkje kunne kome til utan bakanforliggjande årsaker, men heller eit resultat av aktivt press frå ulike aktørar som av ulike grunnar ynska desse spesifikke lovendringane. Så kva kom desse lovendringane av?

I den norske rettsstaten var det, slik som i dag, dei folkevalde representantane på Stortinget som hadde makt til å vedta nye lover eller foreta endringar i eksisterande lover i Noreg. Det var dermed heilt avgjerande at desse aktørane rundt dei nemnde lovendringar har sett endringane som viktige for enten samfunnet eller deira eige liv sin funksjonsauke. Det aukande talet på kvinner, og særleg ugifte, i byane auka faren for at fleire måtte understøast av det offentlege, sidan dei ikkje hadde ein ektemann til å forsørgje seg. Dette var særleg ein aukande fare grunna nedgang i behov for arbeidskraft innanfor kvart enkelt hushald. Difor var det særleg viktig å opne lovgjevinga for «de overflødige tanter».

Desse viser blant andre Gro Hagemann og Anne Capari Agerholt til som ei gruppe som potensielt sett kunne verte ståande utan «forsørgelse» som følgje av endringane i familieøkonomien.¹³⁷ Her var det i følgje Hagemann avgjerande at menn, og særleg embetsmenn med døtrer som stod i fare for å verte slike «overflødige tanter», førte saker og stemde fram desse lovendringane i Stortinget, sidan kvinner på det tidspunktet ikkje kunne

¹³³ Blom & Tranberg, 1985, 151-152; Sjå diagram 2a om sivilstatus for kvinner med handels- eller handverksrett 1865 til 1908, og 2b om sivilstatus for kvinner som registrerte firma 1909 til 1920.

¹³⁴ Blom & Tranberg, 1985, 153-155; Sjå diagram 2a om sivilstatus for kvinner med handels- eller handverksrett 1865 til 1908, og 2b om sivilstatus for kvinner som registrerte firma 1909 til 1920.

¹³⁵ Lov om handelsnaering, 1907.

¹³⁶ Sandvik, 2002, 51.

¹³⁷ Erichsen, 2018, 151; Hagemann, 2010, 214; 246.

gjere det sjølve. Dette endra seg om dei fekk auka moglegheit rettsleg sett til å arbeide.¹³⁸ Difor aukar stadig talet på ugifte kvinner i byane, og på same måte talet på ugifte kvinner i arbeid utanfor heimen.¹³⁹ Det same ser ein for ugifte kvinnelege entreprenørar i Ålesund i same periode, då lovene opna for at ugifte kvinner fekk like næringsrettar som menn i dette tidsrommet.¹⁴⁰ Med andre ord ser det ut til at det var økonomisk motivert ideologi som stod bak desse lovendingane i fyrste omgang, då dette gagna både samfunnsøkonomien og embetsmenn sine potensielt evig ugifte døtrer fekk nytte godt av denne lovendinga.

Men ein må ikkje gløyme kvinnene som på dette tidspunktet ikkje hadde formell rettsleg handleevne til å stemme fram desse endringane, men som på andre vis la press på lovgjevarane til å skape endring av lovene. For fyrst var det i all hovudsak embetsmenn og bønder på Stortinget som stod som aktørar bak desse lovendingane, der begge leirar hadde motiv i å unngå at deira eigne døtrer stod utan noko eller nokon til å forsørge seg med. I tillegg ser ein at nokre enkeltkvinner har teke til ordet i denne debatten allereie frå tidleg av.¹⁴¹ Etter at Norsk Kvinnesaksforeining kom til vart trykket frå kvinner om å få fleire og meir likestilte rettार med menn sterkare enn tidlegare.¹⁴²

Desse foreiningane ser ein døme på frå både nasjonalt plan og frå Ålesund. Ålesund hadde både kvinnesaksforeining og kvinnestemmerettsforeining, som begge var svært aktive og framtrødande i lokalavisene frå tida. Ein ser fleire dømer på innlegg med foreiningane sine møtereferat og brev sendt til Stortinget som vart tekne med i avisa.¹⁴³ Dette vitnar om at kvinnesak og foreiningar som tok til ordet for dette stod sterkt også i Ålesund. Dermed kan deira sterke nærvær i Ålesund ha gjort av kvinner sin inngang i næringslivet i Ålesund var mindre prega av motstand enn om dei ikkje hadde vore like gjeldande i byen sin diskurs. I tillegg ser ein fleire dømer på kvinner som danna andre foreiningar utanom dei med reint politisk kvinneemansipatoriske føremål, som òg tok til motmæle mot «umyndiggjøring og krevde rettigheter på egne vegne».¹⁴⁴ Også her er Ålesund ein del av denne tendensen, der foreiningar som til dømes «Ålesunds unge kvinders kristelige forening», søkte sjølv å styrke kvinner spesielt si stilling i samfunnet.¹⁴⁵

¹³⁸ Hagemann, 2010, 261.

¹³⁹ Sjå diagram 1 om sivilstatus for kvinner i arbeid utanfor heimen (norske byar generelt).

¹⁴⁰ Sjå diagram 2a om sivilstatus for kvinner med handels- eller handverksrett 1865 til 1908, og 2b om sivilstatus for kvinner som registrerte firma 1909 til 1920.

¹⁴¹ Hagemann, 2010, 215.

¹⁴² Lønnå, 2019.

¹⁴³ Sjå til dømes Sunnmørsposten, 9.6.1906; 18.11.1910; 29.2.12; 4.3.1912.

¹⁴⁴ Hagemann, 2010, 237.

¹⁴⁵ Sjå til dømes Sunnmørsposten, 2.2.1912.

Her ser ein altså at kvinner i både Ålesund og nasjonalt har hatt både økonomiske og idealistiske motiv for å få igjennom desse lovendingane. Med andre ord har kvinnesak og kvinner si stilling i samfunnet vore viktig på nasjonalt plan, og ein svært tydeleg del av Ålesund sin diskurs. Desse sterke kvinnelege røystene i Ålesund kan ha vore med på å bane veg for andre typar av kvinneleg deltaking i det offentlege liv, slik som i næringslivet. Dette er eit aspekt som vil verte vidare drøfta i neste kapittel om verknadane av kvinneleg entreprenørskap, då kausalitetsrekkja her er noko uavklara etter kva som er årsak og kva som er verknad av kvinnelege næringsdrivande og kvinnelege røyster i det offentlege liv.

Men ein kan likevel ikkje sjå seg blind på at endringar i lovgjeving automatisk fører og førte fram til ei endring i samfunnet og for partane lova gjaldt. Det at lovgjevinga gjennomgår ei endring gjev grunnlag for nye bølger av kvinner på grunn av at lovgjevinga opna for stadig nye grupper. For at desse faktisk kunne entre næringslivet som entreprenørar, må det ha lege andre høver til rette for dei. Det måtte blant anna vere ei opning i næringslivet for danning av fleire verksemder, samt praktisk mogleg for kvinnene å ta steget bort frå heimlege forpliktingar.

Endringar i næringstilhøva som årsak

Historikar Jan Eivind Myhre omtalar perioden 1830 til 1920 som «Den eksplosive byutviklingen», noko som ser ut til å ha vore ein populær ordlyd ved omtale av denne perioden i norsk byhistorie.¹⁴⁶ Han siktar her til at denne perioden var sterkt prega av både aukande tilflytting og auke innanfor produksjonen og næringslivet i byane. Dette er ein tittel som òg dekkjande ved omtale av utviklinga for Ålesund i same periode. Både når det gjaldt demografisk utvikling og utvikling innanfor næringane stod Ålesund i ei særstilling med få kriser og lite nedgang. Var det denne enorme veksten og urbaniseringa som Ålesund by gjennomgjekk som i seg sjølv endra tilhøva for kvinnene til å verte ein del av næringslivet i byen? Og korleis vart talet på kvinnelege entreprenørar påverka av dei få krisene som kom til i denne perioden?

I all hovudsak var dette ein periode prega av urbanisering, individualisering og migrasjon, med overgang frå eit sjølvberga ruralt jordbruksøkonomi til marknadsøkonomi med eit meir pengeorientert økonomisk system.¹⁴⁷ Sunnmøre, samt Noreg som heilskap, var som tidlegare vist prega av stor tilflytting frå bygder til byane.¹⁴⁸ Urbaniseringa var eit resultat av at

¹⁴⁶ Myhre, 2006, 249.


¹⁴⁷ Hodne, 2000.

¹⁴⁸ Myhre, 2006, 249.

befolkningsveksten hadde nådd eit tak i den sosiale og økonomiske bereevna på bygdene i Noreg, gjennom ei stadig mindre nytt jord å kunne etablere seg på.

Men både utviklinga i lovverket og i næringsstilhøva på nasjonalt plan seier likevel berre noko om dei generelle endringane i norske byar under eitt. Utifrå den differansen som kom fram av utviklinga som vart presentert i kapittel 1 for sjølvstendige næringsdrivande i Ålesund i forhold til norske byar generelt, må det ha vore noko særskilt ved Ålesund sine tilhøve som var særleg gunstig for kvinneleg deltaking i næringslivet. Byhistorikar Odd Thorson hadde særleg fokus på utviklinga for Ålesund sin økonomi, handel og handverk då han skreiv Ålesund si hundreårshistorie frå 1848 til 1948.¹⁴⁹ Han såg perioden 1865 til 1920 som ei overordna periode med svært gode år, både for økonomien og næringslivet i Ålesund. Han set desse gode åra i samband med dei stadige forbetra kåra for fiskeindustrien med stadig aukande grad av eksport, som var det viktigaste primære økonomiske grunnlaget for kystbyen Ålesund.

For å få eit betre innblikk i korleis økonomien i Ålesund endra seg i løpet av perioden, har eg nytta Thorson sine eigne tal for korleis prosentdelen av befolkninga som igjennom perioden var skattebetalarar til kommunen endra seg. Dette gjev eit bilete av kor godt stilt befolkninga som éi gruppe var, då talet på skattebetalande personar reflekterer kor mange som var i lønna arbeid innanfor kommunen sine grenser til ei kvar tid. Om tidene var dårlege økonomisk, ville talet på arbeidsplassar gå ned, og talet på skattebetalarar vil følgje slavisk etter. Dette diagrammet har då sjølvstilt heilt tydeleg korrelasjon til utviklinga for folketalet, slik det kom fram av Diagram 2 Folkemengde over 15 år i Ålesund.¹⁵⁰



¹⁴⁹ Thorson, 1948; Thorson, 1952.

¹⁵⁰ Thorson, 1948, 198; Thorson, 1952, 116; 134-135; 282. Dette er kjeldegrunnlaget for diagrammet under om skatteytarar i Ålesund i perioden 1860 til 1920.

Difor er det interessant å sjå om talet på desse skattebetalarane igjen har ein korrelasjon til talet på kvinnelege entreprenørar og sjølvstendige næringsdrivande. Her kan ein sjå sterke likskapstrekk med utviklinga i talet på både mannlege og kvinnelege sjølvstendig næringsdrivande, som òg hadde ein ganske stabil oppovergåande kurve igjennom heile perioden. Slik kan ein sjå at dei nye næringsrettane som kvinner vart gjevne utover i perioden faktisk kunne nyttast av kvinner i Ålesund grunna dei relativt stabilt gode økonomiske tidene som gav gode næringstilhøve i Ålesund.

Ein ser òg ein sterk korrelasjon til utviklinga for tala på kvinnelege entreprenørar fordelt etter sosioøkonomisk bakgrunn, som igjen kan forklare korleis næringsgrunlaget i Ålesund påverka talet på kvinneleg entreprenørskap generelt. Odd Thorson viser til at perioden 1876 til 1880 utgjorde ein viss tilbakegang i forhold til femårsperioden før, noko som ikkje kjem fram av diagrammet ovanfor grunna hol i Thorson sin statistikk. Dette ser ein reflektert i utviklinga for sosioøkonomisk bakgrunn, der det prosentvise talet på kvinner som danna verksemder frå lågare middelklasse fekk ein knekk, medan dei to andre klassene får ein liten oppgang.¹⁵¹

Her kan nettopp dei gode økonomiske åra for næringstilhøva vere med på å forklare kvifor talet på kvinner frå høgare middelklasse og overklasse i Ålesund var den gruppa som hadde lågaste prosentvis tal igjennom heile perioden.¹⁵² Dette er oppsiktsvekkande tal, då dette var ei gruppe kvinner som var best utrusta til å både kunne danne og drive verksemder i forhold til dei andre sosioøkonomiske klassene, i form av at dei var best rusta økonomisk og hadde eit visst kunnskapsgrunnlag frå utdanning i løpet av oppveksten. Ideologien bak opninga i lovverket og kjønnsrollemønsteret for denne klassen ser ut til å ha vore ein viktig del av årsakssamanheng, då desse kvinnene ikkje skulle trenge å arbeide utanfor heimen, då dette var ektemannen si viktigaste rolle.

Kvinna ifrå overklassen eller høgare middelklassen skulle som sagt ovanfor vere «the angel of the house», noko som var eit inntrykk som var viktig å halde på for å vise av ektemannen hadde god nok økonomi til at kona ikkje trong vere i arbeid.¹⁵³ Det var dermed på mange måtar eit stort brot med gjeldande kjønnsrollemønster då kvinner som til dømes gifte Olufine Bringtine Heltene (f. Rongve), dotter av ein handelsborgar frå overklassen,

¹⁵¹ Sjå diagrammet Sosioøkonomisk bakgrunn: Vekst i prosent.

¹⁵² Sjå diagrammet Sosioøkonomisk bakgrunn: Vekst i prosent.

¹⁵³ Rosenbeck, 2005, 204.

valde å danne og drive si eiga verksemd i staden for å vere husmor på fulltid.¹⁵⁴ Dei gode økonomiske åra fekk dermed ein nærmast motsett effekt på denne gruppa, då ektemennene deira på det jamne fekk stadig betre råd, slik at desse kvinnene ikkje trong å tilføre ei ekstra inntekt sjølv for at familien skulle kunne leve standsmessig.

Men i den perioden der økonomien i Ålesund fekk ein nedgang nettopp rundt 1876 til 1880 gjekk talet på kvinner frå denne gruppa opp, fordi dei då måtte tilføre ei ekstra inntekt for å kunne halde på sin livsstil og ære. Sidan dei i motsetnad til arbeidarklassekvinnene ikkje kunne ta på seg arbeid i til dømes fabrikkar med æra i behald, vart det å danne verksemdar med familien sin opptente formue eit godt alternativ. Men denne perioden var likevel ikkje ein fekk vanskeleg økonomisk periode for dei som hadde ei viss formue å leve av, då den verken var særleg alvorleg i grad eller lengde.

Arbeidarklassekvinnene var i motsetnad til overklasse- og høgare middelklassekvinnene ikkje bunden av eit kvinnesyn som «the angel of the house». Det at kvinner som til dømes gifte Antonette Karoline Vorren, dotter av ein bryggearbeidar, valde å starte si eiga garn- og strikkeforretning var ikkje eit like stort brot med kvinnerolla i arbeidarklassen som ved overklassen.¹⁵⁵ Det at desse kvinnene valde å arbeide utanfor heimen kom heller av tvingande økonomisk nødvendighet for å ha to inntekter lågare inntekter, då mannen eller faren i familien ikkje kunne tene nok til å fø for alle.

Som drøfta i kapittel 3 var dette mykje av årsaken til at talet på kvinnelege entreprenørar frå arbeidarklasse var høgare enn kvinnelege entreprenørar frå overklasse og høgare middelklasse. Likevel er det interessant at nettopp talet på kvinnelege entreprenørar frå arbeidarklasse går opp i ei dårleg økonomisk tid for Ålesund. Denne utviklinga kan forklarast ved at desse kvinnene sleit med å få endane til å møtast om talet på andre arbeidsplassar gjekk ned, særleg fordi dei ikkje hadde likt rettsvern mot oppseiing som sine mannlege kollegaar.¹⁵⁶ Difor måtte desse kvinnene forsøkje å starte for seg sjølve for at familieøkonomien skulle gå rundt.

Midt i mellom desse to klassene finn ein lågare middelklassekvinnene, med ei heilt eiga samansetning av både økonomiske tilhøve og forventningar til seg. Som historikar Bente Rosenbeck uttalar det «kunne realitetene ofte være temmelig annerledes enn idealet», der

¹⁵⁴ SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 529/L0460: Ministerialbok nr. 529A10, 1906-1917, s. 125; SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 529/L0452: Ministerialbok nr. 529A02, 1864-1871, s. 68

¹⁵⁵ SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 529/L0455: Ministerialbok nr. 529A05, 1885-1893; RA, Folketelling 1910 for 1501 Ålesund kjøpstad, Tellingskrets 009, Bosted by 0043 Storgate 8, Leilighet 01.

¹⁵⁶ Hagemann, 2019.

denne gruppa av kvinner òg helst skulle vere «englar i huset» for å vise at ektemannen eller faren var rik nok til det, men familieøkonomien likevel ikkje strakk til utan ei ekstra inntekt. Dette var likevel ei klasse som i vanskelege økonomiske tider stod meir fritt i forhold til kva som var forventa av kvinner, slik at ho til dømes kunne ta meir sikkert arbeide som guvernante eller lærar, då ho etter sin posisjon hadde fleire moglegheiter enn kvinner frå til dømes arbeidarklassen. Dette forklarar kvifor talet på kvinnelege entreprenørar i Ålesund frå lågare middelklasse gjekk ned i denne perioden i forhold til dei andre klassene, då dei kan finne seg anna standsmessig arbeide i usikre tider.

Vidare er det særleg éi bestemt formulering av Thorson rundt næringstilhøva i Ålesund som er interessant å merke seg at han i det heile trekk fram, nemleg rundt korleis kvinner sine yrkesliv vart påverka av desse gode tidene. Thorson hevdar tidleg at «Kvinnearbeidet bare indirekte ble influert av fangstøkningen»¹⁵⁷. Denne formuleringa si riktighet avhenger av kva Thorson la i «kvinnearbeid», for utifrå min eigen statistikk ser ein tydelege relasjonar mellom periodane med svært gode økonomiske vilkår i næringslivet, som førte med seg ei stor auke i talet på kvinnelege entreprenørar, og ein enda større vekst for kvinnelege sjølvstendig næringsdrivande.¹⁵⁸

Det var dermed mest truleg desse svært gode åra som gjorde det mogleg å danne verksemdar i nettopp Ålesund då dei ulike gruppene av kvinner fekk rett til dette, sidan næringslivet hadde opning for fleire aktørar enn dei hadde hatt i trange tider med allereie høge tal på verksemdar i forhold til folketal. Utifrå dette ser det ut til at kvinneleg entreprenørskap har vore avhengig av gode økonomiske tider for å kunne blomstre, og dermed ha vore ein type overskotsprosjekt for samfunnsøkonomien. Somme måtte framleis forsøkje av nød, slik det vart vist til ovanfor for arbeidarklassen. Om næringslivet i Ålesund hadde vore i ein sterk regress, og allereie etablerte næringsdrivande hadde slite med å unngå konkurs, hadde ein ikkje sett dei same aukande tala på både kvinnelege entreprenørar og sjølvstendig næringsdrivande, sjølv om næringslovgjevinga formelt sett opna for dei.

Bybrannen i 1904 utgjorde eit var eit spesielt kriseår med store ringverknadar for Ålesund i perioden rundt 1900. Ein må difor sjå på korleis dette stemmer overeins med tala for kvinnelege entreprenørar og sjølvstendig næringsdrivande i korte eller lenger tider prega av økonomisk nedgang og kriser, for å verkeleg sjå kor sterk næringstilhøva verka inn som årsak på utviklinga i Ålesund. Steinar Aas viser til ei slik periode i Bodø by si historie, der perioden

¹⁵⁷ Thorson, 1948, 162.

¹⁵⁸ Sjå diagram 1a om sjølvstendig næringsdrivande i Ålesund, 3a om handelsbrev utstedt i perioden 1865 til 1908, og diagram 3b om registrerte nydanna firma i Ålesund 1909-1920.

frå omlag 1890 til 1906 var prega av økonomiske nedgangstider etter at sildefisket tok slutt, samt stor utvandring til Amerika og utflytting til industristadar, noko som igjen resulterte i at folketalet sank.¹⁵⁹ I lenger samanhengande periodar, der arbeidet av ulike grunnar ikkje var like innbringande, vart det beinvegs vanskelegare å halde oppe eit inntektsnivå som kunne brødfø ei heil familie.

I slike periodar vart det avgjerande å kunne bryte opp frå område med dårlege moglegheiter for inntekter for å finne meir inntektsbringane arbeid andre staden, slik som ved flytting frå bygd til by på 1860- og 70-talet. Aas trekk i denne samanheng inn korleis den kvinnelege delen av befolkninga ikkje sank i nær så stor grad som den mannlege, der 58 prosent av dei utvandra i åra 1890 til 1910 var menn, med ein periode mellom 1901 til 1910 der 70 prosent av utvandrarane var menn. I same periode ser han at det veks fram ein stor del av den kvinnelege befolkninga i Bodø som tek steget ut i næringslivet som tidlegare hadde vore føreheldt menn.¹⁶⁰ Kan ein utifrå liknande forhold i Ålesund forklare utviklinga på tala som vart presentert i kapittel 1, 2 og 3?

Slik det kom fram av kapittel 3 om geografisk bakgrunn for kvinnelege entreprenørar, var dette ei periode der talet på tilflyttarar som danna verksemder gjekk ned. Dette kom mest truleg av det svært høge talet på utvandrarar frå Sunnmøre og områda rundt Ålesund, nettopp fordi Amerika sine moglegheiter verka svært lukrative.¹⁶¹ Som i Bodø ser ein at det i periodar med stor grad av utvandringa førte til at kvinner vart i overtal også i Ålesund.¹⁶² Fram til 1901 opplevde også Ålesund ein stadig aukande befolkningsvekst i tillegg, der befolkning auka med 64,6 prosent i perioden 1890 til 1910 i følge Thorson.¹⁶³ Her ser ein jamvel eit unnatak i kjønnsfordelinga rundt 1901, der talet på menn var høgare enn talet på kvinner.¹⁶⁴ Desse demografiske utviklingstrekka kom i følge blant andre Thorson på bakgrunn av eit stabilt fiske igjennom heile perioden, med nettopp ein særleg god periode rundt 1900. Dette utgjorde altså det motsette av det som var tilfelle i Bodø, med den plutslege tilbakegangen i det tidlegare svært innbringande sildefisket mesteparten av fiskarane støtta seg på.¹⁶⁵

Også i Ålesund kjem det som sagt til eit overtal av kvinner i forhold til menn i befolkninga, med ein periode med ekstra differanse rundt 1910. Likevel ser ein ikkje dei same utviklingstrekka som Aas såg i Bodø for kvinnelege entreprenørar, der ein nedgang i den

¹⁵⁹ Aas, 2014, 111-114.

¹⁶⁰ Aas, 2014, 116.

¹⁶¹ Thorson, 1948, 71.

¹⁶² Aas, 2014, 113-114; Thorson, 1948, 71.

¹⁶³ Thorson, 1948, 302.

¹⁶⁴ Sjå Diagram 2 Folkemengde over 15 år.

¹⁶⁵ Thorson, 1948, 285-312.; Grytten, 1985, 40. Thorson grunnjev denne betraktninga gjennom resultatata frå dei undersøkingane som vart gjort av Statistisk Sentralbyrå i same periode.

mannlege befolkninga fører til eit hopp i talet på kvinnelege entreprenørar. Derimot ser ein at talet på kvinnelege sjølvstendig næringsdrivande som heilskap i følgje tala bak diagram 1a frå kapittel 1 gjekk kraftig opp i perioden 1900 til 1920, der talet på mannlege sjølvstendig næringsdrivande gjekk ned. Dette speglar i stor grad utviklinga for kjønnsfordelinga i folketalet i same periode. Slik ser ein at dei same mekanismane som verka i Bodø, kan ha verka på liknande vis i Ålesund.

Men sjølv om Ålesund sin økonomi gjekk relativt godt i perioden rundt 1900, førte bybrannen i 1904 til nokre harde økonomiske år for både Ålesund som by, så vel som befolkninga. Bybrannen i 1904 råka store delar av byen, blant anna store delar av byen sine handlegater.¹⁶⁶ I følgje Thorson bremsa bybrannen folkeauka noko, blant anna grunna dei økonomiske tapa som tvinga somme bort frå byen for å finne nytt levebrød, i tillegg til mangelen på bustadar i den fyrste tida etter. Dette kan òg vere med på å forklare nedgangen i talet på menn i perioden etter 1901.

Men samstundes påverka ikkje denne krisen og utflyttinga auken i talet på den kvinnelege befolkninga. Som Thorson skriv i si historie om Ålesund i denne perioden vart det fokusert på «først å skaffe de nødvendige fødevarer og klær, dernest å ordne en midlertidig underbringelse av befolkningen (...)»¹⁶⁷. Bybrannen ser ut til å ha skapt eit hol, liknande det i Bodø etter at den mannlege delen av befolkninga gjekk drastisk ned, for verksemdar som inneheldt kvinnelege syslar som fødevarer og klede. Dette gjorde at fleire kvinner faktisk kunne halde fram med å drive sine verksemdar som sjølvstendige næringsdrivande, samt at nokre få klarte å danne nye verksemdar som entreprenørar, medan talet på sjølvstendige næringsdrivande menn gjekk ned.

Som Jan Eivind Myhre sjølv viser til er det ein sterk relasjon mellom næringslivet og demografiske endringar.¹⁶⁸ Difor har det vore betre å sjå på desse saman som eit fleirspektra årsaksnettverk, då desse to særleg er vanskelege å skilje frå kvarandre som to ulike faktorar. Auken innanfor fisket gav gode økonomiske grunnlag for å satse innanfor handelsnæringa, då fisket førte med seg ein stor folkevekst grunna innvandring frå omlandet og auka livsgrunnlag for byen si eksisterande befolkning. Den urbaniserte familiestrukturen- og økonomien gjorde handelen livsviktig for å både kunne kle og fø ein ny type familie som ikkje lenger sjølve produserte det dei trong ut av sjølvbergingsprinsippet frå agrarsamfunnet.¹⁶⁹

¹⁶⁶ Thorson, 1948, 9-10.

¹⁶⁷ Thorson, 1948, 9.

¹⁶⁸ Myrhe, 2006, 257.

¹⁶⁹ Hagemann, 2010, 162.

Demografiske endringar som årsak

Byane og dei nye arbeidsplassane der vart på mange måtar som ein ventil for dette overskotet av befolkninga som trong arbeid som det ikkje fanst meir av på bygdene, noko som både førte til befolkningsvekst innanfor dei allereie etablerte byane, nye byar kom til, og sjølve byane vaks òg i geografisk størrelse. Bylivet prega hushaldsøkonomien til kvar enkelt ved å ikkje lenger kunne basere seg på eit sjølvbergande fellesskap som levde på det familien sjølve kunne produsere. Hushaldsøkonomiane i byane var heller baserte på pengeinntekt frå eksterne arbeidsplassar borte frå heimen, noko som er typisk for ein marknadsøkonomi der ein er avhengig av å kunne skaffe seg dei livsnødvendige varene familien treng frå andre sin produksjon. Moglegheita til å tene seg opp pengar frå nærmast ingen eigen eigedom eller formue vart ein realitet for mange, noko som i motsetnad til jord- og husdyrbruket sine svært uføreseielege naturgjevne tilhøve hadde hindra.¹⁷⁰

Etter at lova om oppheving av tenesteplikta på bygdene kom til 1854 fekk urbaniseringa verkeleg fart.¹⁷¹ Den sosiale mobiliteten saman med den faktiske fysiske mobiliteten var særleg viktig for at ugifte kvinnelege entreprenørar kunne vere så høgt som det var. Dette gjorde bylivet sine arbeidsplassar mykje meir tilpassa og freistande for særleg ugifte kvinner, som då heller kunne leve på lønna arbeid enn å vere avhengig av å vere del av eit sjølvbergingshushald for å overleve. Dette vart ein viktig årsak til at talet på ugifte kvinnelege entreprenørar var svært høgt igjennom heile perioden i Ålesund heilt ifrå 1865 og til 1920, då arbeidsplassane var tilhøve som var stabile så lenge næringstilhøva og økonomien i byen var relativt stabile.

Historiografien rundt denne perioden i norsk historie peikar òg på ein auke i den sosiale mobiliteten i samfunnet generelt, noko også økonomihistorikar Fritz Hodne trekk fram for typisk for den samtidige samfunnsutviklinga.¹⁷² Det vil i realiteten seie at det i tidlegare tider var svært høgt sannsyn for at ein son av ein husmann ville bli husmann sjølv, no var større sjanse for at ein husmannsson kunne danne si eiga verksemd og ta del i det veksande mellomståande laget av samfunnet. Dette vart gjort mogleg nettopp gjennom byen sin «yrkesmessige differensiering», slik Hodne formulere det.¹⁷³

I «yngre» byar, slik som Ålesund, var dette særleg reelt då det ikkje allereie var ein større borgarstand som heldt store delar av borgarbrev og -rettane og dermed hadde metta marknaden. «Inntakskrava» for å få borgarbrev eller -rett i ein slik «ung» by som Ålesund

¹⁷⁰ Hodne, 2000, 161.

¹⁷¹ Blom & Tranberg, 1985, 151.

¹⁷² Hodne, 2000, 133-134.

¹⁷³ Hodne, 2000, 133.

vart dermed lågare enn i eldre byar, noko ein òg kan sjå igjennom tala på kvinnelege innflyttarar som fekk innvilga borgarbrev heilt tidleg i perioden. Dermed var det større opning for personar frå arbeidarklassen og lågare middelklasse til å få innvilga slike rettar når det var påkravd, og seinare i perioden kunne ha moglegheit for å tene seg opp pengar til å starte eiga verksemd. Slik ser ein dette som ein viktig årsak til at nettopp lågare middelklasse var mest representerte som sosioøkonomisk bakgrunn for dei kvinnelege entreprenørane igjennom heile perioden.¹⁷⁴

Som sagt endra hushaldsøkonomien seg ifrå å vere basert på det familien sjølv kunne produsere, både når det gjaldt mat, hushaldsartiklar, sam til dels bekledninga dei trengde.¹⁷⁵ Ved den nye urbane marknadsstyrte pengebaserte hushaldsøkonomien, kunne ein i større grad leve i einsemd, i mindre einingar eller i familiar, utan å skulle forsikre seg om å ha nok arbeidskraft og område for å produsere det ein trong for å overleve. Behov som kost, hushaldsartiklar, til dels losji, samt bekledning, måtte dermed kunne skaffast frå andre sine handlar. Slik sett skulle auken i folketalet ha vorte spegla i auken innanfor denne delen av næringslivet, då fleire folk som ikkje produserte for seg sjølve førte til eit like aukande behov for å kjøpe mat, klede og hushaldsartiklar.

Desse delane av familien sin produksjon til heilt naudsynte primære behov hadde i stor grad vore sett til kvinnene, og vore sterkt knytt til kvinnene sitt kjønnsrollemønster. Med andre ord betydde dette at delar av kvinnene sine oppgåver i det tradisjonelle bondesamfunnet sin mikroøkonomi vart flytta ut av heimen. Om kvinnene heldt fram med dei tradisjonelle kvinnedominerte oppgåvene frå det «gamle» bondesamfunnet sitt system også i det «nye» bysamfunnet kan dette heller sjåast som kontinuitet enn eit stort brot med dei tradisjonelle kjønnsrollene. Endringa ser ein heller i at kvinnene sine oppgåver vart flytta frå heimen og ut i bylivet som ekstern arbeidsplass, slik som ved menn sine oppgåver vart flytta til til dømes verkstadar og liknande.¹⁷⁶

Dette førte til eit auka behov for verksemdar som dreiv med blant anna tilverking og sal av kle og mat, losji og andre levemiddel, noko kvinnene i familien tradisjonelt sett hadde drive med i heimen. Slik vart det også her danna eit hol i næringslivet som kvinner utan særlege brot med dei gjeldande kjønnsrollemønstera kunne drive med. Her ser ein tydeleg kor samansett forholdet mellom næringstilhøva og demografiske forhold var og er i eit samfunn, der talet på verksemdar av denne typen og folketalet stadig må stå i forhold til kvarandre.

¹⁷⁴ Sjå diagram Sosioøkonomisk bakgrunn: Vekst i prosent.

¹⁷⁵ Hodne, 2000, 59.

¹⁷⁶ Hagemann, 2010, 181.

Dette vert særleg tydeleg i Ålesund, der ein kan sjå at dei aller fleste av dei kvinnelege entreprenørane valde å danne verksemder innanfor denne typen næring, og der nokre unnataksvis dreiv verksemder som var heilt i kanten av dette avgrensa næringsområdet.¹⁷⁷ Ei av dei som dreiv ein type verksemd som var noko utanfor mote- eller matvarehandel, var Karen Marie Hagen frå Viblungsnes, som vart trekt fram som spesielt tilfelle i kapittel 1.¹⁷⁸ Dette var som sagt ein type verksemd som låg utanfor den tradisjonelle oppsedinga til alle kvinner i form av hushald- eller husflidarbeid. Men å drive ei gullsmidforretning var likevel relativt likt det å drive motehandel, og det låg framleis innanfor ein meir eksklusiv del av detaljhandelen som var i stor grad mynta på andre kvinner eller menn frå høgare samfunnslag.

Kjønnsrollemønster som årsak

Som det vart vist til i innleiinga av denne oppgåva kom dette igjen til ei differensiering innanfor kvinnerolla, der ulike klasser og ulike sivilstandar førte med seg ulike haldningar til kva ei kvinne skulle vere.¹⁷⁹ Dette vert ei forlenging av demografiske endringar som årsak, der ein dykkar nærmare inn på eit mikronivå ved å sjå på endringane i familiestruktur og -nivå som årsak. Spørsmålet er her korleis kvinnelege entreprenørar har vorte påverka av desse ulike kjønnsrollene, og korleis dei gjeldande haldningane til kvinner i ulike livssituasjonar kan ha vore årsaken bak auken for gifte kvinner etter 1865 og gifte etter 1890. I neste kapittel vil dette perspektivet verte snudd på hovudet, der eg vil sjå på korleis kvinneleg entreprenørskap i Ålesund verka inn på kjønnsrollemønsteret i samfunnet.

Der kjønnsrollemønsteret tydelegast har verka inn på kvinneleg entreprenørskap er valet av typen verksemder i næringslivet kvinnelege entreprenørar etablerte seg med i Ålesund. Som det vart vist i kapittel 1 låg dei verksemdene det er kjelder nok til å seie noko om heilt klart innanfor den same typen syssel som òg låg innanfor pliktene og syslane til ei kvinne, særleg i agrarsamfunnet sine sjølvbergingshushald. Som det vart vist til ovanfor om næringstilhøva rett etter bybrannen i 1904 og endringane i familiestrukturen og -økonomien, var dette òg eit felt innanfor næringslivet som trong å dekkjast. Dette gav kvinner moglegheit til å ta del i næringslivet som entreprenørar, men utan å bryte for mykje med det stadig sterkare synet på kvinna som husmor.

Kvifor kom den store auken av gifte kvinnelege entreprenørar frå 1890-åra og utover? Kari Melby og Anna Jorunn Avdem viser til nokre av fordelane gifte kvinner spesielt frå høgare

¹⁷⁷ Sjå kapittel 1 og vedlegg 1; Hagemann, 2010, 181.

¹⁷⁸ SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 529/L0459: Ministerialbok nr. 529A09, 1904-1917, s. 196; Romsdals Amt Adressebok 1909, s. 23.

¹⁷⁹ Jamfør hovudinnleiinga si drøfting av omgrepet «kjønnsrolle».

middelklasse og overklassen hadde for å danne verksemder eksternt frå heimen. Dei hadde moglegheit for å danne og drive verksemder utanfor heimen om dei hadde hushjelp, noko deira hushald sitt inntektsgrunnlag gjorde mogleg.¹⁸⁰ Dette var med på å auke talet på gifte kvinnelege entreprenørar. Deira moglegheit for å verte entreprenørar vart likevel heldt noko tilbake av det sterke «angel of the house»-idealet som særleg prega dette laget av samfunnet meir enn dei to andre klassene som er sett føre i denne oppgåva. Dette forklarar kvifor talet på kvinner frå høgare middelklasse og overklasse var så låge gjennom heile perioden som dei var, men òg samstundes kva som gjorde til at dei kunne vere til stades i statistikken i det heile.

Dette gjaldt blant andre den kvinnelege entreprenøren Ivrikke Hansen, som i 1896 danna si handelsverksemd, medan mannen dreiv ei anna.¹⁸¹ Innanfor dette hushaldet ser ein òg ei Isabelle Dønheim som tok seg av «Husgjerning» som deira tenestepike. Men Ivrikke og ektemannen Erik er òg eit noko unikt tilfelle, då det under Ivrikke si fråsegn i Handelsregisteret vart lagt ved ei fråsegn frå Erik om at han fråskriver seg alt ansvar for Ivrikke sine verksemder.¹⁸² Kva kom dette av? Enten var dette ein måte å sikre at familien si inntekt og formue ikkje skulle gå tapt om den eine av dei skulle gå konkurs, noko som er mest sannsynleg. Men det kan òg tenkjast at dette kom på initiativ frå Ivrikke sjølv, som ville unngå at mannen skulle få noko innverknad på hennar verksemd. Dette er likevel vanskeleg å kunne seie med sikkerheit og på vitskapleg bakgrunn.

Gifte kvinner frå andre samfunnsklasser hadde derimot ikkje moglegheit for å tilsetje hushjelp til å vere heime, men vart heller ikkje heldt tilbake av eit sterkt husmorideal. Der var det heller eit behov for supplerande inntekt som dreiv dei til å danne og drive verksemder. Dei som kom frå bygdesamfunnet hadde truleg minst kvalar mot å danne eiga verksemd, då dei hadde fått med seg haldningar og vaner om at kvinner og menn hadde like viktige funksjonar for at gardslivet skulle gå rundt økonomisk og familiemessig.¹⁸³

Her kan ein heller sjå korleis kvinner som kom frå kystnærme strøk tok med seg idealet om den gifte kvinna som både dagleg leiar og arbeidsleiar av gardbruket då husfar var heiltidsfiskar, noko som var ei arbeidsfordeling som store delar av Mørkekysten var prega av.¹⁸⁴ Dette var ein kvardag og arbeidsfordeling som blant andre Jakobine Olaussen frå Hadsel i dagens Nordland fylke mest truleg hadde vokse opp med.¹⁸⁵ Faren hennar var fiskar

¹⁸⁰ Avdem & Melby, 1985, 147.

¹⁸¹ SAT, Folketelling 1900 for 1501 Ålesund kjøpstad, 1900, s. 5358; «Handelsregistre for Kongeriket Norge», 1896, s. 519-520.

¹⁸² «Handelsregistre for Kongeriket Norge», 1896, s. 519-520.

¹⁸³ Avdem & Melby, 1985, 49.

¹⁸⁴ Avdem & Melby, 1985, 17.

¹⁸⁵ RA, Folketelling 1891 for 1866 Hadsel herred, 1891, s. 5542

og samstundes sjøveigande bonde, noko som i realiteten ville seie at mora til Jakobine dreiv garden når han var på sjøen for å fiske. Det same gjaldt for Anna Lovise Larsdatter Skorgen frå Grytten, med ein far som var sjømann og gardbrukar.¹⁸⁶ Dermed var det ikkje utenkjeleg eller eit stort brot for desse kvinnene å skulle danne og drive eit eige føretak, også i eit bysamfunn, noko som igjen gjorde den store auken etter opninga i lovgjevinga rundt 1890-åra mogleg.

Store delar av haldningane til kvinner og deira rolle i samfunnet som har vorte drøfta til no kan argumenterast for å gjelde kvinner i arbeid innanfor desse næringane generelt, og ikkje berre for kvinneleg entreprenørskap spesielt. Derimot kan det hevdast at ein ved å danne sine eigne verksemdar kunne oppnå større sikkerheit og i det heile auke moglegheita for å kunne arbeide om ein var gift eller kom til å skulle gifte seg. Dette stemmer godt overeins med utviklinga for norske byar generelt rundt 1890-talet, der talet på sjølvstendige næringsdrivande i norske byar fekk eit oppsving, medan talet på kvinner i arbeid utanfor heimen fekk ein relativ stagnasjon. Det same ser ein i forhold til utviklinga lokalt i Ålesund.

Når det gjaldt ugifte kvinner og den stadige veksten i denne gruppa sine høge tal, ligg det mest truleg endringar i familietilhøva bak som sterkt påverkande faktorar. Som sagt vart stillinga til ugifte kvinner frå høgare sosiale lag, eller «de overflødige tanter» som historikar Bodil Chr. Erichsen kalla desse kvinnene, endra radikalt etterkvart som familieøkonomien ikkje lenger trengte like mange ulike arbeidstakarar til å kunne forsørgje seg.¹⁸⁷ Dette stod i motsetnad til kva behovet hadde vore for dei i agrarsamfunnet sine familiar, der ein trong all arbeidskraft ein kunne få innanfor ei grense av det garden og familien kunne produsere og forsørgje desse ekstra personane med.

Petrine Oline Josefine Aarseth frå Borgund var ei døme på ei slik potensiell «overflødig tante», då ho som ei ugift dotter av ein handelsborgar valde å danne sin eigen «Husholdshandel» i 1891.¹⁸⁸ Sidan faren hennar var handelsborgar hadde ho hatt moglegheiter for å lære noko av korleis han arbeidde, sjølv om ho ikkje hadde fått den same potensielle utdanninga som sine brør ville fått. I tillegg hadde faren som handelsborgar mest truleg ei viss inntekt og formue som Petrine kunne nytte som startkapital ved etableringa av si verksemd. Det ser heller ikkje ut til at Petrine gifta seg på noko tidspunkt, men ho får ein uekte son i 1889. Etter at faren døydde var det Petrine som forsørgja både si eiga mor og

¹⁸⁶ SAT, Ministerialprotokoller, klokkerbøker og fødselsregistre - Møre og Romsdal, 544/L0580: Klokkerbok nr. 544C02, 1867-1909, s. 211

¹⁸⁷ Erichsen, 2018, 151.

¹⁸⁸ RA, Folketelling 1891 for 1501 Ålesund kjøpstad, 1891, s. 4202; Romsdals amts adressebok 1900 s. 24

sonen ved å drive «Handel mel og kolonial».¹⁸⁹ Slik vart ho ei viktig forsikring for mora sine levekår etter bortfallet av faren.

Ugifte kvinner frå arbeidarklassen, og til dels det aller lågaste sjiktet av middelklassen, kunne som regel ta seg arbeid hjå dei mange fabrikkane om dei flytte til byen. Men dette var tungt og farleg arbeid utført mot mindre løn enn deira mannlege kollegar fekk, noko som gjorde det å danne ein eigen arbeidsplass mykje meir freistande enn om dei hadde hatt gode moglegheiter på arbeidsmarknaden elles.¹⁹⁰ Ugifte kvinner frå høgare middelklasse eller overklassen kunne ikkje leve eit standsmessig liv og samstundes ta arbeid som fabrikkarbeidar eller liknande.¹⁹¹ Det var òg avgrensa kor mange postar som til ei kvar tid var opne for denne gruppa av kvinner å søkje seg inn til, noko som opna opp for faren med å stå som arbeidsledig, som igjen gav dei lågast status av alle. Også for denne gruppa av kvinner var då danning og drift av ei eiga verksemd eit godt alternativ, og ein viktig årsak til at dei utgjorde ei så stor gruppe av kvinnelege entreprenørar som dei gjorde.

Dermed ser ein at ulike kjønnsroller for ulike sivilstandar, kombinert med ulike kjønnsroller for ulike sosioøkonomiske klasser i samfunnet slik det kom fram av drøftinga rundt næringstilhøve som årsak, har vore med på å påverke dei samanlagde tala på kvinnelege entreprenørar. Ugifte kvinner frå alle klasser som er studerte her har hatt fleire moglegheiter enn gifte utifrå deira gjeldande kjønnsroller. Dette forklarar det stadig høge talet på ugifte kvinner i Ålesund igjennom perioden. Den store auken av gifte kvinner frå 1890-åra i Ålesund kan på liknande måte forklarast ved at det på same tidspunkt kom til ein stor auke av kvinnelege entreprenørar med bakgrunn frå Ålesund og byen sitt omland, som dermed importerte med seg ei haldning til kona som ein viktig del av styringa av eit gardsbruk, og for kystkvinnene som fullgode daglege leiarar av garden som verksemd.

¹⁸⁹ SAT, Folketelling 1900 for 1501 Ålesund kjøpstad, 1900, s. 3843

¹⁹⁰ Hagemann, 2010, 197-199.

¹⁹¹ Erichsen, 2018, 151-153.

Kapittel 5: Verknadar av kvinneleg entreprenørskap i Ålesund

Innleiing

Då det til no i denne oppgåva har vorte drøfta korleis og kvifor kvinneleg entreprenørskap i Ålesund har endra seg i løpet av perioden 1865 til 1920, er det no på tide å snu blikket til korleis desse endringane har påverka ulike delar av samfunnsstrukturen. For korleis påverka utviklinga innanfor kvinneleg entreprenørskap kjønnsrollemønsteret i samfunnet? Korleis endra dei kvinnelege entreprenørane si sjølvforståing seg, og dinest omverda si forståing dei og av kvinner generelt? Her vil det verte sett på både kontinuitet og endring, slik at ein kan få med både dei delane av samfunnet som faktisk vart påverka av kvinneleg entreprenørskap, og dei delane som ikkje vart det.

Men som drøfta i kapittel 4, var forholdet mellom årsak og verknad i nokre tilfelle svært intrikate og det kan vere vanskeleg å skilje dei frå kvarandre med sikkerheit. Her støyter ein på problemet med å skulle sortere delane innafor kausalitetsrekjene kronologisk. Denne usikkerheita rundt plasseringa i kausalitetsrekja vil verte teke omsyn til i løpet av dette kapitlet. I tillegg vil det verte reflektert over kva utviklingstrekk i samfunnet som med relativ sikkerheit kan seiast å vere verknad av nettopp endringar innanfor kvinneleg entreprenørskap, og ikkje eit mykje større samansett bilete.

I likskap med det føregåande kapitlet om årsaker vil også dette kapitlet sin analyse byggje på funna som vart lagt fram i dei tre fyrste kapitla. I tillegg vil det for dette kapitlet særleg verte nytta aviser som kjelder, i form av artiklar, notisar og annonser, samt dei lovendingane som har kome til i løpet av denne perioden. Avisene vil som nemnt i innleiinga gje ei unik moglegheit til å kome nærmare mentaliteten, og haldningane, som låg til både tida og rommet for publiseringa av avisene. Desse vil få ein grundig gjennomgang i dette kapitlet, men også til denne kjelda sin natur ligg det nokre fallgruver og problem som vil verte teke stilling til i arbeidet med kvar enkelt avis.

Endring i lovgjeving som verknad

Som påpeika i analysen av lovendingar som årsak til kvinneleg entreprenørskap, kjem den svært komplekse samanhengen mellom årsak og verknad særleg klart fram i spørsmålet om lovendingar. Utifrå det rettsfilosofiske idealet på 1800- og 1900-talet om sedvane som lovjusterande rettskjelde, slik blant andre rettshistorikar Jørn Øyrehagen Sunde viser til, vart

lovene endra i takt med at samfunnet endra seg.¹⁹² Dette står i motsetnad til opplysningstidsidealet på 1700-talet om lovgjeving basert på naturretslege premis om at lover skulle utifrå menneska sine opphavlege og allmenne rettar og plikter, der lovene ikkje skulle kunne endrast i takt med samfunnsutviklinga.¹⁹³ Overgangen til sedvanebestemt lovjustering opna slik sett opp for at samfunnsendringar, slik som endringar innanfor kvinneleg entreprenørskap, faktisk endra lovene òg.

Kan ein utifrå denne rettslege tenkjemåten sjå nokon lovendringar som kom til på grunn av kvinneleg entreprenørskap, kvinneleg deltaking i næringsliv eller kvinner i eksternt arbeid generelt? Sidan «sedvanen» lovene vart justert etter kom til på bakgrunn av praktiske og logiske omsyn, må det ha vore noko ved kvinneleg entreprenørskap som endra kva som vart sett som nettopp praktisk og logisk. Eit av desse omsyna kan ha vore det behovet for den typen tenester desse kvinnene kunne tilby i sine verksemder, slik det vart påpeika i det første kapitlet. Eit anna er at det allereie var praktisert kvinneleg verksemd innanfor handel og handverk frå før av, noko som normaliserte kvinneleg deltaking i, sjølv om talet og omfanget var relativt lavt i starten av perioden.

Ser ein til lovendringane som gjaldt sivilstand for kvinner som skulle få tilgang til å drive handel eller handverk, ser ein tydeleg ein mekanisme i at éi lovendring utløyser eller utvidar også for dei gruppene av kvinner som ikkje eksplisitt vart nemnde i lovendringa sin ordlyd. Slik ein kan sjå utifrå kapitlet om utviklinga innanfor sivilstand for kvinnelege entreprenørar, var det fyrst ei overvekt som var enker eller ugifte.¹⁹⁴ Dette kom nødvendigvis av at det berre var enker og ugifte som hadde lov til å danne verksemder fram til 1888.¹⁹⁵ Etter 1880-talet og utover ser ein at gifte kvinner tek over som majoritet innanfor kvinnelege entreprenørar. Gjennom enker og ugifte kvinner i næringslivet hadde det danna seg ei normalisering og sedvane rundt kva kvinner generelt kunne utøve, då desse to gruppene sivilstand utgjorde ein stor del av den kvinnelege befolkninga. Dermed vart det lettare for gifte kvinner å etterkvart få ta del i dei same rettane, då det allereie var sedvane for «kvinner» generelt.

Utviklingsmønsteret for geografisk bakgrunn for dei kvinnelege entreprenørane hadde òg verknad på lovendringane. I starten av perioden kom mesteparten av dei kvinnene som vart entreprenørar til Ålesund frå andre norske byar. Fleire av desse hadde allereie drive verksemd og hatt handelsbrev i byen dei kom ifrå, der det allereie var sedvane for kvinner i

¹⁹² Sunde, 2005, 290.

¹⁹³ Tranøy, 2018.

¹⁹⁴ Sjå diagram kap. 2.

¹⁹⁵ Blom & Tranberg, 1985, 153-154.

næringslivet. Di fleire slike kvinner som kom til i Ålesund, di meir sedvanleg vart det òg at kvinner starta og dreiv verksemdar. Då det nasjonale Stortinget, med lokale representantar frå nettopp byar som Ålesund med fleire kvinnelege entreprenørar, skulle stemme over dei ulike lovforslaga, var det på denne måten ikkje noko kontroversielt i at kvinner skulle få halde fram med det dei allereie hadde gjort.

Når det gjeld kva desse kvinnene kunne drive med utifrå lovverket, kan ein òg drage ei linje til at det fyrst vart opna for ein liten, avgrensa del av samfunnsdeltakinga, slik som lågare utdanning eller lokal stemmerett.¹⁹⁶ Etterkvart slapp denne avgrensinga gradvis opp, noko som resulterte i at kvinner kunne få gradvis høgare utdanning og utvida stemmerett. Det same ser ein innanfor rettar til handel og handverk, der kvinner fyrst fekk drive med handverk utan tilsette og i liten skala, for så å få rettar til å drive handel og handverk i større og større skala. Dermed ser ein òg eit mønster i noko, til dømes handverk i liten skala, i lang tid har vore sedvane, der lovgjevarane yter mindre motstand mot utviding av ein rett kontra lovgjeving som bryt for mykje med dei gamle skikkane.

Haldningar til kvinner i avisene

Den same mekanismen, sjølv utan at det vart direkte styrt av lovgjeving, kan òg forklare kvifor dei kvinnelege entreprenørane heldt seg til éin nokså smal del av næringslivet. Sedvane, tradisjon og skikk, samt risiko har vore viktige faktorar for kva veg som har vorte valt, også for dei som tek ein noko mindre trådd veg enn det tradisjonelle husmorstilveret. For dei uskrivne reglane i samfunnet, altså normverket, kan òg ha spelt sterkt inn på kva val desse kvinnene har teke. Difor er det viktig å undersøkje kva for nokre normer som har vore til stader i samfunnet, kven som har uttrykt desse haldningane, og om desse endrar seg i takt med utviklinga innanfor kvinneleg entreprenørskap. Det er aviser frå perioden ei god kjelde til, med sine fordelar og bakdelar som medium.

Slik blant andre historikar John Tosh viser til, har aviser av ulike typar stadig vorte nytta som kjelde i historiske arbeid for å kunne kome nærmare ei tid sin mentalitet.¹⁹⁷ I denne oppgåva sitt tilfelle vil aviser verte nytta for å sjå på korleis samfunnet, og dei aktuelle kvinnene sjølve, såg på kvinneleg entreprenørskap, og korleis desse haldningane endra seg i forhold til endringar i kvinneleg entreprenørskap. På denne måten kan ein kome nærmare eit svar på siste del av den overordna problemstillinga for oppgåva generelt. Med dette føremålet har det vorte sett på både tematikk, vinkling nytta og haldning i bakgrunn, og ikkje minst:

¹⁹⁶ Blom & Tranberg, 1985, 152-160.

¹⁹⁷ Tosh, 2010, 75.

Kven som kjem til ordet og ikkje i løpet av perioden. Sidan «kvinneleg entreprenørskap» var avgrensa og sjeldan nytta terminologi i løpet av denne perioden er det òg aktuelt å sjå på haldninga til kvinner generelt og kvinner i arbeid utanfor heimen spesielt. Spørsmålet er vidare om ein kan sjå nokon korrelasjon mellom utviklinga for kvinneleg entreprenørskap og dei haldningane som kjem fram av avisene igjennom perioden.

For denne oppgåva sin innleiande periode 1865 til 1880 er det dessverre få artiklar som kan hjelpe til med å svare på spørsmålet rundt utviklinga for haldningane til kvinneleg entreprenørskap. Dei aller fleste av artiklane med kvinner som tema i denne perioden, handlar om korleis «kvinna» kan vere den best moglege husmora. Artikkelen «Kompagniskab og Ægteskab» på framsida RB frå 1868 viser spesifikt til at kvinner verken evnar eller skal «trænge ind i en Forretnings Detaljer» som ektemannen skjøttar.¹⁹⁸ Ho kan eventuelt ha eit visst overblikk over den for å kunne støtte mannen om det vert eit behov. Slik sett er det svært interessant at det både vert drøfta kva innflytelse og innblikk kvinner skal ha i mannen sine verksemder. Det at kvinner eksplisitt får svært lite tiltru til å kunne forstå forretningsliv er særleg tydeleg i denne artikkelen, og kan ha vore ei leiande haldning i samfunnet, saman med dei andre artiklane som held på ein ideologisk tanke om kvinna som husmor.

Nokre få andre viser til kvinner i andre land som driv eiga eller andre sine verksemder, med eit meir nøytralt eller positivt føreteikn for artikkelen. I eit av nummera av AaHS frå 1876 kan ein lese ein særleg aktuell artikkel som peikar direkte på kvinneleg entreprenørskap, i dette tilfellet i England.¹⁹⁹ Artikkelen viser til ei kvinne i London som oppretta eit apotek, der ho tilsette andre kvinner. Artikkelforfattaren viser til at fleire meiner at denne auken i arbeidsplassar for kvinner har ført til mindre prostitusjon. Med andre ord ser forfattaren på kvinner som dannar eiga verksemd som veldig hensiktsmessig for samfunnet generelt, då det fjernar eit større vonde i prostituerte.

Dette svært så positive synet på kvinner som dannar eiga ekstern verksemd utanfor heimen står dermed i sterk kontrast til dei artiklane som har vorte nemnt ovanfor, der kvinner som husmødrer er hovudfokus. I ein notis med overskrifta «Til unge Husmødre» i AaHS frå 1878 skriv ei «Eldre husmor» til yngre husmødrer om at det er «den kvindelige Opgave at skabe Hygge og Tilfredshed omkring sig».²⁰⁰ Her står idealet om kvinna som «the angel of the house», som stod sterkt i enkelte samfunnskretsar, i sterk kontrast til kvinna som dannar og drivar av ekstern verksemd. Med andre ord ser det ut til at husmorsrolla har stått som svært

¹⁹⁸ Romsdals Budstikke, 1868, 1.

¹⁹⁹ Aalesunds Handels- og Søfartstidende, 1876, 1.

²⁰⁰ Aalesunds Handels- og Søfartstidende, 1878, 1.

viktig også i Ålesund, men at kvinner som driv for seg sjølve og tilsett andre kvinner kan, men ikkje alltid, vere positivt for samfunnet.

Allereie i denne fyrste perioden ser ein gryande drøfting av stemmerett for kvinner, i artiklar med titlar som «Et Fremtidsspørgsmaal», ein særleg tydeleg trend i artiklar med kvinner som tema i den etterfylgjande perioden frå om lag 1880 og utover på 1900-talet.²⁰¹ Drøftinga rundt kvinner/jenter sin plass i samfunnet, både i form av utdanning, arbeid, hus og heim, held òg fram, og aukar i omfang, men denne perioden er meir prega av kvinnesak og stemmerettsdebatt enn den føregåande. Ein kan sjå ei veksling mellom artiklar om kvinnesaka i andre regionar og land, og direkte argumenterande tekstar, som til dømes lesarinnlegg. Her ser ein at det har vorte publisert innlegg frå begge leirar om kvarandre, altså at den eine leiren ikkje får meir taletid enn den andre.

Ein kan sjå eit tydeleg døme på korleis desse to leirane kom til uttrykk i dei to artiklane «Om Kvindenes Opgave» frå 1887 og «Kvindelig Stemmeret» frå 1896.²⁰² «Om Kvindenes Opgave» var ein trykt versjon av foredraget til Statsråd Hertzberg om stemmerettsspørsmålet og kvinner i arbeidslivet, og stod som ein føljetong på framsida til minst fire etterfølgjande nummer av AaHS. Hertzberg var i følge artikkelen sterkt imot kvinneemansipasjonen, då det distanserer kvinna frå hennar «lykkelige» plass i heimen og i samfunnet generelt.²⁰³ Etter Hertzberg sitt syn passa kvinner òg svært dårleg inn i arbeidslivet, og særleg som sjølvstendig næringsdrivande, der han meinte kvinner «viste desværre liden Opfindsomhed og Initiativ, naar Talen var om at søge Beskjæftigelse og Erhverv». Spørsmålet er her om denne prioriteringa av plass utelukkande var eit resultat av redaksjonen sine haldningar i den konservative avisa AaHS, eller om desse haldningane òg vart delt av lesarane til AaHS.

Ni år seinare vart artikkelen «Kvindelig Stemmeret», med eit referat frå Kvindemøtet i Ålesund, der det blant fleire namngjevne kvinner drøftar (med innskrivne replikkar) og føreslo ein resolusjon om kjønnsnøytral stemmerett. Her vart det òg direkte vist til at «Den gifte Kvinder var da fulstændig lige saa skikket»²⁰⁴, noko som var ein radikal merknad i forhold til synet på den gifte kvinna som «snakka for» igjennom ektemannen sin stemmerett. Denne artikkelen fekk stor og god plassering i avisa, noko som viser til redaksjonen, og sannsynlegvis samfunnet, sitt auka fokus på dette temaet som noko å ta på alvor. Sjølv om denne artikkelen «berre» dekte éi enkelt side i avisa, i tillegg til ein notis i etterfølgjande

²⁰¹ Aalesunds Handels- og Søfartstidende, 1879, 1.

²⁰² Aalesunds Handels- og Søfartstidende, 1887, 1; Aalesunds Handels- og Søfartstidende, 1896, 2.

²⁰³ Aalesunds Handels- og Søfartstidende, 1887, 1.

²⁰⁴ Aalesunds Handels- og Søfartstidende, 1896, 2.

nummer, kan det verke til at noko har endra seg i haldningane hjå medlemmane av redaksjonen og/eller samfunnet rundt.

Når det gjeld kvinner i næringslivet spesielt, vart gifte kvinner sin moglegheit til å ta del i næringslivet særleg dekt av AaHS, der det vart vist til at den tidlegare proposisjonen som hadde vorte avslått i Odelstinget skulle takast opp igjen av Stortingets Juritskomite.²⁰⁵ Dette lovforslaget var særleg banebrytande for gifte kvinner, som lovleg sett kunne verte forsørgja økonomisk av ektemannen, men som likevel ynskja å verte det denne oppgåva definerer som kvinnelege entreprenørar. Her kan ein skimte ei haldning i samfunnet, i form av Stortinget sine representantar, om at kvinner, og no også gifte kvinner, var skikka til å danne og drive verksemd, i motsetnad til den eldre haldninga frå Odelstinget om at dei ikkje var skikka til denne typen deltaking i næringslivet.

I AaHS i perioden 1880 til om lag 1904 kan ein sjå stadig fleire, og større, annonsar sett inn av kvinner som igjennom denne oppgåva si kartlegging har vorte definert som kvinnelege entreprenørar. Dømer ifrå denne perioden ser ein i dei to kvinnelege entreprenørane Iverine Sofie Thorsen og A. Grønningsæter si annonsering av sine høvesvis kolonialhandel og mote- og syverksemd.²⁰⁶ Begge hadde to store header-annonser, med stor tekst med lovord og lovnadar for verksemda, i fleire utgåver av AaHS i løpet av 1880-åra og framover.

Den kvinnelege entreprenøren Anna Eilifsen er eitt døme på at denne tendensen heldt fram også i etterfølgjande periodar, med si store annonse på kvar framside av Sunnmørsposten (med nokre få unntak) i løpet av perioden 1904-1910.²⁰⁷ Anne Eilifsen dreiv «Sæbe-, Parfumerie- & Drogeriforretning», og valde avisa for å promotere seg sjølv, slik stadig fleire andre kvinner valde å marknadsføre sine verksemd. Desse store annonsane vere eit direkte resultat av ei auka tiltru til dei sjølve som entreprenørar og næringsdrivande, i kontrast til tidlegare periodar der annonsane var om ikkje ikkje-eksisterande så mykje færre, mindre og meir anonyme. I tillegg viser det at redaksjonen i avisene AaHS og Smp (som vert drøfta vidare nedanfor) kanskje fekk eit meir likeverdig syn på kvinnestyrte og -eigde verksemd frå 1880-åra og framover.

For det er påfallande likskapar og overlapp mellom bølgiene av artiklar og notisar som drøftar kvinnesaka og kvinneleg deltaking i næringsliv, saman med annonser som promoterer verksemd med kvinner tydeleg bak roret, og den samtidige auken i talet på kvinnelege entreprenørar. Men her må ein igjen ta omsyn til kompleksiteten når det gjeld kva for nokre

²⁰⁵ Aalesunds Handels- og Søfartstidende, 1893, 2.

²⁰⁶ Sjå t.d. Aalesunds Handels- og Søfartstidende, 1892, 3 og Aalesunds Handels- og Søfartstidende, 1885, 3-4.

²⁰⁷ Sjå t.d. Sunnmørsposten, 1910, 1.

av desse bølgiene som kan sjåast som årsak og verknad. Haldningane endrar seg som det har vorte drøfta her, men var dette som resultat av ei auka normalisering av kvinnelege entreprenørar og næringsdrivande? Var auken i talet på kvinnelege entreprenørar i denne perioden årsaken til at desse debattane og annonseringane vaks til slik dei gjorde, eller var den auka merksemda og annonsering av kvinner i offentlegheit og næringslivet årsak til framveksten av eit høgare tal av kvinnelege entreprenørar? Svaret vert klarare di lenger ut mot 1920 ein kjem og kan sjå heile perioden under eitt syn.

Etter 1904 må ein som sagt sjå til andre aviser for haldningar i samfunnet, i denne oppgåva sitt tilfelle Smp, då AaHS ikkje overlevde bybrannen same år. Her må ein hugse på at fokuset går frå ei konservativ avis om fyrst og fremst handel og sjøfart i AaHS, til den venstreorienterte avisa Smp, som vart danna som ei motvekt til AaHS. Årgangane av Smp mellom 1904 og 1910 syner tydeleg at den store mengda artiklar som drøfta kvinner si rolle som husmor eller i offentleg liv ikkje er like prominent i Smp som i AaHS i den føregåande perioden. Den einaste er ein artikkel i 1904 om «Unge kvinder», der ein «geistelig» forfattar uttala at jenter og damer som skjøttar arbeidet i huset, framfor pianotimar, sofaligging og liknande, er dei kvinnene som er å føretrekkje for samfunnet.²⁰⁸ Dette står i motsetnad til det samtidige idealet frå overklassa om ei kone som ikkje treng å arbeide i sin eigen heim, då familien har tenarfolk som utfører dette arbeidet for dei.

Kvifor minka den tidlegare så hyppige debatten om kvinnerolla frå avisene? Endringane kan kome nettopp av byttet frå éin type avis til ein annan, som kanskje ikkje ser dette temaet som like viktig eller eit populært tema å lese om. Men ein kan òg sjå føre seg ein tese om at dette temaet ikkje vert skrive om nettopp fordi både korleis husmorrolla og kvinner i næringslivet har vorte såpass normbasert, og at det slik sett ikkje er noko interessant debatt for lesarane og redaksjonen av denne avisa. I motsetnad til debatten om kvinnerolla held debatten om stemmerettsspørsmålet fram, og får ein særleg oppsving rundt 1910, då denne debatten verkeleg får eit oppsving med artiklar i Smp minst éin til tre gong i månaden.²⁰⁹ Desse har ei all hovudsak hatt relativt nøytral vinkling, sett bort ifrå nokre med tydeleg negativ vinkling slik som dømes då det i 1906 vart skrive om stemmerettskvinner som forstyrra eit politisk møte.²¹⁰

²⁰⁸ Sunnmørsposten, 1904, 1.

²⁰⁹ Sjå t.d. Sunnmørsposten, 29.4.1910, 2; 10.5.1910, 1; 31.5.1910, 2; 22.6.1910, 3.

²¹⁰ Sunnmørsposten, 1906, 2.

Men i 1908 stod artikkelen «Kvinder som skaper formuer» trykt med stor plass på fyrstesida.²¹¹ Denne viser til at det fanst «ikke faa eksempler paa, at ogsaa kvinder kan ha «kjøbmandsevner» til med handelstransaksjoner at samle kjæmpeformuer». Ein liknande artikkel, «Kvinder som er blevet rige», med same perspektiv og vinkling stod same år på trykk i den større avisa Bergens Aftenblad.²¹² Sidan denne avisa hadde eit ulikt geografisk interessefelt frå Ålesund kan trykkinga av liknande artiklar på nærmast same tid gje eit inntrykk av korleis synet på suksessrike forretningskvinner stod i eit større perspektiv. Trykkinga av desse artiklane viser både til at dette fenomenet ikkje var sjeldan, slik artikkelforfattarane viser til, men at det faktisk var normalisert. Dette støttar opp om tesen om at manglande debatt er eit resultat av normalisering av kvinna som næringsdrivande grunna auken i talet på kvinnelege entreprenørar og næringsdrivande. At det faktisk vart skriva om det tyder likevel på at det er det noko spesielt ved dette, og kanskje eit fenomen som samfunnet rundt ikkje er oppmerksame på.

Ser ein vidare til dei siste ti åra av denne oppgåva si periode, ser ein på mange måtar framhaldande tendensar frå perioden 1904 til 1910, men med nokre utviklingar. Store annonsar for verksemder drivne av kvinner som stod sterkt i Smp i den føregåande perioden heldt fram med å verte trykte i avisa, sjølv om desse igjennom åra 1912 til 1920 ikkje var like mange som i dei ti føregåande åra. Ser ein derimot vidare på Smp si side for utlyste stillingar, vart det i denne siste tiårs-perioden lyst ut eit overtal av stillingar som ynskte «Kvinder!», «Meierske», «2 flinke sydamer», «En butikdame – helst bevandt», i tillegg til dei tradisjonelle utlysingane av «piketjeneste».²¹³

Denne auka etterspurnaden etter spesifikt kvinner til desse stillingane viser til ei auka normalisering av kvinner i både arbeidsliv generelt og næringsliv spesielt. Slik sett stemmer denne store etterspurnaden relativt godt overeins med både tal på kvinner i arbeid utanfor heimen og på kvinnelege sjølvstendig næringsdrivande og entreprenørar. Ein kan òg sjå fleire verksemder som vart drivne av kvinner som eksplisitt søkte etter kvinner til sine verksemder. Mina Steffensen, som etter denne oppgåva sin definisjon var ein kvinneleg entreprenør, søkte til dømes i 1916 etter «En dame med lidt øvelse i forretning».²¹⁴

Desse spesifikke utlysingane etter kvinner med erfaring frå næringslivet vitnar særleg om to utviklingstrekk for kvinneleg entreprenørskap og næringsdrift: At kvinner med «øvelse i forretning» fanst å få tilsetje i denne perioden, for om ikkje hadde ikkje dette vore skriva etter

²¹¹ Sunnmørsposten, 1908, 1.

²¹² Bergens Aftenblad, 15.9.1908.

²¹³ Sjå til dømes Sunnmørsposten, 21.4.1914, 4.

²¹⁴ Sunnmørsposten, 21.3.1916, 3.

eksplisitt i annonsen, og at desse var å føretrekke framfor menn med liknande erfaring. I forhold til den ovanfor nemnde artikkelen frå 1876 som roste kvinner som tilsette kvinner stemmer denne tendensen med aukande grad av avertering etter kvinner til stillinga godt overeins med ei samtidig kvinnerolle som opna for at kvinner både kunne danne, drive eller verke ved verksemdar, særleg innanfor tradisjonelle kvinnesyslar. At «kvinder» spesifikt vart etterspurt må òg seie noko om at arbeidsgivaren såg ein kvalitet ved kvinnelege arbeidarar som ein mannleg arbeidar ikkje kunne dekkje, og at kvinner òg hadde sin plass i næringslivet.

Om ein ser dette i samanheng med den store auken av kvinner som danna og dreiv verksemdar i føregåande periodar, hadde desse kvinnene fått vist nokre av desse kvalitetane igjennom sine egne verksemdar. Utifrå at entreprenørar som Mina Steffensen søkjer etter kvinner spesielt, kan hennar motiv både ha vore at kvinner slik som henne kunne utføre i alle fall denne typen arbeid på ein god måte. Kanskje ynskja ho òg at andre kvinner kunne få vise sitt potensiale om andre arbeidsgivarar ikkje opna for dei.

Utover å vere uttrykk for ei utviding av kvinnerolla kan denne aukande etterspurnaden etter kvinner òg forklarast av kvinner lovleg sett kunne lønnast lågare enn menn, noko som må ha vore eit motiv for i alle fall nokre av dei som lyste ut stillingar som dette.²¹⁵ Det var òg mange utlyste stillingar av typen «Kun øvet mand kan paaberegne ansættelse», også ved mote- og matvarehandel, som var den delen av næringslivet i Ålesund nærmast alle dei kvinnelege entreprenørane etablerte seg i.²¹⁶ På det tidspunktet var ikkje slike stillingsannonser lovstridig slik dei er å vår eiga samtid. Dette viser til at kvinner kanskje ikkje hadde fått like einsidig stor innpass som dei mange andre annonsane som søkjer spesielt etter kvinner antyder.

Trykking av artiklar og notisar om kvinnesak og kvinnesaksforeinigar ifrå både utland, innland og Ålesund lokalt, heldt fram igjennom heile denne siste perioden slik som i perioden 1904 til 1910, både i kvantitet, vinkling og ladning. Drøftande artiklar om kvinner og arbeidsrett og kamp om rettferdige eller levedyktige lønningar var noko nytt for perioden, men elles ser ein ikkje store overgangar frå føregåande periode. Dette framhaldet viser at kvinner og deira tilhøve både var på dagsorden generelt, og at kvinner, i form av til dømes referat frå ulike kvinnesaksmøter, kjem til ordet også i denne perioden. Men rundt valtider i 1918 ser ein at kvinner vart sett i ei særstilling i forhold til samfunnsforvaltning, der kvinner i fleire artiklar og notisar vart sett på som letpåverkelege veljarar som måtte minnast på å

²¹⁵ Blom & Tranberg, 1985, 181.

²¹⁶ Sunnmørsposten, 21.4.1914, 4.

stemme.²¹⁷ Slik sett stod kvinnesak og kvinner i samfunnet i eit særskilt lys i forhold til den mannlege delen av befolkninga.

Når det gjaldt kvinner og arbeidsliv elles kom det til ein debatt om kvinner som prestar og predikantar, der det i ein av artiklane ifrå Smp i 1912 vert vist til at kvinner hadde «i en aarrække arbeidet og kjæmpet for mer og mer at faa vor ret ved siden av mændene.», noko artikkelforfattaren, som sjølv vart omtala som «En kvinde», òg hevdar at det «litt efter litt har man indrømmet os vor ret.»²¹⁸ På liknande måte vart kvinner sin plass i jordbruket drøfta, slik som i artikkelen «Kvinderne og jordarbeidet» i Smp i 1920.²¹⁹ Debattar rundt husmorrolla og kvinnerrolla generelt heldt òg fram, i form av artiklar slik som til dømes «Hvordan skal en god hustru være?» og «Hvad unge piker bør lære» frå Smp i 1916, men desse stod mykje sjeldnare på trykk i perioden 1912 til 1920 enn tidlegare.²²⁰ Denne nedgangen kan ha kome som eit resultat av innføringa av kvinnestemmeretten, men her er det igjen vanskeleg å plassere ledda i kausalitetsrekka i rett kronologisk rekkjefølgje.

Men sidan gjennomgangen av avisene frå Ålesund berre har gjeve eit svært avgrensa innblikk i korleis situasjonen var for kvinnelege entreprenørar, og der dei kvinnelege næringsdrivande ikkje kom til ordet nok til å kunne gje eit innblikk i deira forståing av situasjonen, er det hensiktsmessig utvide søket etter slike innblikk til andre norske aviser. Eit slikt nærmast unikt innblikk fekk ein i ein artikkel frå Gudbrandsdølen i 1924, der foreningskvinner som starta i Lillehammer på 1870- og 80-talet sjølve fortalde om deira oppleving av å skulle «trænge ind med sin forretning», slik journalisen omtalte det.²²¹ Dei intervjuja kvinnene hevda at det at dei var kvinner ikkje hadde vore til hinder då dei skulle danne verksemder. Det einaste var at dei etterkvart merka at næringslivet ikkje var like mottakeleg «den nye og det nye».

Dei presiserte til slutt at «Vi nyder allikevel nu den samme tillid blant byens forretningsdrivende, som de forretningsdrivende mænd». I artikkelen meinte journalisten sjølv at desse kvinnene vart drivne til å danne verksemder fordi dei ikkje hadde noko anna å «gripe til» om dei ynskja økonomisk sjølvstende, og kallar denne delen av næringslivet «den nuværende forretningsstand av damer». Det jamt høge talet på kvinnelege entreprenørar, samt kvinnelege sjølvstendig næringsdrivande på eit større plan, i Ålesund, også ved slutten av

²¹⁷ Sjå til dømes Sunnmørsposten, 6.11.1918, 2; Sunnmørsposten, 10.11.1918, 4.

²¹⁸ Sunnmørsposten, 29.2.1912, 2.

²¹⁹ Sunnmørsposten, 1920, 3.

²²⁰ Sunnmørsposten, 6.3.1916, 2; Sunnmørsposten, 25.2.1916, 3.

²²¹ Gudbrandsdølen 29.4.1924, 2.

perioden, visert til at Ålesund sitt næringsliv mest truleg var eit liknande miljø som i Lillehammer.

Om ein ser denne tendensen frå avisene ifrå denne siste delen av perioden i forhold til talet på kvinnelege entreprenørar i same periode kan ein tenkje seg ein viss korrelasjon, om så ein noko meir indirekte relasjon mellom desse.²²² Dei jamne og stabile nivåa av kvinnelege entreprenørar vart reflekterte i ein dagsorden i avisene som ikkje var prega av drøfting av kvinner som startar verksemder. Dette kan enten ha kome av at talet på kvinnelege entreprenørar i denne siste perioden var lågare enn i føregåande periode, slik at desse aktørane ikkje var like prominente som før i bybiletet, eller av at kvinnelege entreprenørar hadde vorte normaliserte og utan like store kontroversar. Om dette siste var tilfelle har det med andre ord hendt ei endring i haldningane til kvinner som danna og dreiv verksemder, og dermed kjønnsrollemønsteret i samfunnet.

Då Inger-Johanne Thue skreiv si hovudoppgåve om kvinnestemmerettsdebattane i Stortinget i perioden 1890 til 1913, fann ho at dei to måtane å sjå lovgjeving og rettar på var sterkt tilstade samtidig hjå dei to hovudgruppene av debattantar.²²³ Ho fann at den konservative motstandsargumentasjonen var basert på eit meir naturretsleg perspektiv, der teologi og biologi utgjorde grunnlaget for deira syn på den «rette» kjønnsinndelinga.

Den liberale argumentasjonen var klart inspirert av eit sedvanerettsleg ideal som tilsa at lovene måtte passe til samfunnet i endring. Der dei konservative såg kvinnene sin plass i heimen, utan stemmerett, som given av deira biologiske føresetnadar og ein guddom sine lover, heldt dei liberale på at kvinnene trong stemmerett fordi dei var ein ikkje-utnyttta ressurs som kunne kome samfunnet til gode. Med Thue sine funn i tankane er det ikkje unaturleg om slike motsettande haldningar til kvinner si samfunnsrolle òg kjem til syne i Ålesund i same periode.

Verknadar på kjønnsrollemønsteret

Den siste delen av dette kapittelet vil drøfte endringar og kontinuitet for kjønnsrollemønsteret i eit overordna bilete i lys av denne oppgåva sine funn rundt kvinneleg entreprenørskap. Som ein kunne sjå i kapittel 1 om utviklinga for kvinneleg entreprenørskap gjennomgjekk denne gruppa av næringsdrivande kvinner ei stor endring i kvantitet, men om ein ser på forma kan ein ikkje skimte noko endring i det heile kvalitativt sett. Spørsmålet er om dette samstemde

²²² Sjå diagram over dette i kap. 1 i denne oppgåva.

²²³ Thue, 1972.

med endringar og kontinuitet for kvinnesynet i samfunnet i dei same bølgiene og som sluttresultat for perioden?

Om ein ser til tidlegare forskning på endringar innanfor kjønnsrollemønsteret i samfunnet i denne perioden, er dei fleste samde om at desse haldningane og rollene endrar seg i takt med samfunnet. Det er likevel noko mindre semje over grada av endring, og bakgrunnen for endringane. Nokre har igjennom sitt arbeid sett kvinneleg entreprenørskap og deltaking i næringslivet i samanheng med endringar i kjønnsrollemønsteret, medan andre ikkje har hatt det same fokuset på å setje desse to tendensane i samanheng. Desse forskarane sine ulike funn vil vere viktige å kunne setje mine eigne funn som er presenterte i denne oppgåva, inn i ein større komparativ samanheng.

Forfattarane bak boka «Med kjønnspektiv på norsk historie» har funn av den fyrstnemnde typen, der endringar i kjønnsrollemønsteret vert sett i samanheng med kvinneleg deltaking i næringslivet.²²⁴ I Gro Hagemann sitt kapittel over perioden 1800 til 1900 vert det spesifikt peika på utvidinga av kvinner sin næringsrett som eit viktig argument i vidare debattar for fleire og meir utvida rettar på andre områder i lovgjevinga.²²⁵ Utifrå denne oppgåva sine funn i eit punktstudie over eit lite geografisk område, kan ein likevel støtte seg til det Hagemann skisserer av endringar innanfor moglegheiter for kvinner både rettsleg og økonomisk sett som ein mogleg verknad av kvinneleg deltaking i næringslivet generelt og kvinneleg entreprenørskap spesielt.

Men samtidig med den stadige framveksten av ulike rettar for kvinneleg deltaking i næringslivet, ser ein òg ein framvekst av ei profesjonalisering av husmødrer som yrkeskvinner. Dette gjaldt både ved danning av husmorskular og liknande for å auke kompetanse og syn på dette arbeidet som eit yrke, samt fleire rettar for kvinner som arbeidde som husmødrer.²²⁶ I si hovudoppgåve frå 1983 viste dåverande hovudfagsstudent Unni Berg Olsen til at Romsdals amt og Søndre- og Nordre Bergenhus i 1865 bevilga pengar til eit studie av «Hvilken Stilling bør Landsalmuens Kvinder indtage i Huset og Familien, og hvilken uddannelse tiltrænde de for at gjøres skikkede for Deres Kald?».²²⁷ Ålesund var del av denne undersøkinga, sidan byen på det tidspunktet låg midt i dette området. Her vart det altså gjort ein aktiv innsats for å styrke husmødrene si stilling i samfunnet som gode arbeidstakarar, der husmorskular vart sett på som den beste løysinga.

²²⁴ Blom (red.), 2010.

²²⁵ Hagemann, 2010, 215.

²²⁶ Avdem & Melby, 1985, 150.

²²⁷ Olsen, 1983, 7.

Korleis kom denne utviklinga for husmødrene til uttrykk i Ålesund i denne perioden? I ein artikkel i 1914 stilte ein artikkelforfattar følgjande spørsmål: «Men hvordan er det med husmødrene i Aalesund?». ²²⁸ Artikkelforfattaren svarte sjølv at «Det er nok ikke gaat op for dem at de burde holde sammen. I mange andre byer er det dannet husmorforbund.» I det artikkelforfattaren skreiv «Hadde vi derimot den fagforening, kunde vi med meget større kraft forlange baade det ene og det andet» avslørte ho at ho sjølv er ein del av denne massen av kvinner. Det at husmødrer var mindre organiserte, og dermed ikkje stod like sterkt saman, kan ha gjort at kvinnelege entreprenørar og sjølvstendig næringsdrivande ikkje møtte like stor grad av motstand for ikkje å vere husmødrer slik som dei andre som utgjorde ei homogen gruppe av husmødrer.

Denne samtidige styrking av husmorrolla som kvinner sitt naturgjevne kall på den andre sida, og som eit fullgodt yrke på lik linje med husfar sitt eksterne lønnsarbeid, kan ha hatt ein negativ effekt på kvinneleg entreprenørskap. Slik det har kome fram her var dette ei utvikling som var gjeldande i Ålesund spesielt og i Noreg generelt, sjølv om organiseringa av husmødrene i forbund i følgje artikkelforfattaren i Smp i 1914 ikkje var til stade i same grad som andre stadar i landet. Styrkinga av husmorrolla kan dermed sjå ut til å ha motverka noko av veksten for kvinnelege entreprenørar og sjølvstendig næringsdrivande.

Men det er med dette ikkje sagt at husmødrer og kvinner i næringslivet var aktive duellantar i ein offentleg debatt. Ein artikkel trykt i Flekkefjordposten i 1911 viser korleis forretningskvinner vart sett på av ei anna gruppe av kvinner, husmødrer, med ein heilt annan arbeidskvardag. ²²⁹ I artikkelen «Husmorens Ferie» vart det at «Forretningskvinder» fekk ferie nytta som argument for kvifor også husmødrer fortente ferie frå sitt arbeid. Her ser ein at éi gruppe kvinner, husmødrene, ser på den andre gruppa av kvinner, forretningskvinnene, som ein norm for korleis arbeidslivet burde ordnast. Dette er eit unikt innsyn i korleis husmødrer såg på kvinner i næringslivet, og slår sprekker i eit eventuelt bilete av at desse to gruppene var sterke motstandarar i ein offentleg debatt. Slik kan ein sjå at kvinnelege næringsdrivande kan ha stått som føregangskvinner for blant anna denne gruppa for å få igjennom fleire rettar, og ikkje berre for andre kvinnelege næringsdrivande.

Ein kan med dette heller sjå føre seg ei meir dualistisk prega kvinnerolle enn det som tidlegare har vore anteke om at kvinna som husmor var eit totalt åleineståande og dominerande syn. Dette vert òg drøfta i «Med kjønnsperspektiv på norsk historie», der Kari Melby som sagt i kapittel 4 valde å kalle sitt kapittel over perioden 1900 til 1950 for

²²⁸ Sunnmørsposten, 15.1.1914, 3.

²²⁹ Flekkefjordposten 27.6.1911, 1.

«Husmortid». Dette vert forsterka ved introduksjonen av omgrepet «husmorisering», som etter hennar syn var eit svært tidsrette omgrep.²³⁰ Med andre ord viser fleire av forfattarane i samarbeidsprosjektet «Med kjønnsperspektiv på norsk historie» til dei same utviklingstrekka for kvinnesyn og kjønnsrollemønster som har vorte vist til her. Sjølv om husmora sin posisjon vart styrka i samfunnet, blant anna igjennom framveksten av dei nemnde husmorskulande og fleire rettar for husmødrer, er det likevel ikkje sagt at dette gjorde kvinner i næringslivet om til noko som var langt utanfor ei utvida kvinnerolle.

Men medan husmora si stilling i heimen vart heva til eit meir yrkesretta og profesjonalisert nivå, utgjorde dei kvinnelege næringsdrivande eit brot med kjønnsrollemønsteret i tida som ei gruppe av kvinner som kunne forsørgje seg sjølve. Dette utfordra kvinnerolla som den som vart forsørgja av eit mannleg overhovud, slik folketeljingane sine rammer var klart bygde opp etter ifølgje blant andre Roll-Hansen sitt arbeide.²³¹ Men som det vart vist til ovanfor om registreringane av familiar der kona var sjølvstendig næringsdrivande fall hennar stilling i samfunnet likevel ut og vart ikkje notert. Slik ser ein kor sterkt ektemannen si rolle som forsørgjar og kona si rolle som den forsørgja framleis stod, trass i at talet på kvinnelege entreprenørar, sjølvstendige næringsdrivande, og talet på kvinner i arbeid utanfor heimen auka.

Eirinn Larsen, som har stått som sterkast inspirator for denne oppgåva sine rammer, er òg særleg oppteken av å presisere og vidare undersøkje korleis den etterkvart svært mangfaldige «kvinnelig forretningsstand» arta seg, og vidare korleis dette utfordra husmorsidealet.²³² Sidan det ikkje var berre éin type sivilstand eller eitt lag av samfunnet dei kvinnelege entreprenørane kom ifrå, vart det at kvinner kunne drive for seg sjølv i eit arbeide utanfor heimen meir normalisert som ein del av kvinnerolla enn om det berre var ein liten homogen minoritet som gjorde det. Dette har difor påverka kvinnerolla på ein heilt særleg måte i forhold til å kunne femne om dei fleste «typane» av kvinner, og ikkje berre ei endring i kjønnsrolla hjå éin kvinneleg minoritet.

Berre det at kvinner i aukande tal utover i perioden danna og dreiv verksemder utanfor heimen førte til ei styrka deltaking samfunnet, der dei kunne vise seg som dyktige, likeverdige næringsdrivande personar. Dette kunne vidare utvide kva rolle kvinner skulle eller kunne fylla i eit samfunn. Det at kvinner var synlege, både i det faktiske bybiletet og i annonser i avisene, gav dei eit talerør ut i samfunnet om at kvinner kunne vere like gode

²³⁰ Melby, 2010, 255; 301.

²³¹ Roll-Hansen, 2012, 57.

²³² Larsen, 2014, 159.

deltakarar i samfunnet som menn. Di fleire kvinner som kunne utvise denne evna, di større trykk gav dei dette synet på kvinner si samfunnsverd. Dei utgjorde førebilete for andre kvinner, noko som må ha ført til ei styrka syn på kvinna som likeverdige personar med sjølvstendig handleevne. Dette stemmer vidare godt med utviklinga for tala på kvinnelege entreprenørar, som vaks eksponensielt i 1890-åra og utover.

Eirinn Larsen og økonomihistorikar Lars Fredrik Øksendal bekreftar den aukande kvinnelege deltakinga i næringslivet sin påverknad på særleg kvinnestemmeretten si utvikling i artikkelen «De glemte kvinnevalgene».²³³ Dei meiner at nettopp fordi mange av kvinnestemmerettskvinnene som Larsen og Øksendal viser til var kvinnelege næringsdrivande såg på seg sjølve som aktive samfunnsaktørar som difor òg burde få ta del i avgjersler som angjekk dei på lik linje med mannlege næringsdrivande. Dessverre har ikkje denne oppgåva sine rammer kunne omfatte ei undersøking av korleis relasjonen mellom dei kvinnelege entreprenørane i Ålesund og kvinnestemmerettsforeiningane var, grunna manglande kjeldetilhøve. Dette hadde likevel vore eit interessant prosjekt å undersøkje om kjeldetilhøva låg til rette.

At avisene mot slutten av perioden, og etter denne eksponensielle veksten og toppunktet, ikkje var like fylde av artiklar som stridar om denne rolla, talar for ei endring av kvinnerolla og at kvinneleg entreprenørskap vart meir normativt enn tidlegare. Om ein ser på artikkelen frå 1876 i AaHS som var positiv til kvinnelege næringsdrivande, kan ein tenkje seg at eit positivt syn på kvinner som bedriftseigar og -drivar var tilstade allereie på eit heilt tidleg tidspunkt. Dette vil likevel ikkje seie at det er ein kontinuitet i haldningane til kvinneleg entreprenørskap, då det samstundes var andre artiklar som var negative på same tidspunkt. Positiviteten til den «tidlege» kvinnelege entreprenøren må heller sjåast ein kuriositet og ein mjukare overgang til eit meir utvida kjønnsrollemønster.

Men kva utgjorde kontinuitetar for kjønnsrollemønsteret i samfunnet i forhold til kvinneleg entreprenørskap? Sett i samanheng med statistikk over andre samtidige yrkeskategoriar, samt i forhold til talet på mannlege entreprenørar, var tala på kvinnelege entreprenørar relativt låge. Med tanke på at vår eiga samtid sine statistikkar viser at det stadig er fleire mannlege enn kvinnelege entreprenørar i det norske næringslivet, er ikkje statistikken frå seint 1800- til tidleg 1900-tal verken sjokkerande eller utenkjeleg. Ein ser òg samtidige relativt låge tal på kvinner i eksternt arbeid i forhold til husmødrer og liknande, som i løpet av

²³³ Larsen & Øksendal, 2013.

perioden var heilt dominerande som den yrkeskategorien som majoriteten av kvinner låg innanfor.

Typen verksemd er kanskje det som er minst prega av endring i løpet av perioden. Verksemdene som vart danna var som sagt på mange måtar berre ei utviding og flytting av husmorrolla ut til det offentlege by- og næringslivet. Om ein ikkje tek omsyn til aktørperspektivet, med kvinner som faktisk ynskja å drive verksemdar for eiga vinning, kan ein argumentere for at denne typen huslege verksemdar ikkje ville ha kome til utan urbaniseringa sin påfølgjande individualiserte marknadsstyrte levemåte. Dette inntrykket av kvinna som husmor, også i næringslivet, vart òg forsterka av at avisene heldt fram eit syn på kvinna si primære rolle som husmor igjennom fyrste del av perioden.

For utifrå haldningane som kom fram av avisene vart det framleis trykt artiklar som viser til at kvinner som bevegar seg utanfor si gjevne ramme som noko negativt, men i klart mindre grad enn tidlegare. «Husmorrolla» vart tydeleg etablert som det normative, noko etableringa av husmorskular gjorde mykje for å profesjonalisere og uttrykkjer som den mest vanlege vegen for kvinner å skulle ta inn i vaksenlivet.²³⁴ Samstundes kan somme av artiklane som handla om kva husmødrene skulle kunne og vere kan heller ha vore sett inn som moraliserande og oppsedande innslag, heller enn å reflektere dei faktiske haldningane i samfunnet. Ein kan òg tolke dei artiklane som omhandla husmorrolla til å berre tala om den delen av kvinner som var husmødrer, og ikkje dermed fordømde den delen av kvinnene som ikkje var husmødrer.

Sjølv om kvinnerrolla kan ha gjennomgått ei endring i løpet av perioden, er det ikkje likevel dermed sagt at denne kvinnerrolla vart utvida i like stod grad for alle. Mykje talar til at husmorrolla stod sterkt som den viktigaste for ei gift kvinne med born igjennom heile perioden, både i samfunnet nasjonalt og lokalt i Ålesund. Dei fleirfaldige avisartiklane igjennom heile perioden har dette synet som enten direkte eller indirekte budskap. Den seine tilkomsten av lover som opna for at også gifte kvinner skulle få danne og drive sjølvstendige verksemdar støttar opp om dette. Trass i at både Kay og Larsen har vist til kva den mangfaldige gruppa kvinnelege entreprenørar i denne tida var, er det tydeleg utifrå innhaldet i avisene at det likevel var ulike haldningar til ulike sivilstandar og sosiale bakgrunnar.

Også i forhold til dette kontinuitetsperspektivet er det tidlegare forskning som har sett meir kontinuitet enn endring når det kjem til kjønnsrollemønsteret i samfunnet. Alison C. Kay har igjennom sine analysar rundt kvinnelege entreprenørar i London på 1800-talet sett på dei

²³⁴ Sunnmørsposten, 14.10.1914, 1.

kvinnelege entreprenørane sine val av næringar som ei forlenging av husmorsidealet.²³⁵ Her ser ho det viktorianske kjønnsrollemønsteret som heilt styrande, og ser på denne som ein kontinuitet igjennom heile perioden. I forhold til problemstillingane i denne oppgåva verkar ikkje Kay til å ha som hovudperspektiv korleis kvinneleg entreprenørskap har påverka kjønnsrollemønsteret, men heller fokusert på å bevise at det ikkje berre var enker som vart entreprenørar eller kvinner som gjorde det ut av nød.

Knut Dørum har derimot meir fokus på korleis kvinnerolla har endra seg i løpet av perioden, der kvinnelege entreprenørar har vorte sett på som ein viktig faktor.²³⁶ Dørum stiller spørsmålet om «Var lite vunnet?» i sin artikkel «Kvinnerollen i Norge 1814–1920 – kontinuitet og endring», der det sjølv etter mykje indirekte og direkte arbeid for å få utvida kvinner sine rettar og kjønnsrollemønsteret i samfunnet var husmorrolla som stod sterkast i Noreg rundt 1920. Etter det Dørum har undersøkt utgjorde dei kvinnelege entreprenørane berre ei forlenging av det allereie etablerte husmorsystemet, noko som vert bekrefta av funna i denne oppgåva rundt type verksemder kvinnene i Ålesund etablerte.

Denne skisserte kvinnerolla står slik i kontrast til dei faktiske tala på gifte kvinnelege entreprenørar i perioden rett etter opninga i lovgjevinga for deira sivilstand. Det store og stadig aukande talet på gifte kvinner utover i perioden må ha vore mykje av grunnen til at det i same periode vart trykt såpass mange artiklar med negativt syn på denne gruppa sin plass i næringslivet. Men når òg desse artiklane slutta å enten verte trykt eller skrivne i det heile, er det som nemnt ovanfor moglegvis eit resultat av at gifte kvinner etterkvart utgjorde ein marginal majoritet av kvinnelege entreprenørar, noko som normaliserte også denne gruppa si deltaking i næringslivet på denne måten.

Ein kan med dette ikkje seie at kjønnsrollemønsteret i samfunnet gjennomgjekk store paradigmatisk endringar som resultat av kvinnelege entreprenørskap. Husmorrolla var heilt klart leiande, noko ein ser i både tal og form for kvinneleg entreprenørskap. Det som derimot er meir tydeleg er at kvinneleg entreprenørskap har vorte påverka av kjønnsrollemønsteret i samfunnet, særleg i form av typen verksemd. Men det at kvinner, og særleg gifte kvinner, i det heile tatt kunne danne og drive verksemder, utan stor oppstandelse i avisene, og med ein utdøyande debattar om temaet utover i perioden, viser til ei stor endring der kvinner i aukande grad vart sett på som dyktige og essensielle næringslivsaktørar. At annonser som ynskja kvinner spesifikt til stillingar kunne ha vore kjønnsnøytrale i utlysinga, styrkjer inntrykket av ei utvida kjønnsrolle til å òg omfatte ei karriereretta kvinne.

²³⁵ Kay, 119, 2012.

²³⁶ Dørum, 2016, 273-274.

Samstundes er det svært viktig å sjå på kvinneleg entreprenørskap som eit mindre tannhjul i eit mykje større maskineri som førte fram til fleire rettar og likestilling for kvinner, og som på denne måten endra haldningane til kvinner og kvinnerolla. Kvinneleg entreprenørskap ser etter denne oppgåva sitt studie ikkje ut til å ha vore den utløysande, eineståande faktoren bak desse endringane for kvinner sine tilhøve, men har samstundes vore ein del av utviklinga. Kvinner fekk ved å danne sine egne verksemdar moglegheita til å vise seg som dyktige forvaltarar innanfor næringslivet, som dermed ikkje kunne argumenterast imot i debattane om deira plass i samfunnsforvaltninga.

Konklusjon

Innleiing

I løpet av denne oppgåva sitt empiriske og analytiske arbeid har målet vore å finne ut kven dei kvinnelege entreprenørane var i form av sivilstand, sosioøkonomiske og geografisk bakgrunn, samt kva verksemder dei danna i Ålesund i perioden 1865 til 1920. Det større formålet med dette har vore å kunne seie noko om korleis endringar innanfor denne gruppa i tal og form har påverka, og vorte påverka av, samfunnet rundt seg, med fokus på haldningar til denne typen kvinneleg deltaking i næringslivet. Med dette arbeidet har håpet vore å kunne dekkje eit hol i historiografien, som ifølgje blant andre Eirinn Larsen og Gro Hagemann sine avgrensa studie har vore feilaktig å utelate i norsk næringslivshistorie, i forhold til den rolla kvinner faktisk hadde i norsk næringsliv.²³⁷

Dette målet for oppgåva har på fleire plan vorte oppfylt med fleire interessante funn for resultat av denne oppgåva. Funna viser både endring innanfor tal og samansetning av gruppa av kvinnelege entreprenørar, i tillegg til kontinuitet innanfor form av typen verksemd dei danna. Vidare har det vorte sett på årsakene bak desse utviklingstrekk, og kva verknadar dei har hatt på kjønnsrollemønsteret i samfunnet. Til slutt vil det verte gjennomgått dei resultata som har kome ut av oppgåva, og kva bidrag det kan utgjere for å fylle holet i historiografien rundt norsk næringsliv.

Utviklingstrekk for kvinneleg entreprenørskap i Ålesund 1865 til 1920

Slik det vart presentert i det fyrste kapittelet av denne oppgåva har tala på kvinnelege entreprenørar gjennomgått endringar i løpet av perioden, med meir oppgang og stabilitet enn tala for menn. Likevel ser ein at tala på kvinner er klart lågare enn for menn, sjølv om dette spriket er mindre i nokre avgrensa periodar. Men ser ein til den manglande dekninga av denne delen av historia kan dette ikkje grunnjevast med at kvinnelege entreprenørar var eit unntak. Funn i denne oppgåva viser at kvinner har hatt ein betydeleg plass i næringslivet, om ein ser på Ålesund som ein representativ by i stor nok grad.

Utviklinga for tala på kvinnelege entreprenørar generelt har nokre svingingar i den fyrste delen av perioden, med éi tydeleg bølge med vekst i perioden 1880 til 1890. I kapittel 4 om årsaker ser det ut til at økonomiske og samfunnsmessige konjunkturændringar har ført dette med seg, samt at opning i lovgjevinga rundt handel og handverk gjorde det mogleg for alle kvinner å danne verksemder. Vidare i perioden låg talet på kvinner som entreprenørar på eit

²³⁷ Larsen, 2014; Hagemann, 2010, 214.

